Skjåk kommune

# ÅRSMELDING 2023

# Innhald


| | | |
|---|---|---|
| | **Kommmunedirektøren si leiargruppe og organisasjonskart** | **3** |
| | **Kommunedirektøren ser attende – 2023** | **4** |
| **1.** | **Befolkningsutvikling** | **8** |
| **2.** | **Mål og resultat** | **12** |
| **3.** | **Prioriteringar** | **14** |
| | *Sats på Skjåk* | 14 |
| | *Friskus i Skjåk* | 14 |
| | *Oppvekstreforma* | 14 |
| | *Laget rundt barnet - i samarbeid med SePU* | 16 |
| | *Rapport - oppvekstsektoren* | 16 |
| | *Kulturskuleutvikling* | 17 |
| | *Strategisk plan for helse- og omsorg 2022-2023* | 18 |
| | *Gode pasientforløp* | 21 |
| | *Innsats for andre og Sommarjobbprosjektet* | 22 |
| | *Digitalisering og bruk av velferdsteknologi* | 23 |
| | *Klare sjølv* | 23 |
| | *Nye arbeidstidsordningar* | 24 |
| | *Kompetanseheving* | 24 |
| | *Jobbspesialist i NAV og prosjektet Levele* | 25 |
| **4.** | **Årsrekneskap** | **26** |
| **5.** | **Organisasjonen** | **46** |
| | **Glimt frå 2023** | **60** |
| **6.** | **Tenesteområde Oppvekst og utdanning** | **72** |
| **7.** | **Tenesteområde Helse og omsorg** | **90** |
| **8.** | **Tenesteområde Miljø- og sammfunnsutvikling** | **104** |
| **9.** | **Kommunedirektør, stab og politikk** | **114** |
| | *Politisk aktivitet* | 115 |
| | *Oversikt over interkommunale samarbeid og andre samarbeidsavtaler* | 118 |

# KOMMUNEDIREKTØREN SI LEIARGRUPPE OG ORGANISASJONSKART



Kommunedirektør
**Ivar Bø**



Personal og org.utvikling
**Elin Bakke**



Økonomi
**Odd Gudbrand Aamodt**



Konstituert kommunalsjef
Oppvekst og utdanning
**Kari Anne Skjaak**

- Grunnskule
- Kulturskule
- Barnehage
- Bibliotek
- IT
- Servicetorget
- Flyktningteneste/ vaksenopplæring



Kommunalsjef
Helse og omsorg
**Inger Helene Brandsar**

- Helsetenester
- Institusjon/ omsorgsbustad
- Heimesjukepleie/ praktisk bistand
- Miljøarbeiderteneste
- Tildeling
- Psykisk helse
- Barnevern
- NAV



Kommunalsjef
Miljø- og samfunnsutvikling
**Roger Johansen**

- Landbruk/skogbruk
- Næring
- Miljø
- Teknisk
- Kultur

# Kommunedirektøren ser attende - 2023

Skjåk har mange gode tenester og kommunen kan nyte godt av ekstra kraftinntekter. Sjølv om tenesteproduksjonen var på eit høgt nivå i 2023 er det ikkje sjølvsagt at dette er noko vi kan rekne med framover. Det er utfordrande å rekruttere riktig kompetanse, noko vi ser vil bli ei av dei største utfordringa for kommunen framover.

I 2023 bevega Skjåk kommune seg inn i ein meir krevjande situasjon reint økonomisk. Store investeringar, driftsprosjektet Dyringen bru, høgt rentenivå, meirforbruk på enkelte ansvarsområde, høg reguleringspremie pensjon svekkar netto driftsresultat. Renteutgiftene har meir enn dobla seg i høve til førre år. Reguleringspremie pensjon er på høgaste nivå nokosinne. Kommunen blir meir sårbare for svingingar i økonomien, spesielt knytt til endringar i inntekter av konsesjonskraft, endring i reguleringspremie og utvikling på renter.

Krigen i Ukraina held fram og dei store innkomstane av flyktningar har fortsett gjennom 2023. Som følgje av dette bad IMDi i 2023 alle kommunar om å ta imot til saman 38 000 flyktningar, noko som er eit rekordhøgt tal. Behovet for busetting av flyktningar har aldri vore større, og busettinga har samstundes vore rask. Kommunane har vist ei svært positiv busettingsvilje sidan krigen braut ut, og Skjåk kommune har gjort ein viktig innsats i arbeidet med busetting av flyktningar og vedtok mottak av 20 flyktningar i 2023, det totale mottaket vart på 27. Det er viktig og sjølvsagt at kommunen strekker seg langt for å kunne hjelpe dei som er på flukt, og som treng ein trygg stad å vere. Sjølv om det kan vere utfordrande på mange måtar for bygda, er det likevel viktig





Ivar Bø
Kommunedirektør

å mobilisere ressursar for å legge til rette. På same tid er det også viktig å merke seg at å ta imot flyktningar er eit arbeid som heile Skjåk har ansvar for. Flyktningane skal kjenne på at dei høyrer til i Skjåk, og dette må både innbyggjarar, næringslivet, friviljuge lag og organisasjonar og andre hjelpe til med. Det må leggast til rette for deltaking i fritid, opplæring og arbeid. Flyktningane skal ha meiningsfulle liv med arbeid og aktivitet slik at dei kan forsyrgje seg sjølve når dei er ferdige i introduksjonsprogrammet.

Kommunedirektøren legg med dette fram årsmeldinga for 2023. Gjennom årsmeldinga beskriv ein omfang og resultat, utviklingstrekk og viktige hendingar i løpet av året.

### Økonomi

Året 2023 vart prega av eit år med høg kostnadsvekst både for private hushald, bedrifter og for kommunen som verksemd, noko som pregar det økonomiske resultatet. Kommunen har eit langt svakare netto driftsresultat i 2023, samanlikna med rekordåret 2022. Det er likevel eit resultat der vi ved avslutninga av rekneskapen gjennomførte strykingar som auka udisponert kapital på disposisjonsfondet. Stryking bruk av disposisjonsfond ved avslutning av rekneskapen blei gjennomført med å tilføre flyktningfondet med vel 2,5 millionar kroner og disposisjonsfondet med 5,9 millionar kroner.

### Sjukefråvær

Skjåk kommune hadde eit stabilt og lågt sjukefråvær i åra før pandemien. I 2020 fekk vi ei kraftig auke i fråværet. Vi hadde ein nedgang i fråværet i 2021, men ei ny auke att i 2022. Etter pandemien har det vore fokus på tiltak både på system- og individnivå, og vi ser at fråværet gjekk gradvis ned både i 2022 og i 2023. Samla fråvær i 2023 er på 7,8 % Dette er det lågaste fråværet vi har hatt etter at pandemien intraff i 2020. Det er langtidsfråværet som dreg opp, og korttidsfråværet ligg lågt innan dei fleste tensteområde. Fråværet ligg ofte høgare i vinterhalvåret. Det er eit mål å få fråværet ned på same nivå som vi hadde før pandemien.

### Internkontroll

Kommunelova set konkrete krav om korleis kommunedirektøren skal føre kontroll med eigen verksemd for å sikre at lover og forskrifter følgjast. I 2023 var det eit eige fokus på internkontroll og GDPR i Skjåk kommune. Arbeidet med internkontroll og GDPR er i år gjeveekstra merksemd i årsmeldinga.

## Omdømme

Skjåk kommune har sett omdømme og synlegheit på dagsorden. Auka fokus på omdømme styrkar omverda si oppfatning av kommunen og bidreg til at vi er meir synlege. Dette er avgjerande når det gjeld demografiutfordringa.

For å lykkast med dette arbeidet er det identifisert nokre suksessfaktorar. Ei viktig dreiing er at kommunen i 2023 satsa på ein meir offensiv arbeidsmetodikk i omdømmearbeidet.

I 2023 jobba vi med forankring på fleire nivå i kommunen, slik at både politikarar og administrasjonen i kommunen skulle få eit større eigarskap til omdømmestrategien.

Kommunedirektøren ser at ei forankring blant innbyggjarar er eit krevjande arbeid og ein viktig føresetnad for å lykkast. I Skjåk har vi mange «skjulte tenester» som held høg kvalitet. Offensiv bruk av kommunikasjon i mange kanalar ser vi bidreg til at «skjulte tenester» i større grad vert kjent.

I omdømmearbeidet har det i 2023 vore jobba med intern forankring på fleire nivå i kommunen, som er eit viktig grunnlag for det vidare arbeidet i 2024.

## Informasjon og kommunikasjon

Kommunikasjons- og informasjonsarbeid er grunnlaget for å nå ut til folk. Det viktigaste verktøyet og navet i kommunikasjonsarbeidet er kommunen si nettside med daglege kunngjeringar. Dei siste åra har det kome strengare krav med omsyn til universell utforming.

I 2023 har det vore prioritert å jobbe med innhaldsproduksjon inkludert eksisterande informasjon på heimesida, sosiale media og andre kanalar som forsterkar verknaden av innhaldet. Nyheitsbrev er ein kanal som kommunen nyttar meir og meir for å nå ut med informasjon frå kommunen. Det å nå fram med «våre saker» og med det kunne rekruttere innanfor vanskelege yrke med målretta tiltak vil måtte ha eit hovedfokus i åra som kjem. Målstyrt markedsføring er eit eige fag. Kommunedirektøren ynskjer å ha eit eige fokus på dette dei komande åra slik at kommunen vert meir syneleg.

Det er dei tilsette som skapar innhaldet i den gode kommunen. Medarbeidarane i Skjåk har omstillingsevne, tek ansvar og syner omsorg. Dei har bidrege med ein stor innsats gjennom heile året.

Eg vil rette ein stor takk til alle medarbeidarar, tillitsvalde og leiarar i Skjåk kommune – det vert utført gode tenester kvar dag for innbyggjarane våre. Takk for stor innsats og godt samarbeid. Tusen takk til ordførar og folkevalde for samarbeidet.

# 1/ Befolkningsutvikling

**Befolkningsutvikling**
Som oversikta under viser, har Skjåk kommune hatt ei negativ folketalsutvikling dei siste ti åra under eitt. Det er ikkje ein enkel grunn til dette, men kombinasjonen av negativt fødselsoverskot (fleire døde enn fødde), at unge flytter ut for å ta utdanning og får arbeid der etter ferdig utdanning er ein stor del av forklaringa. For mange bygder som Skjåk har dette vore utviklinga dei seinare åra, ikkje minst gjeld dette for mange av kommunane i Innlandet.

Mange ungdomar reiser ut for å ta utdanning og kjem ikkje att fordi det ikkje er tilpassa arbeid til dei. Denne erfaringa deler Skjåk med svært mange kommunar i same situasjon. Den største aldersgruppa er 45–69-åringane. Det er i denne gruppa mobiliteten er lågast. Har du passert 50 og bur i Skjåk, så er det sannsynleg at du blir buande i Skjåk resten av levetida.

Skjåk har mange eldre over 80 år, og dette har auka dei siste ti åra. Eit fenomen er at blant dei over 80 år, er ein langt høgare del kvinner enn menn. Dette er ikkje overraskande sidan kvinner generelt lever lengre enn menn.

**Framskriving av befolkningsutviklinga i Skjåk**

Framskrivinga under viser at utviklinga vil halde fram, men i tillegg til sjølve nedgangen er det endringar i samansetting som gjev stor grunn til merksemd. Den yrkesaktive delen av befolkninga kan nemleg koma til å gå ned med om lag 250 personar samtidig som talet på pensjonistar aukar med om lag 110, og heile auken blant pensjonistane kjem i aldersgruppa 80 år + *(Data frå SSB)*.

Skjåk kommune må i si planlegging og i sine strategiske val, legge dei forventa endringane i demografien til grunn. Dette viser at kommuneplanens bodskap om at det er viktig å etablere gode nærmiljø, fleire bustadar, gode tenester og ikkje minst arbeidsplassar, for å få til ei meir positiv utvikling i folketalet. Dette er eit omfattande arbeid.

Samfunnsdelen av den rullerte kommuneplanen for Skjåk kommune er vedteken for planperioden 2017-2028. Føresetnaden er at planen skal rullerast i kvar kommunestyreperiode. I rullert plan blir det peikt på utfordringar knytt til folketalsutvikling og ei skeiv folketalssamansetjing, klima og miljø og migrasjon.

**Folketalsutvikling**





Det er gledeleg å sjå at yngre med høg kompetanse er interesserte og finn glede av å bu i Skjåk og ta del av samfunnslivet her.



Har du passert 50 og bur i Skjåk, så er det sannsynleg at du blir buande i Skjåk resten av levetida.



Skjåk har ein høg del eldre over 80 år, og dette har auka dei siste ti åra.

## Folketalsframskriving




*Figuren over viser folketalsprognose fram til 2040. Sjølv om utviklinga kan synast dyster, er det ein peikepinn om at kommunen må halde fram med eit målretta arbeid for at folk vil ønskje å busette seg i Skjåk.*




*Figuren over viser at nedgangen er størst i gruppa 18-66 år, altså den yrkesaktive delen av befolkninga. Det er viktig å skape arbeidsplassar, gode bumiljø og ikkje minst gode tenester.*

# 2/ Mål og resultat

**Mål og resultat**
Kommunen sine utfordringar, innsatsområde og strategiske mål 2023-2028 og prioriteringar for 2023 er i forankra i dokumenta Kommuneplanen 2017-2028 og Økonomiplan og budsjett 2023-2026.

**Strategiske mål 2023–2028**
Skjåk kommune har godt utbygde kommunale tenester. Ressursinnsatsen er høg samanlikna med mange andre kommunar. Skjåk kommune prioriterer tiltak som skal gjere Skjåk til ein meir attraktiv plass å bu. Kommunen har eit aktivt samarbeid med andre kommunar i regionen, og dette er naudsynt for å sikre innbyggjarane gode tenester.

# STRATEGISK MÅL 2023-2028

**1. Resultat – økonomi**

**Resultat:** Netto driftsresultat for 2023 er på 0,3% Driftsresultat korrigert for premieavvik vart svakt i 2023 hovudsakleg på grunn av auke i kostnadar, spesielt løn og pensjon, men også øvrige kostnadar. Det er meirforbruk på fleire ansvarsområde og reguleringspremie pensjon blei svært høg. Samtidig har kommunen mindre konsesjonskraftinntekter enn førre år

**2. Samarbeid med andre**

Skjåk kommune skal vere ein aktiv pådrivar og deltakar i regional utvikling og samarbeid så lenge dette er formålstenleg. Kommunen skal styrke samarbeidet vestover. Kommunen innleiar samarbeid med nabokommunane når dette er naudsynt for å gje effektive tenester av høg kvalitet.

**3. Klima, miljø, naturforvaltning og samfunnstryggleik**

- Kommunen skal vera klimanøytral innan 2025, dette må gå att i alt planarbeid
- Skjåk skal vere ein trygg og sikker kommune og skal både førebygge og vere budde på ulykker og katastrofar
- Kommunen skal satse på auka grøn og berekraftig verdiskaping basert på naturgjevne fortrinn
- Ein berekraftig velferd og lokal trivsel
- Oppdatert klimaplan

**4. Flyktningar**

God integrering av flyktningane, med gode bustader,
tilpassa opplæring og tilfredstillande barnepass.

**5. Barn og unge**

Barn og unge skal ha eit godt oppvekstmiljø som styrkar heimstadkjensla og som gjev gode, trygge og stimulerande oppvekstvilkår der det blir lagt til rette for leik og læring i trygge omgjevnader. Det skal leggast vekt på førebygging og tidleg innsats. Dette vil styrke heimstadkjensla.

**6. Helse- og omsorg**

Fagleg gode og målretta tenester og eit godt samspel med spesialisthelsetenestene slik at innbyggjarane får dei tenestene dei treng – på rett nivå.

**7. Samfunns- og næringsutvikling**

Ein vekst i sysselsetting på 10 årsverk per år fram til 2028, til saman 100 årsverk i perioden. Dette kan skje gjennom utviding av eksisterande verksemder, gjennom nyetableringar og gjennom auka kommunal aktivitet. Innbyggjarane skal ha eit breitt tilbod av kulturaktivitetar og folkehelsetilbod. Det skal leggjast til rette for aktivitetar og nærmiljøanlegg der folk bur. Potensialet for kultur i næring må utnyttast.

# 3/ Prioriteringar 2023

## Sats på Skjåk

Skjåk kommune ferdigstilte i 2023 bygging av to tomannsbustadar. Den fyrste sto klar til juni, medan den andre vart klar i januar 2024. Bustadprosjektet vart sett i gang for å møte utfordringane i samband med rekruttering til det lokale næringslivet og dei demografiske utfordringane. Desse bustadane følgjer Husbanken sitt prinsipp «frå leige til eige», med intensiv til kjøp og langsiktig investering. Med bakgrunn i denne bustadsatsinga vart det våren 2023 søkt ut midlar hjå Husbanken si tilskotsordning «bustadtiltak i distrikta». Skjåk kommune fekk fullfinansiert søknaden på 760 000 kroner. Midla la grunnlaget for satsinga «Sats på Skjåk» med eigen stillingsressurs.

Ei tilflyttarsatsing kan bremse befolkningsnedgangen ved at dei som er oppvakse her, og dei som har kome til Skjåk vel å bli verande framfor å flytte, samt ved å prøve å tiltrekke oss nye innbyggarar. I tillegg er det minst like viktig å ta vare på dei innbyggarane vi har. For å lykkast med dette skal vi utnytte vårt lokale handlingsrom, samt samarbeide tett med næringsliv, lag og organisasjonar og innbyggarar.

## Friskus i Skjåk

Friskus i Skjåk er ei støtteordning til fritidsaktivitetar for ungar og ungdom mellom 6 og 18 år. Dette er eit viktig tiltak for å inkludere barn og unge i fritidsaktivitetar. Å investere i barna er å investere i vår eiga framtid. Ved å gje alle barn tilgang til fritidsaktivitetar kan enda fleire få oppleve meistring. Deltaking i fritidsaktivitetar førebyggjer utanforskap. Det handlar om å oppdage og utvikle talent hjå ein sjølv, og å få kjenne på meistring når ein lærer noko nytt. Det handlar og om å utvikle sosiale ferdigheitar og ha ei anna rolle enn den ein har i klassegruppa på skulen. Friskus i Skjåk er positivt for barnefamiliar og eit løft for lag og organisasjonar i Skjåk. Friskus i Skjåk er eit verkemiddel for å realisere målet i fritidserklæringa om at alle barn og unge skal få delta på ein fritidsaktivitet saman med andre, uavhengig av sosioøkonomisk bakgrunn. Fritidskortet vil bidra til å redusere økonomiske utfordringar knytt til deltaking på fritidsaktivitetar. Ordninga er særs godt motteke og mange har nytta seg av den. Dette er ei prøveordning for skuleåret 2023-2024, som blir evaluert i juni 2024.

## Oppvekstreforma

I oktober 2023 vart Førebyggande plan for oppvekst vedteken. Planen er utarbeidd med utgangspunkt i nasjonale føringar som er gjeve gjennom oppvekstreforma, og som er heimla i Lov om barnevern. Planen er bygd opp kring mål som representantar frå ulike tenester i laget rundt barnet var med og laga gjennom året. Det er også beskrive på overordna nivå korleis kommunen skal fremje gode oppvekstvilkår gjennom førebyggande




Faksimile: Haus

tiltak og spissa tidleg innsats. Planen heng tett saman med 6K sin strategi. Gjennom året vart det gjennomført fleire tverrfaglege samlingar der oppvekstreforma var tema. Det vart også gjennomført refleksjonsøkter i personala i skule og barnehage, og i foreldremøte i skule og barnehage der tema var relatert til førebyggande plan.

### Laget rundt barnet – i samarbeid med SePU

Skular og barnehagar i 6K starta i 2023 opp eit samarbeid med SePU, Senter for praksisretta utdanningsforsking. For å sikre det gode laget rundt barnet er også helsestasjonen, PPT, barnevern og kommunalsjefane for både oppvekst og helse involverte i arbeidet. Samarbeidet er finansiert og organisert innanfor tre ordningar: den desentraliserte kompetansehevingsordinga for skulane, DEKOMP, den regionale kompetansehevingsordning for barnehagane, REKOMP og Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis.

Regionen har eit felles overordna satsingsområde i dette samarbeidet: «Laget rundt barnet - eit inkluderande tilpassa tilbod for alle i barnehage og skule». Dette heng tett saman med føringane i oppvekstreforma. Det er lagt opp til arbeid med kompetansepakker der deltakarane møter SePU med jamne mellomrom for rettleiing, samarbeid og kompetanseheving, og vidare får arbeidsoppgåver mellom desse samlingane.

2023 vart elles nytta til kartlegging og analysearbeid, mellom anna ved at det vart gjennomført ei større kartlegging i skule og barnehage der både barn og elevar, føresette, pedagogar, andre tilsette og leiinga svara.

### Rapport - oppvekstsektoren

For å få oversikt over ressursbruk og organisering av tenestene innanfor oppvekstsektoren vart det leigd inn eit ekstert firma til å gjennomføre ein analyse på kvalitetsutvikling i skule og barnehage. Målet var å få ei betre utnytting av ressursane på same tid som ein sikrar høg kvalitet på tenestene. Det vart lagt eit godt grunnlag for vidare strategiske vegval innanfor skule og barnehage, men også generelt laget rundt barnet. Ut frå analysen kom det fram fleire tiltak, mellom anna å sjå på moglegheitene for å bygge ny barnehage i Bismo for å erstatte avdelingane i Bismo og Holemork og å jobbe enno meir både strategisk og konkret for å få gode system i laget kring barnet mellom anna gjennom føringane i førebyggande plan. Det vart også peika på fordelar ved å arbeide for å fremme ein enno større grad av felles kultur i skulen, at skulen må jobbe meir tydeleg med byrjaropplæringa, og at det også kan vere



moglegheiter til innsparing i skulen på sikt dersom ein gjennom førebygging kan motverke at graden av spesialundervisning blir for høg.

Konklusjonane i rapportenheng tett saman med både satsingane innanfor oppvekstreforma og laget rundt barnet. Såleis har Skjåk kommune god innsikt i både nå-situasjonen, og kva ynskt situasjon kommunen må kome til.Tenestene er godt i gang med å utforme, samt arbeide etter tiltak for å kome til ynskt situasjon.

**Kulturskuleutvikling**
Lom og Skjåk kulturskule jobbar kontinuerleg etter verdiorda kvalitet, breidde og trivsel, og har som visjon å gjeva gnist til mangfald, tradisjon og utvikling. Vi har i 2023 styrka våre moglegheiter til å oppfylle dette ved deltaking i norsk kulturskuleråd si rettleiingsordning. Formålet med rettleiinga er å hjelpe kulturskuleeigar og kulturskulen med å danne eit kontinuerleg utviklingsarbeid knytt til kulturskulen i tråd med Rammeplan for kulturskulen. Satsingsområde er kulturskulen som ein aktiv part i styrking av laget rundt born, ungdom og familiar i lag med resten av oppvekst- og helsesektoren.




## Strategisk plan for helse- og omsorg 2022–2030

Kommunen legg i større grad til rette for at fleire kan bu heime lenger. Ut i frå st.m. 24 Bu trygt heime – reforma, som kom i 2023, vil det i 2030 vere fleire eldre enn born i Noreg. Reforma bygger på st.m. 15 Leve hele livet, og skal vidareutvikle arbeidet med eit meir aldersvennleg samfunn, at fleire eldre kan leve aktive liv lenger og oppleve tryggheit ved å bu i eigen heim.

Institusjon og heimesjukepleie arbeider tettare saman, og eit av resultata er samarbeid kring demensomsorga. Dagtilbodet for heimebuande med demens vart utvida i 2023 slik at kapasiteten auka og at fleire tilsette er engasjert i arbeidet for å sikre stabilitet og eit mindre sårbart tilbod. Det er mange tilsette som nå har vidareutdanning blant dei tilsette, og det er viktig at Skjåk kommune gjer seg nytte av denne kompetansen i utvikling av tenestene.

I desember 2022 vart Strategisk plan for helse- og omsorg 2022-2030 vedteke i kommunestyret. Dette er ein strategisk plan under kommuneplanens samfunnsdel. I denne planen vert det framheva at Skjåk kommune skal:

- Byggje pleie – og omsorgstenesta på prinsippet om «lengst mogleg i eigen heim».
- Organisere tenestene slik at ein oppnår fleksibilitet og gode overgangar mellom hjelp i eigne heimar og institusjonstenester.
- Skjåk organiserer tenestene slik at vi

får nyttiggjort den kompetansen dei tilsette har, og dei samla ressursane så effektivt som det er råd, til beste for brukarane.
- Legge stor vekt på medverknad frå brukarar og pårørande.
- Sørge for oppdaterte kvalitets-standardar for tildeling av tenester innan pleie- og omsorgstenesta.
- Satse på og prioritere samarbeid med andre kommunar om kompetanse, tenester og i enkeltsaker så langt dette er råd og tenleg.

Vidare er FNs berekraftmål grunnleggjande prinsipp for korleis tenestene blir utforma. Livskvalitet og meistring skal vere Skjåk kommune sine grunnverdiar.
- Førebygging og tilrettelegging for meistring framfor passiv bistand.
- Velferdsteknologi skal inkluderast som ein naturleg del av tenestene.
- Heimen er primær bistandsarena.
- Det skal satsast på tilrettelagte bustadar.
- Brukarerfaring og frivilligheit blir gjeve stor plass.
- Tenestene skal byggje på kunnskap, nytenking og involvering.

Planen tilrår tre overordna grep, med tilhøyrande tiltak:
- Folkehelse, førebygging og rehabilitering for alle aldersgrupper.
- Heimetenester i form av helsehjelp, praktisk hjelp i heimen og personleg assistanse.
- Omsorgsbustadar og spesialiserte helsetenester i sjukeheim.

I planen er det lagt særleg vekt på arbeidet for å samordne ressursar til barn og unge. Oppvekstreforma gjev klare føringar, men det nødvendig å sjå dette i lys av lokale forhald for å sjå korleis Skjåk kommune skal gjere desse oppgåvene. Det er sett eit særleg søkelys på korleis førebyggande arbeid bidreg til mindre behov for tenester. Dette er eit arbeid som startar frå mors liv, og varar ved gjennom oppveksten, livet som vaksen, og til slutt som ein eldre person. Det er vist i planen at ved å arbeide førebyggande på ein systematisk måte, vil ein klare å førebygge mange av dei utfordringar ein veit vil koma.

Ved å satse på ein utstrekt bruk av omsorgsbustadar, og ha spesialiserte helsetenester i sjukeheimen, vil ein sikre kapasitet og kompetanse til å yte helsetenester av god kvalitet til våre innbyggjarar.

Det vil vere nødvendig å bygge ut ein robust heimeteneste, som sikrar helsehjelp og pleie- og omsorgstenester til innbyggjarane. Dette set helsetenestene i Skjåk kommune i stand til å møte dei utfordringar som er kjende med omsyn til ein aukande eldre befolkning og færre innbyggjarar i arbeidsfør alder. Det er nødvendig å satse på å utvikle institusjonen slik at den er enda meir spesialisert inn mot korttidsopphald som rehabilitering, behandling og vurderingsopphald.

Utviklingssenter for sjukeheimar og heimetenester


(Illustrasjon USHT)

Tiltaka sørgjer for ein effektiv drift og god utnytting av ressursar. Ved å ha ei målbevisst satsing på kompetanseheving av våre tilsette, og rekruttering av den kompetansen som er nødvendig, vil ein ha handlingsrom til å gjeva tenester på rett nivå og til rett tid. Skjåk kommune skal bygge opp tenester for framtidas eldre, som har andre krav og ønskje for korleis tenesteyting skal skje. Befolkninga er i stor grad digitaliserte, og kan nytte andre hjelpemiddel for å meistre og bu i eigen heim. Friviljuge og foreiningar er viktige støttespelarar for kommunen, og eit naturleg supplement til kommunens lovpålagte oppgåver.

### Rett tiltak til rett tid

Institusjon og heimesjukepleie deltok i prosjektet, Rett tiltak til rett tid, i regi av KS og Utviklingssenter for sykehjem og hjemmesykepleie (USHT). Prosjektets mål var å bidra til å styrke kvaliteten i helse- og omsorgstenestene gjennom fag og kompetanseutvikling, spreie ny kunnskap, nye løysningar og nasjonale føringar som Demensplan 2025. I prosjektgruppa deltok tilsette frå heimesjukepleia og institusjonen. Det vart etablert rutinar for oppfølging for personar med demens og oppretta demensteam.



Yeti Innsats for andre bebuarar og ungdom. Ungdom: Tina Flaten og Ronja Morken Gartland.

Foto: Skjåkheimen

## Gode pasientforløp

*Gode pasientforløp* er eit nasjonalt lærings-nettverk i regi av KS som Skjåk kommune vart med i hausten 2022. Det var ei tverrfagleg gruppe med kommuneoverlege, tilsette i heimesjukepleia, institusjon, fysioterapeut og tildelingskontor.

Formålet med *Gode pasientforløp* var å støtte kommunane og helseføretaka i å betre overgangane i pasientforløpa og sikre brukarane sine behov for å møte trygge, heilskaplege og koordinerte tenester.



Foto: Kari Gjelbakken

Arbeidet byggjer på HPH – Heilskapleg Pasientforløp i Heimen, eit rammeverk med strukturert oppfylging ved hjelp av sjekklister. Med ein stadig aukande del eldre og færre yrkesaktive, må vi organisere tenestene på ein annan måte for å få ein meir berekraftig helse- og omsorgsteneste. Helsepersonell må ha ein meir helsefremmande tilnærming i møte med pasient og brukar. Difor er «Kva er viktig for deg?» – spørsmålet så viktig. Arbeidet resulterte i at det vart innført risikotavler på vaktromma på institusjon og heimesjukepleie. Det gav betre oversikt over nye pasientar/brukarar og dei som er i pasientforløp i vår eigen kommune. Tavla sikrar at alle får det same tilbodet og at tiltak blir vurdert/sett i verk.

**Innsats for andre og Sommarjobbprosjektet**

*Innsats for andre* er eit valfag på ungdoms-steget i grunnskulen. Elevane som har vald å vere på Skjåkheimen deltek i sosiale aktivitetar med bebuarane på sjukeheimen og i omsorgsleilegheiter.

Vi har vore med i sommarjobbprosjektet i mange år, sommarjobb for ungdom mellom 14–18 år. Dei er aktivitets-assistentar som hjelp til med daglege gjeremål og aktivitetar for og med bebuarane på Skjåkheimen og i omsorgs-bustadane. I 2023 var det med 8 elevar i Innsats for andre, og 6 elevar i sommar-jobbprosjektet.

klare sjølv
- ved hjelp av velferdsteknologi

**Digitalisering og bruk av velferdsteknologi**
For å møte framtida sine demografiske utfordringar, er det naudsynt at Skjåk kommune har fokus på digitalisering og velferdsteknologi. Tiltaka som gradvis implementerast i tenesta skal ha nytteverdi og effekt.

Nasjonalt velferdsteknologiprogram visar til mange gevinstar for tenestemottakarar og tenesteleverandørar. Dei viktigaste gevinstane er utsett behov tenester, redusert tal på besøk frå heimetenestene, auka tryggleik, fridom, meistring og sjølvstende.

**Klare sjølv**
Frå hausten 2021 starta Skjåk kommune opp prosjektet *Klare sjølv*. Gjennom prosjektet ønskjer kommunen å kartleggje og prøve ut velferdsteknologi til barn, unge og vaksne med funksjonsnedsettingar. Skjåk kommune har eit tett samarbeid mellom skule og avlasting, noko som er positivt for prosjektet, da ein er avhengig av samarbeid på tvers av sektorane. Dette samarbeidet er noko andre kommunar i regionen og elles i landet er svært interesserte i. Prosjektleiar har delteke på nasjonale velferdsteknologisamlingar og presentert samarbeidet med såkalla flytstillingar.

*Klare sjølv*- prosjektet var ein del av det nasjonale velferdsteknologiprogrammet, og vart gjennomført med midlar frå helsedirektoratet. Eit av delmåla for prosjektet var for Bismotunet bufellesskap å implementere ei digital aktivitetsoversikt. Denne kjem bebuarar, pårørande og



Foto: Abilia.no

*Memo planner*

tilsette til gode, Interaktiv Bebuar Guide (IBG). I tillegg til dette nyttar Bismotunet velferdsteknologiske løysingar som Eplan, Yeti-skjerm, GRID, timestav, Memoplanner, Roommate, Komp, augestyring, Memo dayboard med meir. Ein ser at det er eit stort potensial for meistring og auka livskvalitet ved å ta i bruk velferdsteknologi.

*Mål for prosjektet er:*
*Normalisere omgrepet velferdsteknologi og ufarleggjera bruken i heile tenesta, slik at vi kan yte gode tenester der tenestemottakarane sine individuelle behov blir ivareteke best mogleg. Både innanfor ADL ferdigheit, sosiale - og tryggleiksskapande tiltak.*

**Nye arbeidstidsordningar**

Sjukeheimen, heimesjukepleia og bufellesskapet har hatt dispensasjon frå arbeidstakarorganisasjonane for å prøve ut langvakter på helg sidan 2019. Evalueringa blant dei tilsette viser at dei fleste som går langvakter på helg, ønskjer å halde fram med dette.

Personalet får planlagt arbeidsdagen betre og det blir meir ro over arbeidsoppgåvene, det påverkar pasientane positivt. Det har vore lagt ned eit stort arbeid i å få på plass nye turnusar.

Det er ei prioritert oppgåve å sørgje for effektiv bemanning som gjev dei tilsette gode arbeidsdagar. I 2023 har det blitt aukande interesse for å vurdere langvakter i heimesjukepleia, og dette er eit arbeid vi fortsett med i samband med rekruttering inn i den tenesta.

**Kompetanseheving**

Kommunen har fagarbeidarar som har delteke på vidareutdanninga i *Demens og alderspsykiatri*, i regi av Fagskulen.

# Levele

God styring med eigen økonomi

Utdanninga starta hausten 2021, og vart avslutta med eksamen sommaren 2023. Det er fleire som kombinerer fast arbeid i Skjåk kommune med andre utdanningar som sjukepleiar, vernepleiar og masterutdanningar.

Kommunen vert pålagt fleire og meir krevjande oppgåver innan helse- og omsorgssektoren, noko som krev høg fagkompetanse blant dei tilsette. Skjåk kommune ser eit behov for å rekruttere fleire med høgskuleutdanning dei nærmaste åra. Det er tidlegare gjennomført kompetansekartlegging i heile sektoren for å få oversikt over kva behovet er i åra framover.




Foto: NAV

## Jobbspesialist i NAV og prosjektet Levele

NAV Lom og Skjåk tilsette eigen jobbspesialist i 2022. Ein jobbspesialist gjev arbeidsretta oppfølging gjennom tiltaket *Arbeid med støtte*. Jobbspesialisten har tett oppfølging for å bistå arbeidssøkarane ut i ordinært arbeid. Denne satsinga har gjeve gode resultat og syner at tid og kapasitet til tett oppfølging er avgjerande i den arbeidsretta oppfølginga. I 2023 har jobbspesialisten hatt 18 personar i oppfølging og fått 12 personar inn i løna arbeid.

Prosjektet Levele hadde i førre prosjektperiode eit fokus på innhalds-produksjon, blant anna videopodcastar, infografikk til sosiale medie, infoskjermar, fysiske foldarar med tips innan økonomi. Dette er samla på ein eigen nettstad, www.levele.no. Det ble rekruttert inn ny prosjektleiar i slutten av 2023 som skal lose *Levele* gjennom den tredje og siste prosjektperioden.

*Målsettinga for prosjektet er*

- Vidareutvikle tilbodet om økonomisk råd og rettleiing til bruk for privat-personar.
- Utvikle metodar og materiell for NAV og dei kommunale tenestene.
- Overføringsverdi til andre tenester.

# 4/ Årsrekneskap

I 2023 utgjorde driftsinntektene 317,1 millionar kroner mot budsjettert 287,2 millionar kroner, og inntektene var dermed nesten 30 millionar høgare enn budsjettert. Dei største meirinntektene refererer seg til skatteinntekter, konsesjonskraft, overføringar og tilskot frå andre og overføringar og tilskot frå staten. Konsesjonskraft er kommentert nærmare i eige punkt.

Meirinntekter frå overføringar og tilskot frå andre er i hovudsak relatert til samarbeid med Lom kommune, momskompensasjon, tilskot ressurskrevjande og refusjon sjukeløn. Desse meirinntektene har og ei utgiftsside. Meirinntekter på andre overføringar og tilskot frå staten har og ei kostnadsside og dreier seg i stor grad om integreringstilskot, skjønnsmidlar og tilskot til næringsprosjekt.

Det var god lokal skatteinngang og skatt og rammeoverføringar er litt høgre enn budsjettert samla. Grunnlaget for eigedomsskatt mottek kommunen etter at budsjettet er lagt fram. Inntektene blei litt høgare enn budsjettert.

Driftsutgiftene blei 311,7 millionar mot budsjettert 295 millionar kroner, det vil seie 16,7 millionar kroner høgare enn budsjettert. Det er hovudsakleg løn og sosiale kostnadar som representerer meirforbruket, men det er og avvik på kjøp av varer og tenester og overføringar og tilskot til andre, som går begge vegar.

Skule, helsestasjon, institusjon, heimesjukepleie og oppvekst og utdanning står for det meste av meirforbruket på løn. Samarbeid på Helsestasjon er ikkje budsjettert, og har og ei inntektside i form av refusjon frå Lom kommune.

Netto meirforbruk på sosiale kostnadar er fleirdelt og skuldast hovudsakleg endring i premieavvik inntekter, svært høg reguleringspremie pensjon og høg premie på siste termin frå SPK. Skjåk kommune tok ut 7,8 millionar kroner frå premiefond reserve for å dekke det meste av høg reguleringspremie pensjon. Sosiale kostnadar er omtala ytterlegare i eige punkt.

Skjåk kommune har fleire driftsprosjekt, der ein søker eksterne midlar. Mange av desse prosjekta genererer både meirutgifter og meirinntekter.

På kjøp av varer og tenester er det fleire større avvik. Ny bru på Dyringen blei budsjettert til vel 13,5 millionar kroner. Brua er under utføring og det er kostnadsført knapt 2,8 millionar kroner ved utgangen av 2023. Vidare var det løyvd i underkant av 2,5 millionar kroner knytt til uveret «Hans» men det er utgiftsført knapt 400.000 kroner i 2023. Refusjonsutgiftene til Sel kommune er vel 3,3 millionar høgare enn budsjettert, der det meste er knytt til tiltak på barnevern, men det er og større meirutgifter relatert til legesamarbeid. Det er og store meirutgifter på kjøp av vikartenester i heimesjukepleie og institusjon, og det

## 1.1. Driftsresultat

### Hovudoversikt

| Økonomiske oversikter<br>Økonomisk oversikt - drift | Rekneskap 2023 | Budsjett 2023 | Opphavleg budsjett | Rekneskap 2022 |
|---|---|---|---|---|
| 9 Sum driftsinntekter | 317 096 906 | 287 170 000 | 282 867 000 | 310 238 994 |
| 15 Sum driftsutgifter | 311 729 527 | 294 997 000 | 269 912 000 | 288 789 941 |
| 16 Brutto driftsresultat | 5 367 379 | -7 827 000 | 12 955 000 | 21 449 053 |
| 22 Netto finansutgifter | -10 653 868 | -15 786 000 | -18 786 000 | -6 300 675 |
| 23 Motpost avskrivningar | 15 356 399 | 15 241 000 | 14 719 000 | 14 852 659 |
| 24 Netto driftsresultat | 10 069 910 | -8 372 000 | 8 888 000 | 30 001 037 |
| Premieavvik | -8 999 540 | -13 093 000 | -9 502 000 | 4 806 700 |
| Netto driftsresultat korrigert for premieavvik | 1 070 370 | -21 465 000 | -614 000 | 34 807 737 |
| Netto dr.res korr for premieavvik i % av omsetnad | 0,3 % | -7,5 % | -0,2 % | 11,2 % |

er kostnadsført knapt 1,7 millionar kroner, medan budsjettet var 130.000 kroner. Det er i tillegg meirforbruk på fleire tenester, men spesielt innanfor Teknisk VAR, der nettokostnadene samla er vel 2,2 millionar kroner høgare enn budsjettert.

På overføringar og tilskot til andre er kostnadene 1,7 millionar kroner høgare enn budsjettert. Dette skuldast i hovudsak at momskompensasjon er høgare enn budsjettert, som og har ei tilsvarande inntektsside. Det er eit mindre sikringstap på konsesjonskraft og meirutgifter på sosiale bidrag. Vidare er det mindreforbruk tilskot, da det er løyvd 2 millionar kroner til Friviljugsentralen, som truleg blir kostnadsført seinare.

Netto finansutgifter er vel 8 millionar kroner betre enn budsjettert. Renteinntektene er høgare enn budsjettert, da kommunen hadde betre rentegrunnlag og høg rente på innskot gjennom året. Kommunen fekk mykje inntekter ved førre årsskifte, og investeringar er gjennomførte seinare enn budsjettert.

Avdrag og renter kjem og litt under budsjett. Budsjettert lån til eit prosjekt blei seinare finansiert eigne midlar, og lån til Skjåkhallen og flaumsikring blei teke inn litt seinare enn planlagd.

Samla netto meirinntekter blir overført til disposisjonsfondet ved årsavslutning

gjennom styrking i bruk av fond, og dette inneber at kommunen har godt med midlar på disposisjonsfondet. Det er brukt mindre enn budsjettert frå bundne driftsfond og disposisjonsfond, da Dyringen bru er under oppføring og det førebels er kostnadsført lite i høve til budsjett. Tilskot til Friviljugsentralen er ikkje kostnadsført. Avsetningsposten på premieavvik er mindre enn budsjettert, da premieavvik pensjon blei lågare.

## Resultatvurdering

Skjåk kommune har eit langt svakare netto driftsresultat i 2023 med litt over 10 millionar kroner, samanlikna med rekordåret 2022 med 30 millionar kroner. Det er likevel eit resultat der vi ved avslutninga av rekneskapen gjennomførte strykingar, som auka udisponert kapital på disposisjonsfondet. Stryking bruk av disposisjonsfond ved avslutning av rekneskapen blei gjennomført med å tilføre flyktningfondet med vel 2,5 millionar kroner og disposisjonsfondet med 5,9 millionar kroner. Prosjekt 900 Flyktningar er da i balanse. Vi får inntekter før utgiftene, og dette er årsaka til at flyktningprosjektet i siste omgang blir regulert mot fond.

Skjåk kommune har siste året bevega seg inn i trongare økonomisk farvatn. Store investeringar, driftsprosjektet Dyringen bru, høgt rentenivå, meirforbruk på enkelte ansvarsområde, høg reguleringspremie pensjon svekkar netto driftsresultat. Renteutgiftene har meir enn dobla seg i høve til førre år. Reguleringspremie pensjon er på høgaste nivå nokosinne. Kommunen blir meir sårbare for svingingar i økonomien, spesielt knytt til endringar i inntekter konsesjonskraft, endring i reguleringspremie og utvikling på renter.

Det blir viktig å arbeide for å eliminere meirforbruket på enkelte ansvarsområde framover. Vidare er det viktig å unngå meirforbruk med tanke på å nå handlings-

### Utvikling netto driftsresultat korrigert for premieavvik




*Oversikta syner utvikling dei 10 siste åra i millionar kroner, når det gjeld netto driftsresultat korrigert for premieavvik.*

## Netto driftsutgifter per ansvarsområde

| | | Rekneskap 2023 | Busjett 2023 | Opphaveleg budsjett | Avvik | Rekneskap 2022 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 100 | Kommunedirektør | 9 081 530 | 8 280 000 | 8 086 000 | 801 530 | 8 163 893 |
| 103 | Personal og organisasjonsutvikling | 2 876 655 | 2 964 000 | 3 020 000 | -87 345 | 2 775 141 |
| 104 | Økonomi | 4 022 567 | 4 179 000 | 3 953 000 | -156 433 | 3 289 460 |
| 200 | Oppvekst og utdanning | 19 593 506 | 17 342 000 | 16 857 000 | 2 251 506 | 17 671 856 |
| 201 | Flyktningar | 7 240 285 | 6 253 000 | 3 372 000 | 987 285 | 2 152 079 |
| 211 | Dønfoss barnehage | 4 880 560 | 5 348 000 | 4 935 000 | -467 440 | 4 471 366 |
| 213 | Bismo barnehage | 12 450 452 | 11 635 000 | 10 651 000 | 815 452 | 9 426 208 |
| 220 | Skjåk barne og ungdomskule | 27 800 739 | 24 714 000 | 22 941 000 | 3 086 739 | 25 172 600 |
| 240 | Kulturskule | 1 902 128 | 2 311 000 | 1 931 000 | -408 872 | 1 722 566 |
| 300 | Helse og omsorg | 4 297 252 | 4 293 000 | 4 137 000 | 4 252 | 4 209 234 |
| 310 | Institusjon og heimesjukepleie | 42 335 907 | 38 847 000 | 36 204 000 | 3 488 907 | 36 589 849 |
| 320 | Heimetenester til funksjonshemma | 18 411 687 | 17 372 000 | 16 099 000 | 1 039 687 | 15 096 032 |
| 330 | Helsetasjon | 2 655 095 | 3 245 000 | 2 976 000 | -589 905 | 2 229 655 |
| 331 | Nav | 2 648 779 | 3 241 000 | 3 110 000 | -592 221 | 2 638 361 |
| 332 | Barnevern | 5 678 538 | 3 401 000 | 3 401 000 | 2 277 538 | 3 742 607 |
| 350 | Helsetenester | 15 451 540 | 13 250 000 | 12 589 000 | 2 201 540 | 12 997 941 |
| 400 | Miljø og samfunnsutvikling | 9 335 911 | 8 894 000 | 8 701 000 | 441 911 | 8 508 959 |
| 410 | Kultur | 1 465 955 | 1 612 000 | 1 554 000 | -146 045 | 1 273 405 |
| 420 | Teknisk var | 7 692 444 | 5 454 000 | 5 271 000 | 2 238 444 | 4 864 158 |
| 430 | Teknisk drift | 26 414 633 | 26 888 000 | 25 984 000 | -473 367 | 25 685 640 |
| 450 | Landbruk og næring | 426 521 | 474 000 | 226 000 | -47 479 | 342 833 |
| 600 | Finans og overføringar | -226 662 686 | -209 997 000 | -195 998 000 | -16 665 686 | -193 023 843 |
| | Kommunedirektør og stab | 15 980 753 | 15 423 000 | 15 059 000 | *557 753* | 14 228 494 |
| | Oppvekst og utdanning | 73 867 670 | 67 603 000 | 60 687 000 | *6 264 670* | 60 616 674 |
| | Helse og omsorg | 91 478 800 | 83 649 000 | 78 516 000 | *7 829 800* | 77 503 679 |
| | Miljø og samfunnsutvikling | 45 335 463 | 43 322 000 | 41 736 000 | *2 013 463* | 40 674 996 |
| | Finans og overføringar | -226 662 686 | -209 997 000 | -195 998 000 | *-16 665 686* | -193 023 843 |
| | | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |

Merknader;
Kommunalsjefar og kommunedirektør har kommentert avvik under eigne kapittel. Avvik i sosiale kostnadar, ekskludert premieavvik, utgjer knapt 4,6 millionar kroner samla. Arbeidsgjevaravgift, ekskludert arbeidsgjevaravgift av premieavvik, utgjer vel 0,9 millionar kroner av avviket.

regelen der korrigert netto driftsresultat skal vere minimum 3 % av omsetnaden.

Avvik på ansvarsområde går fram av tabell på førre side. Kvar enkelt kommunalsjef har omtala avvik i høve til netto resultat på kvart ansvarsområde.

Kommunen har premiereserve pensjon, solid likviditetsreserve og kraftfond.

## Kraftinntekter




Denne oversikta syner inntekter på 65,6 millionar kroner totalt på kraft. Inntektene på konsesjonskraft utgjer 21,1 millionar kroner. Inntektene frå konsesjonskraft svingar kraftig frå under 3 millionar kroner i 2020 til over 29 millionar kroner i 2022.

Kraftinntektene består av konsesjonskraft, naturressursskatt, konsesjonsavgifter, eigedomsskatt og renter, avdrag og utbytte frå Skjåk Energi. Skjåk kommune betaler lån og renter på eigardel i Øvre Otta. Det er ikkje med i denne oversikta. Vi får og reduserte rammeoverføringar knytt til naturressursskatt.

## Konsesjonskraftinntektene kvar månad:

| Samandrag | Beløp |
|---|---|
| Januar | 3 832 228 |
| Februar | 2 455 226 |
| Mars | 2 918 405 |
| April | 2 622 645 |
| Mai | 1 012 749 |
| Juni | 755 876 |
| Juli | 380 862 |
| August | 183 323 |
| September | 166 866 |
| Oktober | 441 407 |
| November | 2 933 685 |
| Desember | 3 396 747 |
| SUM | 21 100 020 |

Inntektene varierer mykje frå sommar- til vinterhalvåret.

## Salspris på konsesjonskrafta er samla rekna til;

| Øre per kWh | |
|---|---|
| Brutto salspris | 58,6 |
| Kjøp og innmating | 13,6 |
| Netto salspris | 45,0 |

Ved splitting på prisområde er netto salspris i prisområde 3 er rekna til vel 37 øre per kWh og tilsvarande vel 70 øre i prisområde 1 og 5. Skjåk kommune ligg i prisområde 3.

## Skatteinngang

Oversikta syner skatteinngang dei siste 10 åra i millionar kroner.

### Skatt på inntekt og formue




Skjåk kommune har hatt svært god skatteinngang, til tross for pandemien.

## Rammeoverføringar

Oversikta syner rammeoverføringar dei siste 10 åra i millioner kroner.

### Rammeoverføringar



## Rammeoverføringar og skatteinngang

Skjåk kommune har samla sett meirinntekter på rammeoverføringar og skatt på inntekt og formue.

## Lønsutgifter

Lønsutgiftene, ekskludert sosiale kostnadar, kurs og kostgodtgjersle blei 158,1 millionar kroner, som er knapt 9,3 millionar kroner over budsjett. Det er størst meirforbruk på, institusjon, skule funksjonshemma i heimen, helsestasjon og oppvekst og utdanning. Samarbeid med Lom kommune på Helsestasjon er ikkje budsjettert. Skjåk kommune får refusjon frå samarbeidskommunen. Noko av meirforbruket er og knytt til refusjonar og øyremerka tilskot.

**Lønskostnadene fordeler seg slik i 2023, ekskludert pensjon, kurs og kostgodtgjersle;**



*Komunedir./stab 5%*
*Barnehagar 10%*
*Skule, kulturskule 18%*
*Institusjon 22%*
*Heimeteneste 12%*
*Helsetenester 7%*
*Teknisk 8%*
*Andre 18%*

*Andre er kultur, kommunalsjefane sine område, flyktningar, NAV, og næring.*

Kjøp av tenester frå andre kommunar er ikkje med i oversikta, da dette er refusjonspostar.

## Sosiale kostnader

Sosiale kostnadar splitta per art:

| | | Rekneskap 2023 | Buds(end) 2023 | Avvik |
|---|---|---|---|---|
| 1090 | Pensjonsinnskot KLP | 33 762 529 | 31 316 000 | 2 446 529 |
| 1091 | Pensjonsinnskot SPK | 2 689 270 | 1 941 000 | 748 270 |
| 1092 | Ulykke- og gruppelivsforsikring | 304 016 | 319 000 | -14 984 |
| 1093 | Avtalefesta pensjon - KLP | 2 349 677 | 1 813 000 | 536 677 |
| 1096 | Overføring frå premiefond | -10 034 799 | -10 000 000 | -34 799 |
| 1097 | Premieavviket | -8 458 214 | -12 306 000 | 3 847 786 |
| 1098 | ARB G AVG av premieavviket | -541 326 | -787 000 | 245 674 |
| 1099 | Arbeidsgjevaravgift | 11 429 524 | 10 527 000 | 902 524 |
| | TOTALT | **31 500 677** | **22 823 000** | **8 677 677** |

Premieavvik budsjett, art 1097 og 1098, er sett opp etter prognose som kommunen fekk frå pensjonskassene opp mot lønsoppgjer. Seinare vedtok kommunestyret å ta ut 7,8 millionar kroner frå premiefond reserve, for å dekke høg reguleringspremie pensjon. Dette reduserte premieavvik inntekter. Budsjettet kunne vore justert med reduksjon av premieavvik inntekter på art 1097 og 1098, mot tilsvarande reduksjon avsetting til aktuelt disposisjonsfond, men arbeidet med budsjett 2024 blei prioritert på slutten av året. Premieavvik vil uansett gå i 0 over to år, i det fjorårets premieavvik vert attendeført.

Årleg reguleringspremie frå Kommunal Landspensjonskasse er knytt til framtidige pensjonar og denne blir kostnadsført på art 1090. Høgt løns- og pensjonsoppgjer gjev svært høg reguleringspremie. Pensjonsoppgjeret blei rekordhøgt og lønsoppgjeret i Skjåk var litt høgare enn for landet, dersom ein ser på prosenttillegg. Isolert sett blei reguleringspremie pensjon vel 22,2 millionar kroner i 2023. I 2020, 2021 og 2022 var reguleringspremien høvevis 2,7 millionar kroner, 12,1 millionar kroner og 10,2 millionar kroner. Det er store variasjonar frå år til år. I 2020 var det låge tillegg i løn på grunn av pandemi, og da også låg reguleringspremie.

Kvartalspremie frå Kommunal landspensjonskasse, art 1090 og 1093, aukar også som følgje av meirforbruk, nytt samarbeid der Skjåk er vertskommune og når det blir oppretta nye stillingar. Det er nytt samarbeid på helsestasjon i 2023 og ressursbruk til flyktningtenesta har auka. På 6-termin fekk kommunen tilleggspremie frå Statens pensjonskasse, relatert til art 1091. Faktura var på nærmare 1,2 millionar kroner, medan den normalt er på om lag 0,4 millionar kroner.

Meirkostnadar på arbeidsgjevaravgift følger av meirkostnadar løn og pensjon.

Skjåk kommune tok ut 7,8 millionar kroner ekstra frå premiefond reserve i 2023, jamfør art 1096, for delvis å dekke høg reguleringspremie i år.

## 1.2 Finanspostar

*Utvikling gjeld*

Oversikta syner utvikling i gjeld til finansinstitusjonar, ekskludert pensjonsforpliktingar i millionar kroner.

### Gjeld til finansinstitusjonar




Gjelda har vore relativt stabil over lengre tid. Denne aukar i 2023 og framover på grunn av investeringar i rehabilitering av Skjåkhallen og flaumvoll Bismo. Utvikling i gjeldgrad er omtala i eige punkt.

## Brutto lånegjeld

| | 2023 | 2022 | 2021 | 2020 | 2019 |
|---|---|---|---|---|---|
| Brutto driftsinntekter | 317 096 906 | 310 238 994 | 275 840 783 | 254 483 692 | 257 887 157 |
| **Brutto lånegjeld, ekskl. pensjonsforpliktingar** | **312 128 842** | **254 306 811** | **258 936 491** | **252 604 508** | **260 560 348** |
| Utlån startlån, sosiale lån m.m. | 15 825 846 | 13 436 083 | 13 415 740 | 12 687 123 | 13 976 619 |
| Utlån til Skjåk energi | 85 000 000 | 87 000 000 | 89 000 000 | 91 000 000 | 93 000 000 |
| Ubrukte lånemidlar | 36 909 488 | 24 145 524 | 21 165 866 | 6 433 771 | 9 447 457 |
| **Netto lånegjeld** | **174 393 508** | **129 725 204** | **135 354 884** | **142 483 614** | **144 136 273** |
| Antall innbyggarar | 2 141 | 2 147 | 2 151 | 2 183 | 2 197 |
| Brutto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter | 98,4 % | 82,0 % | 93,9 % | 99,3 % | 101,0 % |
| Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter | 55,0 % | 41,8 % | 49,1 % | 56,0 % | 55,9 % |
| Brutto lånegjeld per innbyggar | 145 786 | 118 448 | 120 380 | 115 714 | 118 598 |
| Netto lånegjeld per innbyggar | 81 454 | 60 422 | 62 926 | 65 270 | 65 606 |

### Finansforvaltning

Kommunen si finansforvaltning er i samsvar med reglement, forskrifter og lover. Kommunen sine likvide midlar er stort sett plassert i bank med låg risiko. Tilgang av aksjar og andelar blir eventuelt handsama særskilt i kommunestyret. Alle innlån blir vedteke av kommunestyret. Renta på alle lån er flytande, som inneber renterisiko ved stigande rente. Ei eventuell binding av renta vil medføre at ein må betale sikringskostnad for dette.



Foto: CoreCom

## 1.3 Handlingsreglar

*Netto driftsresultat korrigert for premieavvik*

Det langsiktige budsjettmålet er 3 %. Netto driftsresultat korrigert for premieavvik vart svakt i 2023 hovudsakleg på grunn av auke i kostnadar, spesielt løn og pensjon, men også øvrige kostnadar. Det er meirforbruk på fleire ansvarsområde og reguleringspremie pensjon blei svært høg. Samtidig har kommunen mindre konsesjonskraftinntekter enn førre år.

### Korrigert netto driftsresultat



*Gjeld i prosent av driftsinntekter*
Gjeldgraden aukar i 2023 på grunn av stort låneopptak i forbindelse med investeringar i Skjåkhallen og flaumsikring rundt Bismo.

Gjeldgraden vil auke neste år i og med at det er vedteke stort låneopptak for å fullføre rehabilitering Skjåkhallen og flaumsikring.

## Gjeld i høve til omsetnad



**Likviditetsreserve**
Skjåk kommune har ei høg likviditets-reserve. Målet er 8,33 % av utgiftene, som no utgjer knapt 26 millionar kroner. Likviditetsreserven er 23,7 millionar kroner.

**Likviditetsreserve i høve utgifter mål 8,33%**



## 1.4 Balansepostar

*Hovudoversikt*

| Økonomiske oversikter<br>Oversikt – balanse | Rekneskap<br>2023 | Budsjett<br>2022 | Bevegelse |
|---|---|---|---|
| **EIENDELER** | | | |
| A. Anleggsmidlar | 1 002 345 652 | 893 138 121 | 109 207 531 |
| B. Omløpsmidlar | 208 560 720 | 184 102 499 | 24 458 221 |
| Sum eiendeler | 1 210 906 372 | 1 077 240 620 | 133 665 752 |
| **EGENKAPITAL OG GJELD** | | | |
| C. Eigenkapital | 459 301 140 | 434 400 108 | 24 901 031 |
| D. Langsiktig gjeld | 692 206 450 | 613 790 223 | 78 416 227 |
| E. Kortsiktig gjeld | 59 398 782 | 29 050 289 | 30 348 493 |
| Sum eigenkapital og gjeld | 1 210 906 372 | 1 077 240 620 | 133 665 752 |

Aktiva og passiva aukar med vel 133,6 millionar kroner. Eigenkapitalgraden går ned frå 40 % til 38 %. Pensjonsmidlar er inkludert i anleggsmidlar og pensjonsforpliktingar er inkludert i langsiktig gjeld.

## Fond

| Økonomiske oversikter | UB | Bevegelse | IB |
|---|---|---|---|
| Disposisjonsfond | 60 079 157,70 | 796 653,58 | 59 282 504,12 |
| Bundne driftsfond | 32 420 088,25 | -11 001 903,40 | 43 421 991,65 |
| Ubundne investeringsfond | 20 705 963,69 | -8 448 986,41 | 29 154 950,10 |
| Bundne investeringsfond | 764 261,10 | 0,00 | 764 261,10 |
| Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK Drift | 1 213 150,00 | 0,00 | 1 213 150,00 |
| Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK Invest | -2 930 171,54 | 0,00 | -2 930 171,54 |
| **Summert** | 112 252 449,20 | -18 654 236,23 | 130 906 685,43 |
| Herav likviditetsreserve | 23 739 000,00 | 3 200 000,00 | 20 539 000,00 |
| Herav fondsmidlar | 88 513 449,20 | -21 854 236,23 | 110 367 685,43 |

I 2023 har det vore mange løyvingar frå fond og kapitalen er redusert.

Det står igjen fylgjande som heilt udisponerte midlar på sentrale fond:

- Næringsfondet inkludert grunnfond: 10 085 084 kroner.
- Disposisjonsfondet: 9 477 637 kroner
- Ubunde kapitalfond: 6 590 040 kroner

Skjåk kommune har viktige bufferar i form av kraftfond, likviditetsreserve og pensjonsreserve i KLP.

## Arbeidskapital

Kortsiktig eigenkapital er sett saman slik;

| Kortsiktig eigenkapital - arbeidskapital | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|---|---|
| Omløpsmidler | 131 103 361 | 134 663 488 | 164 754 840 | 184 102 499 | 208 560 720 |
| Kortsiktig gjeld | -36 105 535 | -32 535 550 | -29 252 710 | -29 050 289 | -59 398 782 |
| Ubrukte lånemidler | -9 447 457 | -6 433 771 | -21 165 866 | -24 145 524 | -36 909 488 |
| **Arbeidskapital aktiva** | **85 550 369** | **95 694 167** | **114 336 264** | **130 906 685** | **112 252 449** |
| Likviditetsreserve | -18 139 000 | -19 539 000 | -19 539 000 | -20 539 000 | -23 739 000 |
| Fondsmidlar | -56 283 914 | -76 155 167 | -94 797 264 | -110 367 685 | -88 513 449 |
| Rekneskapsmessig overskot/ underskot | -11 127 454 | | | | |
| **Disponible midlar passiva** | **-85 550 369** | **-95 694 167** | **-114 336 264** | **-130 906 685** | **-112 252 449** |

## Langsiktig eigenkapital er sett saman slik:

| Langsiktig eigenkapital - kapitalkonto | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|---|---|
| Anleggsmidlar | 850 846 347 | 876 524 301 | 877 151 038 | 893 138 121 | 1 002 345 652 |
| Gjeld | -624 981 602 | -599 171 457 | -603 264 212 | -613 790 223 | -692 206 450 |
| Ubrukte lånemidler | 9 447 457 | 6 433 771 | 21 165 866 | 24 145 524 | 36 909 488 |
| **Eigenkapital - Kapitalkonto passiva** | **-235 312 201** | **-283 786 615** | **-295 052 693** | **-303 493 423** | **-347 048 691** |

Pensjonsmidlar er inkludert i anleggs-midlar og pensjonsforpliktingar er inkludert i gjeld.

## Investeringar

Oversikt syner bokførte kostnadar per prosjekt i 2023 og året før.

| | | Rekneskapen 2022 | Rekneskapen 2023 |
|---|---|---|---|
| 115 | Regiondata | 219 384 | 232 154 |
| 228 | Utskifting av gatelysarmatur | 116 875 | 87 500 |
| 235 | Industriområde tipp dønfoss | 296 256 | 0 |
| 283 | Kommunehuset cellekontor psm teknisk kultur | 2 495 976 | 18 496 |
| 292 | Dønfoss var | 55 663 | 776 430 |
| 293 | Uppnose nytt vassverk inkludert prosjektering | 302 762 | 254 565 |
| 298 | Bilpark | 483 684 | 942 929 |
| 405 | Skjåkheimen overvasshandtering | 0 | 2 224 686 |
| 410 | Skei tomteområde | 319 460 | 434 170 |
| 411 | Sentrumsplan bismo | 878 605 | 0 |
| 416 | Bismo vassverk m/ledningsnett | 3 738 497 | 118 794 |
| 420 | Skjåkhallen | 3 269 466 | 60 014 603 |
| 422 | Komposteringsanlegg tundramo | 70 748 | 0 |
| 433 | Bismo renseanlegg inkludert septikmottak | 0 | 281 807 |
| 450 | Bustader 3 stk ( sal inntil 7 stk ) | 5 385 056 | 12 449 390 |
| 461 | Grotli hytteområde | 141 181 | 0 |
| 601 | Lån og avdrag | 3 556 434 | 5 077 789 |
| 615 | Eigenkapitalinnskot klp | 658 717 | 732 879 |
| 850 | Flom | 456 699 | 23 213 973 |
| 851 | Flaumførebygging billingen | 0 | 965 625 |
| | **TOTAL** | **22 445 463** | **107 825 791** |

Større prosjekt som Skjåkhallen og flaumsikring rundt Bismo pågår.



Foto: Bjørnar Hansen

# 5/ Organisasjonen

## Organisasjonen

I dette kapitelet er personalgruppa, sjukefråvær, arbeidsforhold, likestillings- og diskrimineringsarbeid, etisk standard og internkontroll tema. Skjåk kommune skal vere ein effektiv organisasjon som har tilsette med høg kompetanse, og eit arbeidsmiljø som stimulerer til kreativitet, fagleg og personleg utvikling og trivsel. For å få til ein god organisasjon er det naudsynt med ei tett oppfølging av leiarane i kommunen, og å ha eit godt samarbeid med tillitsvalde og verneombod. Kommunedirektøren har jamlege møte med leiarar, tillitsvalde og verneombod. Partane i kommunal sektor er samde om at eit godt samarbeid mellom arbeidsgjevar og dei tilsette og deira organisasjonar er ein føresetnad for å kunne gje tenester av høg kvalitet og å skape trygge arbeidsplassar prega av eit godt arbeidsmiljø og meiningsfylt arbeid. I Skjåk kommune er det ei målsetting å ha ein god og open dialog mellom arbeidsgjevar og dei tillitsvalde/verneombod.

Under pandemien var det fleire tilsette som i lengre periodar jobba på heimekontor. Dette gjekk i det store og heile greitt, og vi gjorde oss mange nyttige erfaringar vi dreg nytte av i etterkant. Vi ser at det i ein del tilfelle er langt mindre ressurskrevjande å gjennomføre møte digitalt, og dette kan spare oss for både tid og pengar. Det likevel viktig å ha den daglege kontakten med kvarandre, for saman skape eit godt arbeidsmiljø, ha god informasjonsflyt og halde kontakt i ein travel kvardag.

## Personalet

I Skjåk kommune var det ved utgangen av 2023 totalt 218 årsverk, dette er fordelt på 264 tilsette, 219 kvinner og 45 menn. Dette er ei auke på 10 årsverk frå 2022. Årsak til aukinga er mellom anna at vi frå nyttår overtok arbeidsgjevaransvaret for helsestasjonen i Lom kommune. Vi har og hatt ei auke i talet på årsverk i flyktningteneste og vaksenopplæring knytt til mottak av mange nye flyktningar.

Kommunen har eit ynskje om å vere i takt med samfunnet når det gjeld samansetning av dei tilsette, og skal i størst mogleg grad avspegle mangfaldet i befolkninga. Ein kan likevel sjå ei skeiv kjønnsfordeling i fleire sektorar. Skjåk kommune har få tilsette menn, innan pleie- og omsorg, skule, barnehage og støttefunksjonar. Teknisk er også eit område der kommunen har tradisjonell kjønnsfordeling, sjølv om det kan sjå annleis ut på statistikken. Alle vaktmeistrane våre er menn, og fleirtalet av dei faste tilsette reinhaldarane våre er kvinner.

## Tilsette

| Ansvar | | Menn | Kvinner | I alt |
|---|---|---|---|---|
| 100 | Kommunedirektør | 1 | 0 | 1 |
| 103 | Personal og organisasjonsutvikling | 0 | 4 | 4 |
| 104 | Økonomi | 1 | 3 | 4 |
| 200 | Oppvekst og utdanning | 4 | 7 | 11 |
| 201 | Flyktningar | 0 | 8 | 8 |
| 211 | Dønfoss barnehage | 0 | 7 | 7 |
| 213 | Bismo barnehage/ holemork barnehage | 0 | 23 | 23 |
| 220 | Skjåk barne og ungdomskule | 5 | 41 | 46 |
| 240 | Kulturskule | 4 | 5 | 9 |
| 300 | Helse og omsorg | 1 | 3 | 4 |
| 310 | Institusjon og heimesjukepleie | 1 | 58 | 59 |
| 320 | Heimetenester til funksjonshemma | 6 | 21 | 27 |
| 330 | Helsestasjon | 0 | 8 | 8 |
| 331 | Nav | 2 | 4 | 6 |
| 350 | Helsetenester | 1 | 9 | 10 |
| 400 | Miljø og samfunnsutvikling | 3 | 0 | 3 |
| 410 | Kultur | 0 | 1 | 1 |
| 420 | Teknisk var | 3 | 0 | 3 |
| 430 | Teknisk drift | 10 | 13 | 23 |
| 450 | Landbruk og næring | 3 | 4 | 7 |
| | **Totalt** | **45** | **219** | **264** |

Skjåk kommune har stabil arbeidskraft, og innan dei fleste tenesteområde er det lite utskifting av tilsette. Tiltak for å få ei jamnare kjønnsfordeling er difor mest aktuelt ved nytilsettingar. I tilsettingssaker har kommunen fokus på det som går fram i likestillings- og diskrimineringslova om adgang til positiv særbehandling som tiltak for å fremje likestilling og hindre diskriminering. Positiv særbehandling ved tilsetting er berre tillate dersom den som særbehandlast har tilnærma like kvalifikasjonar som den som elles ville fått stillinga.

Skjåk kommune har mange tilsette med høgskule- og fagskuleutdanning, og vi ser at vi dei siste åra har fått fleire tilsette med master enn det var berre for få år attende. Den gruppa vi har færrast i, er ufaglærde. Det tyder på at det er høg kompetanse blant dei tilsette.

Kommunen har eige kompetanseutval. Utvalet fattar enkeltvedtak om økonomisk støtte til utdanning. Det er to søknadsfristar i året. I tillegg til kommunen sitt kompetanseutval er det ulike støtteordningar for andre utdanningsløp.

Vi hadde tre lærlingar ved utgangen av 2023, desse er fordelt på to fag og alle er kvinner. Det har vore ein nedgang i talet på læreplassar frå året før, og vi ser at det dei siste åra har vorte færre søkjarar til læreplassar i kommunen.

Den daglege kontakten med kvarandre ute på tenesteområda er viktig for saman å skape eit godt arbeidsmiljø. Det er og viktig å ha fokus på ulike trivselstiltak utanom arbeidsdagen, dette vil vere med å

I Skjåk kommune var det ved utgangen av 2023 totalt **218 årsverk**, fordelt på **264 tilsette**.

Gjennomsnittleg stillingsstorleik **kvinner: 82%**

Gjennomsnittleg stillingsstorleik **menn: 87%**

medverke til arbeidsglede og jobbengasjement. Dei tilsette er vår viktigaste ressurs.

I desember 2023 hadde vi ei markering av tilsette som har vore tilsett i 25 år. På denne markeringa fekk ni tilsette gåvekort og helsing frå ordførar for lang og tru teneste i kommunen.

## Arbeidstid

Av 264 tilsette, er det 137 tilsette som arbeider deltid. I oversikta under er faste tilsette og vikarar som er tilsett i ein bestemt stillingsstorleik medrekna. Vikarar på timebasis er ikkje medrekna her.

Det er framleis mange tilsette i Skjåk kommune som arbeider deltid, men kommunen arbeider aktivt for å redusere bruk av uynskt deltid for tilsette i heile kommunen. Samstundes som vi arbeider aktivt for at tilsette skal få arbeide i større stilling, ser vi framleis mange, særleg kvinner, som ynskjer å arbeide i reduserte stillingar. Ein del av dei som jobbar deltid gjer dette av helsemessige grunnar. Fleirtalet av dei som jobbar deltid jobbar over 60 % stilling.

Vi har tenesteområde, som i kulturskulen, der fleirtalet av dei tilsette arbeider edeltid. I kulturskulen er det ei breidde i tilbod som krev ulik kompetanse, dette gjer det utfordrande å ha fleire heiltidsstillingar.

## Sjukefråvær

Skjåk kommune hadde eit stabilt og lågt sjukefråvær i åra før pandemien. I 2020 fekk vi ei kraftig auke i fråværet opp til 10,2 %. Vi hadde ein nedgang i fråværet i 2021, men ei ny auke att i 2022. Etter pandemien har det vore fokus på tiltak både på system- og individnivå, og vi ser at fråværet gjekk gradvis ned både i 2022 og i 2023. Samla fråvær i 2023 er på 7,8 % Dette er det lågaste fråværet vi har hatt etter pandemien i 2020. Det er langtidsfråværet som dreg opp, og korttidsfråværet ligg lågt innan dei fleste tensteområde. Fråværet ligg ofte høgare i vinterhalvåret. Det er eit mål å få fråværet ned på same nivå som vi hadde før pandemien, med rundt 6 %.

Kommunen har ein eigen plan for tenester frå bedriftshelsetenesta. Gjennom tiltak vi har jobba med som IA-kommune

### Gjennomsnittleg stillingsstorleik

| | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|---|---|
| Gjennomsnittleg stillingsstorleik kvinner | 80,3 % | 82,0 % | 80,0 % | 87,2 % | 82,0 % |
| Gjennomsnittleg stillingsstorleik menn | 81,8 % | 82,0 % | 84,0 % | 79,8 % | 87,0 % |

over fleire år er målsettinga å vere ein meir inkluderande arbeidsplass der overordna mål er å førebyggje og redusere sjukefråvær, styrke jobbnærværet og betre arbeidsmiljøet, samt hindre utstøyting og fråfall frå arbeidslivet. Leiarane er viktige både i førebygging og oppfølging av sjukmeldte. Sjukefråvær er fast tema på møte i arbeidsmiljøutvalet. Sjukefråværsarbeid og nærværsarbeid er og tema på møte og ulike opplegg med leiarar, tillitsvalde og verneombod gjennom året.

### Likestillings- og diskrimineringsarbeid og etisk standard

Skjåk kommune arbeider aktivt for å fremje likestilling. Som arbeidsgjevar er det viktig å ha fokus på å hindre diskriminering på grunn av kjønn, graviditet, permisjon ved fødsel eller adopsjon, omsorgsoppgåver, etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsetting, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk.

Personalhandboka for Skjåk kommune har eit eige kapittel om livsfasetiltak. I den årlege medarbeidarsamtala mellom tenesteleiar og tilsett skal det drøftast livsfaserelaterte problemstillingar. Tenesteleiar og den enkelte tilsette finn i fellesskap ut kva som kan/bør gjerast for at arbeidssituasjonen blir god. Det går fram at arbeidsgjevar skal ha eit spesielt fokus på oppfølging av gravide og eldre tilsette. Skjåk kommune er ein arbeidsgjevar som legg vekt på at det skal vere mogleg å kombinere arbeid og familieliv. Tiltak kan vere knytt til tilrettelegging av arbeidstid, bruk av heimekontor og andre løysingar leiar og tilsett saman kjem fram til.

Skjåk kommune skal ha ei tillitskapande forvaltning med høg etisk standard, og kommunen har eigne etiske retningsliner. Retningslinene er underskrive av ordførar, kommunedirektør og hovudverneombod, og skal bidra til ei bevisstgjering av medarbeidarar og politikarar som utfører arbeid eller oppdrag for kommunen. Våre haldningar og handlingar påverkar den tilliten som innbyggjarane har til kommunen, og vi har alle eit personleg ansvar for korleis vi oppfører oss. Dette er også moment som vert vektlagt i rekrutteringssamanheng gjennom intervju og tilsetting. Det går fram i retningslinjene at Skjåk kommune tek aktivt avstand frå diskriminering, mobbing og trakassering. Retningslinene har som mål å vere ei rettesnor for etisk framferd, og samstundes skape refleksjon hjå den enkelte.

Det går fram av dei etiske retningslinjene at vi viser respekt for alle menneske, vi brukar fagkunnskap og skjønn i arbeidet vårt og behandlar alle likeverdig.

Kommunen har og eige retningslinjer som skal bidra til førebygging og sikre god handtering av vald og truslar mot tilsette.

**Sjukefråvær**

| 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|---|
| 6,1 % | 10,2 % | 8,7 % | 9,3 % | 7,8 % |

## Internkontroll

Kommunelova § 25-2 seier at kommunedirektøren skal rapportere til kommunestyret om internkontroll. Gjennom å nytte årsmeldinga til rapportering ynskjer kommunedirektøren å gje internkontroll ekstra merksemd.

Kommunen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgåver. Gjennom kommuneplanen vert dei viktige mål og oppgåver i kommunen sett. Planen inneheld ein langsiktig og ein kortsiktig del og bygger på dei økonomiske og ressursmessige føresetnadene som er lagt for gjennomføringa.

Den langsiktige delen består av mål og hovudstrategiar for:

- Skjåk-samfunnet mot år 2028 – Visjon og mål for utviklinga.
- Kommunen som utviklingsaktør og tenesteprodusent.
- Kommuneplanens arealdel – forvaltning av areal og naturressursar.

Den kortsiktige delen av kommuneplanen-består av økonomiplan med handlingsprogram som inneheld delstrategiar og tiltak som bygger på den langsiktige delen. Kommunedel- og sektorplanar konkretiserer tiltak innanfor rammene som den overordna kommuneplanen set.

Delegeringsreglementet for Skjåk kommune beskriv ansvarsfordeling mellom politikk og administrasjon og kva som er ansvarsområda for dei ulike politiske utvala og administrative einingane.

## Helse, miljø og tryggleik.

Mål for helse, miljø og tryggleiksarbeidet i Skjåk kommune er definert i personalhandboka:

- Den einskilde arbeidstakar tek initiativ til sjølv å løyse arbeidsmiljøproblem som gjeld eigen og fellesarbeidsplassar
- Kvar einskild arbeidstakar tek ansvar og initiativ for å auke eigen og andre sin trivsel på arbeidsplassen
- Alle avvik som er blitt registrerte ved internkontroll blir handterte og lukka fortløpande

## Delegeringsreglement

Delegeringsreglementet er eit av dei sektorovergripande reglementa som alle kommunar må ha på plass. Kommunelova § 25-1 første ledd seier at kommunen skal ha internkontroll for å sikre at lover og forskrifter følgast. Vidare seier kommunelova § 25-1 a) at det skal utarbeidast ei beskriving av verksemdas hovudoppgåver, mål og organisering. Det viktigaste verkemiddelet for å dokumentere og tydeleggjere hovudoppgåver, organisering og ansvarsfordeling etter desse lovkrava er delegeringsreglementet.

Delegeringsreglement består av to delar, det politiske og det administrative delegeringsreglementet. Her er det strengt tatt berre det administrative delegeringsreglementet som høyrer under internkontrollen. Men, det politiske og det administrative delegeringsreglementet må likevel sjåast i samanheng med omsyn til korleis ansvaret er fordelt mellom politikk

og administrasjon.

Det politiske delegeringsreglementet vart sist revidert jf. vedtak i kommunestyret PS2023/35, 27. april 2023.

Kommunelova § 25-1 b) stiller krav om å ha nødvendige rutinar og prosedyrar. Dei viktigaste prosedyrane og rutinane bør vera fastsett skriftleg for sikre ein heilskapleg tenesteproduksjon og forvaltning.

Prosedyrane og rutinane skal vera kjent og tilgjengeleg for dei tilsette. Til dette formålet nyttar Skjåk kommune dokument modulen i Compilo som inneheld kommunen sine rutinar og prosedyrar, reglement og instruksar. Dokumenta i dokumentmodulen er sortert på tenesteområde og alle tilsette har tilgang dokumentmodulen.

### Avvikssystem

Ein viktig del i arbeidet med internkontrollen er å avdekke og følge opp avvik Kommunelova § 25-1 c) stiller krav om å «avdekke og følge opp avvik og risiko for avvik». Evne og vilje til å lære av uønska hendinger, «avvikshandtering» er ein sentral del av kommunen sitt kvalitets- og forbetringsarbeid. Skjåk kommune nytter avviksmodulen i Compilo til å handsame avvik. Alle tilsette har tilgang til å skrive avvik. Leiarane er ansvarlege for å handsame avvik innan eige ansvarsområde. Avviksystemet er hierarkisk oppbygd slik at avvik som ikkje kan løysast på tenesteleiarnivå kan sendast vidare til kommunalsjefnivå. Kommunalsjefane kan i sin tur løfte avvika vidare til kommunedirektør om dette er ynskjeleg. Men, som utgangspunkt skal avvika helst løysast på eit lågast mogleg nivå, nærast mogleg brukaren eller den tilsette.

I utgangspunktet er det berre den som har skrive avviket og den som er ansvarleg for handsame avviket som har lesetilgang til avviket. Men dersom den som melder avviket kryssar av for at det er eit HMS avvik vil og verneombod få lesetilgang til avviket.

Det er stor forskjell på dei ulike tenesteområda på kor aktivt avviksystemet blir brukt. Og sett under eitt burde nok avvikssystemet vore enda meir brukt. Men, det har vore ei positiv utvikling dei siste åra. For dei siste tre åra fordeler totalt antal melde avvik for heile kommuna seg slik:

- 2021: 40 avvik
- 2022: 142 avvik
- 2023: 156 avvik

Sortert på kva eining avvika er rapportert til i 2023 ser tala slik ut:

- Helse og omsorg: 86 avvik
- Oppvekst og utdanning: 36 avvik
- Miljø og samfunnsutvikling: 24 avvik
- Brannvesen: 8 avvik
- Direkterapportert til kommunedirektør: 2 avvik

### Oversikt over dei lover og forskrifter i helse, miljø og sikkerheitslovgjevinga som gjeld for verksemda.

Alle leiarar i Skjåk kommune skal sjå til at eigne og underordna sitt arbeid blir

planlagt og utført i samsvar med interne instruksar, prosedyrar, rutinar, lov og forskrifter. Fleire lover og forskrifter er relevante for helse, miljø og tryggleiksarbeidet.

Desse er nokre av dei mest sentrale og ligg med lenke på Compilo.

- Arbeidsmiljøloven
- Forskrift om organisering, ledelse og medvirkning
- Forskrift om administrative ordninger
- Forskrift om utføring av arbeid
- Internkontrollforskrifta

I tillegg kjem krav i meir spesifikke forskrifter og ulike særlover.

Arbeidsmiljøutvalet (AMU) har eit særskilt ansvar for det systematiske HMS arbeidet i Skjåk kommune. AMU skal sjå til at det systematiske HMS-arbeidet utførast etter lover, forskrifter og interne regler.

**Dokumentasjon:**

- Sakliste og møteprotokoll frå møta i AMU utvalet blir lagt ut på innsynsløysinga på heimesida til Skjåk kommune.
- Oversikt over lover og forskrifter i helse, miljø og sikkerheitslovgjevinga ligg i Compilo under HR.

**Revisjon av internkontrollen**

Kommunelova § 25-1 e) stiller krav om å evaluere og ved behov forbetre skriftlege prosedyrar og andre tiltak for internkontroll. Internkontrollen er eit kontinuerleg arbeid. Jf. Internkontrollforskrifta § 5-8 skal kommunen foreta systematisk overvaking og gjennomgang av internkontrollen for å sikre at den fungerer som forutsett. Det er ikkje noko krav om korleis evalueringa skal gjerast eller kor ofte den skal gjerast.

Sett i samanheng med kravet om årleg rapportering til kommunestyret er det naturleg at revisjonen og blir gjort ein gong i året. Alle dokument som blir lagt inn i Compilo, vil automatisk bli lagt inn med 365 dagar revisjonsintervall. Dokumena i dokumentmodulen i Compilo vert lagt inn med revisjonsansvar på stilling/rolle, slik at ansvaret følgjer stilling og ikkje person.

## Status - Internkontroll Skjåk kommune:

| Overordna Skjåk kommune - kommunedirektør | | | |
|---|---|---|---|
| | Deloppgåve internkontroll | Status | Vurdering |
| 1 | Beskriving av verksemdas hovudoppgåver, mål og organisering | V | Overordna i kommuneplan, årsmelding og personalhandbok. Her er det eit potensial – meir presis. |
| 2 | Fastsette mål for helse, miljø og tryggleik | V | Overordna for Skjåk kommune i personal-handboka |
| 3 | Delegeringsreglement | V | Administrativt delegeringsreglement sist oppdatert 12.02.2024 |
| 4 | Nødvendige rutinar og prosedyrar | X | Rutinar og prosedyrer vil i hovudsak ligge på dei ulike tenesteområdene. Ein del tenesteområder har ingen dokumentasjon på rutinar og prosedyrar i Compilo. |
| 5 | Avvikssystem | V | I Compilo. Bør brukast i større grad. Stort forbedringspotensial mhp oppfølging av avvik. |
| 6 | Risikovurdering av eiga verksemd | X | Risikovurderingar manglar på fleire tenesteområder. |
| 7 | Oversikt over dei lover og forskrifter i helse, miljø og sikkerheitslovgjevinga som gjeld for verksemda. | V | Oversikt over dei mest sentrale lover og forskrifter ligg i Compilo under HR |
| 8 | Bedriftshelseteneste og VO-teneste | V | Bedrifthelseteneste og VO - teneste fungerer etter hensikta. |
| 9 | Årleg revisjon av internkontrollen | X | Generelt for mange dokument som ikkje blir revidert. |
| 10 | Rapportering til kommunestyret om internkontroll og statleg tilsyn | V | Rapportering i årsrapport. Kommune-direktør er ansvarleg for rapportering |

| HR | | | |
|---|---|---|---|
| | Deloppgåve internkontroll | Status | Vurdering |
| 1 | Beskriving av verksemdas hovudoppgåver, mål og organisering | V | Står eindel om oppgåver og organisering av tenesta i årsmeldinga. |
| 2 | Fastsette mål for helse, miljø og tryggleik | V | Overordna for Skjåk kommune i personal-handboka |
| 3 | Delegeringsreglement | V | Administrativt delegeringsreglement sist oppdatert 12.02.2024 |
| 4 | Nødvendige rutinar og prosedyrar | V | I Compilo. |
| 5 | Avvikssystem | V | I Compilo. |
| 6 | Risikovurdering av eiga verksemd | V | I Compilo. Rev. 28.10.2023 |
| 7 | Oversikt over dei lover og forskrifter i helse, miljø og sikkerheitslovgjevinga som gjeld for verksemda. | V | Oversikt over dei mest sentrale lover og forskrifter ligg i Compilo under HR |
| 8 | Bedriftshelseteneste og VO-teneste | V | Bedrifthelseteneste og VO - teneste fungerer etter hensikta. |
| 9 | Årleg revisjon av internkontrollen | V | Ingen dokument over frist |
| 10 | Rapportering til kommunestyret om internkontroll og statleg tilsyn | V | Rapportering i årsmelding. Kommunedirektør er ansvarleg. |

| Økonomi | | | |
|---|---|---|---|
| | Deloppgåve internkontroll | Status | Vurdering |
| 1 | Beskriving av verksemdas hovudoppgåver, mål og organisering | V | Står eindel om oppgåver og organisering av tenesta i årsmeldinga. |
| 2 | Fastsette mål for helse, miljø og tryggleik | V | Overordna for Skjåk kommune i personal-handboka |
| 3 | Delegeringsreglement | V | Administrativt delegeringsreglement sist oppdatert 12.02.2024 |
| 4 | Nødvendige rutinar og prosedyrar | V | I Compilo |
| 5 | Avvikssystem | V | I Compilo. Ingen avvik ført i 2023. |
| 6 | Risikovurdering av eiga verksemd | V | I Compilo. Rev. 12.04.2023 |
| 7 | Oversikt over dei lover og forskrifter i helse, miljø og sikkerheitslovgjevinga som gjeld for verksemda. | V | Oversikt over dei mest sentrale lover og forskrifter ligg i Compilo under HR |
| 8 | Bedriftshelseteneste og VO-teneste | V | Bedrifthelseteneste og VO - teneste fungerer etter hensikta. |
| 9 | Årleg revisjon av internkontrollen | V | Eit dokument over frist |
| 10 | Rapportering til kommunestyret om internkontroll og statleg tilsyn | V | Rapportering i årsmelding. Kommunedirektør er ansvarleg. |

| Lom og Skjåk brannvesen | | | |
|---|---|---|---|
| | Deloppgåve internkontroll | Status | Vurdering |
| 1 | Beskriving av verksemdas hovudoppgåver, mål og organisering | V | Dette ligg i brannordning for Lom og Skjåk brannvesen. Det er laga til eigne dokument som spesifiserer målsetting for beredskap og førebyggande arbeid som ligg i Compilo. Organisasjonskart ligg i Compilo. |
| 2 | Fastsette mål for helse, miljø og tryggleik | V | Overordna for Skjåk kommune i personal-handboka. Spesifikt for brannvesenet i eige dokument i Compilo |
| 3 | Delegeringsreglement | V | Administrativt delegeringsreglement sist oppdatert 12.02.2024 |
| 4 | Nødvendige rutinar og prosedyrar | V | I Compilo. |
| 5 | Avvikssystem | V | I Compilo. Systemet blir aktivt brukt i tenesta |
| 6 | Risikovurdering av eiga verksemd | V | Brannvesenet har ROS, men den dekker ikkje krava i kommunelova og internkontroll-forskrifta. Ny ROS under arbeid |
| 7 | Oversikt over dei lover og forskrifter i helse, miljø og sikkerheitslovgjevinga som gjeld for verksemda. | V | Oversikt over dei mest sentrale lover og forskrifter ligg i Compilo under HR. Spesifikke krav i lov og forskrift for brannvesenet er godt kjent i tenesten. |
| 8 | Bedriftshelseteneste og VO-teneste | V | Bedrifthelseteneste og VO - teneste fungerer etter hensikta. |
| 9 | Årleg revisjon av internkontrollen | V | Ingen dokument over frist |
| 10 | Rapportering til kommunestyret om internkontroll og statleg tilsyn | V | Rapportering i årsmelding. Kommune-direktør er ansvarleg. Eigen rapportering i årsmelding for brannvesenet. |

| Skjåk barne- og ungdomsskule | | | |
|---|---|---|---|
| | Deloppgåve internkontroll | Status | Vurdering |
| 1 | Beskriving av verksemdas hovudoppgåver, mål og organisering | V | Står eindel om oppgåver og organisering av tenesta i årsmeldinga, samt i ROS-analysen. |
| 2 | Fastsette mål for helse, miljø og tryggleik | V | Overordna for Skjåk kommune i personalhandboka |
| 3 | Delegeringsreglement | V | Administrativt delegeringsreglement sist oppdatert 12.02.2024 |
| 4 | Nødvendige rutinar og prosedyrar | V | I Compilo. Fleire dokument over frist |
| 5 | Avvikssystem | V | I Compilo. Systemet blir aktivt brukt i tenesta |
| 6 | Risikovurdering av eiga verksemd | V | I Compilo. |
| 7 | Oversikt over dei lover og forskrifter i helse, miljø og sikkerheitslovgjevinga som gjeld for verksemda. | V | Oversikt over dei mest sentrale lover og forskrifter ligg i Compilo under HR |
| 8 | Bedriftshelseteneste og VO-teneste | V | Bedrifthelseteneste og VO - teneste fungerer etter hensikta. |
| 9 | Årleg revisjon av internkontrollen | V | Ingen dokument over frist |
| 10 | Rapportering til kommunestyret om internkontroll og statleg tilsyn | V | Rapportering i årsmelding. Kommunedirektør er ansvarleg. |

| Lom og Skjåk kulturskule | | | |
|---|---|---|---|
| | Deloppgåve internkontroll | Status | Vurdering |
| 1 | Beskriving av verksemdas hovudoppgåver, mål og organisering | V | Står eindel om oppgåver og organisering av tenesta i årsmeldinga. |
| 2 | Fastsette mål for helse, miljø og tryggleik | V | Overordna for Skjåk kommune i personalhandboka |
| 3 | Delegeringsreglement | V | Administrativt delegeringsreglement sist oppdatert 12.02.2024 |
| 4 | Nødvendige rutinar og prosedyrar | V | I Compilo. |
| 5 | Avvikssystem | V | I Compilo. Ingen avvik ført i 2023. |
| 6 | Risikovurdering av eiga verksemd | V | I Compilo. Rev. 12.04.2023 |
| 7 | Oversikt over dei lover og forskrifter i helse, miljø og sikkerheitslovgjevinga som gjeld for verksemda. | V | Oversikt over dei mest sentrale lover og forskrifter ligg i Compilo under HR |
| 8 | Bedriftshelseteneste og VO-teneste | V | Bedrifthelseteneste og VO - teneste fungerer etter hensikta. |
| 9 | Årleg revisjon av internkontrollen | V | Ingen dokument over frist |
| 10 | Rapportering til kommunestyret om internkontroll og statleg tilsyn | V | Rapportering i årsmelding. Kommunedirektør er ansvarleg. |

| Barnehagane | | | |
|---|---|---|---|
| | Deloppgåve internkontroll | Status | Vurdering |
| 1 | Beskriving av verksemdas hovudoppgåver, mål og organisering | V | Står eindel om oppgåver og organisering av tenesta i årsmeldinga. |
| 2 | Fastsette mål for helse, miljø og tryggleik | V | Overordna for Skjåk kommune i personal-handboka |
| 3 | Delegeringsreglement | V | Administrativt delegeringsreglement sist oppdatert 12.02.2024 |
| 4 | Nødvendige rutinar og prosedyrar | V | I Compilo. Fleire dokument over frist |
| 5 | Avvikssystem | V | I Compilo. Systemet blir aktivt brukt i tenesta |
| 6 | Risikovurdering av eiga verksemd | V | I Compilo. Rev. 30.03.2023 |
| 7 | Oversikt over dei lover og forskrifter i helse, miljø og sikkerheitslovgjevinga som gjeld for verksemda. | V | Oversikt over dei mest sentrale lover og forskrifter ligg i Compilo under HR |
| 8 | Bedriftshelseteneste og VO-teneste | V | Bedrifthelseteneste og VO - teneste fungerer etter hensikta. |
| 9 | Årleg revisjon av internkontrollen | V | Ingen dokument over frist |
| 10 | Rapportering til kommunestyret om internkontroll og statleg tilsyn | V | Rapportering i årsmelding. Kommunedirektør er ansvarleg. |

| Vaksenopplæringa | | | |
|---|---|---|---|
| | Deloppgåve internkontroll | Status | Vurdering |
| 1 | Beskriving av verksemdas hovudoppgåver, mål og organisering | V | Står eindel om oppgåver og organisering av tenesta i årsmeldinga. |
| 2 | Fastsette mål for helse, miljø og tryggleik | V | Overordna for Skjåk kommune i personal-handboka |
| 3 | Delegeringsreglement | V | Administrativt delegeringsreglement sist oppdatert 12.02.2024 |
| 4 | Nødvendige rutinar og prosedyrar | X | Desse er under utarbeiding. |
| 5 | Avvikssystem | V | I Compilo. |
| 6 | Risikovurdering av eiga verksemd | X | Ukjent |
| 7 | Oversikt over dei lover og forskrifter i helse, miljø og sikkerheitslovgjevinga som gjeld for verksemda. | V | Oversikt over dei mest sentrale lover og forskrifter ligg i Compilo under HR |
| 8 | Bedriftshelseteneste og VO-teneste | V | Bedrifthelseteneste og VO - teneste fungerer etter hensikta. |
| 9 | Årleg revisjon av internkontrollen | X | Ingen dokument å revidere |
| 10 | Rapportering til kommunestyret om internkontroll og statleg tilsyn | V | Rapportering i årsmelding. Kommunedirektør er ansvarleg. |

| Flyktningetenesta | | | |
|---|---|---|---|
| | Deloppgåve internkontroll | Status | Vurdering |
| 1 | Beskriving av verksemdas hovudoppgåver, mål og organisering | V | Står eindel om oppgåver og organisering av tenesta i årsmeldinga. |
| 2 | Fastsette mål for helse, miljø og tryggleik | V | Overordna for Skjåk kommune i personal-handboka |
| 3 | Delegeringsreglement | V | Administrativt delegeringsreglement sist oppdatert 12.02.2024 |
| 4 | Nødvendige rutinar og prosedyrar | X | Desse er under utarbeiding |
| 5 | Avvikssystem | V | I Compilo. Ingen avvik ført i 2023. |
| 6 | Risikovurdering av eiga verksemd | X | Ukjent |
| 7 | Oversikt over dei lover og forskrifter i helse, miljø og sikkerheitslovgjevinga som gjeld for verksemda. | V | Oversikt over dei mest sentrale lover og forskrifter ligg i Compilo under HR |
| 8 | Bedriftshelseteneste og VO-teneste | V | Bedrifthelseteneste og VO - teneste fungerer etter hensikta. |
| 9 | Årleg revisjon av internkontrollen | X | Ingen dokument å revidere |
| 10 | Rapportering til kommunestyret om internkontroll og statleg tilsyn | V | Rapportering i årsmelding. Kommunedirektør er ansvarleg. |

| Servicetorget og arkiv | | | |
|---|---|---|---|
| | Deloppgåve internkontroll | Status | Vurdering |
| 1 | Beskriving av verksemdas hovudoppgåver, mål og organisering | V | Står eindel om oppgåver og organisering av tenesta i årsmeldinga. |
| 2 | Fastsette mål for helse, miljø og tryggleik | V | Overordna for Skjåk kommune i personal-handboka |
| 3 | Delegeringsreglement | V | Administrativt delegeringsreglement sist oppdatert 12.02.2024 |
| 4 | Nødvendige rutinar og prosedyrar | V | I Compilo |
| 5 | Avvikssystem | V | I Compilo. Systemet blir aktivt brukt i tenesta |
| 6 | Risikovurdering av eiga verksemd | V | I Compilo. |
| 7 | Oversikt over dei lover og forskrifter i helse, miljø og sikkerheitslovgjevinga som gjeld for verksemda. | V | Oversikt over dei mest sentrale lover og forskrifter ligg i Compilo under HR |
| 8 | Bedriftshelseteneste og VO-teneste | V | Bedrifthelseteneste og VO - teneste fungerer etter hensikta. |
| 9 | Årleg revisjon av internkontrollen | V | Ingen dokument over frist |
| 10 | Rapportering til kommunestyret om internkontroll og statleg tilsyn | V | Kommunedirektør er ansvarleg for rapportering |

| Skjåk folkebibliotek | | | |
|---|---|---|---|
| | Deloppgåve internkontroll | Status | Vurdering |
| 1 | Beskriving av verksemdas hovudoppgåver, mål og organisering | V | Står eindel om oppgåver og organisering av tenesta i årsmeldinga. |
| 2 | Fastsette mål for helse, miljø og tryggleik | V | Overordna for Skjåk kommune i personal-handboka |
| 3 | Delegeringsreglement | V | Administrativt delegeringsreglement sist oppdatert 12.02.2024 |
| 4 | Nødvendige rutinar og prosedyrar | X | Er under utarbeiding. |
| 5 | Avvikssystem | V | I Compilo. Ingen avvik ført i 2023. |
| 6 | Risikovurdering av eiga verksemd | V | I Compilo. Rev. 13.04.2023 |
| 7 | Oversikt over dei lover og forskrifter i helse, miljø og sikkerheitslovgjevinga som gjeld for verksemda. | V | Oversikt over dei mest sentrale lover og forskrifter ligg i Compilo under HR |
| 8 | Bedriftshelseteneste og VO-teneste | V | Bedrifthelseteneste og VO - teneste fungerer etter hensikta. |
| 9 | Årleg revisjon av internkontrollen | V | ROS oppdatert. Ingen rutiner og prosedyrer å revidere |
| 10 | Rapportering til kommunestyret om internkontroll og statleg tilsyn | V | Rapportering i årsmelding.<br>Kommunedirektør er ansvarleg. |

| IT | | | |
|---|---|---|---|
| | Deloppgåve internkontroll | Status | Vurdering |
| 1 | Beskriving av verksemdas hovudoppgåver, mål og organisering | V | Står eindel om oppgåver og organisering av tenesta i årsmeldinga. |
| 2 | Fastsette mål for helse, miljø og tryggleik | V | Overordna for Skjåk kommune i personal-handboka |
| 3 | Delegeringsreglement | V | Administrativt delegeringsreglement sist oppdatert 12.02.2024 |
| 4 | Nødvendige rutinar og prosedyrar | V | Desse eksisterer, men ligg ikkje i Compilo av sikkerheitsmessige grunnar |
| 5 | Avvikssystem | V | I Compilo. 1 avvik ført i 2023 |
| 6 | Risikovurdering av eiga verksemd | V | ROS modulen i Compilo |
| 7 | Oversikt over dei lover og forskrifter i helse, miljø og sikkerheitslovgjevinga som gjeld for verksemda. | V | Oversikt over dei mest sentrale lover og forskrifter ligg i Compilo under HR |
| 8 | Bedriftshelseteneste og VO-teneste | V | Bedrifthelseteneste og VO - teneste fungerer etter hensikta. |
| 9 | Årleg revisjon av internkontrollen | V | Dette blir gjort, men dokumenta ligg ikkje tilgjengelege i Compilo av sikkerheitsmes-sige grunnar. |
| 10 | Rapportering til kommunestyret om internkontroll og statleg tilsyn | V | Rapportering i årsmelding.<br>Kommunedirektør er ansvarleg. |

# GLIMT FRÅ 2023

JANUAR

## FELLES HELSESTASJON LOM OG SKJÅK

Frå 1. januar 2023 er det vedteke politisk at Lom og Skjåk kommunar går saman om eit vertskommune-samarbeid med Skjåk som vertskommune.

FEBRUAR

## MØT EDEL-ORDFØRAR PÅ SKJÅK FOKEBILBLIOTEK

I februar starta ordføraren med å vere tilgjengeleg for ein prat på biblioteket. Her kan innbyggarane møte ordføraren i ein uformell setting for å prate om stort og smått.




Foto: Skjåk kommune

MARS

## BYGGING AV FLAUMVOLL

Bygging av flaumvoll ved Ottaelva rundt kommunesenteret Bismo har starta. På bildet kan du sjå hogst av trasé for flaumvollen.



Foto: Skjåk kommune

APRIL



Foto: Skjåk kommune

## KLASSEQUIZEN

Dette året kvalifiserte 10. klasse seg til landsfinalen i Klassequizen etter at dei først hadde vore i fylkesfinalen, og vi kunne sjå dei i programmet ein kveld i slutten av april. Mari, Lars, Rikard og Eldri Marie var fine ambassadørar for bygda vår.



Foto: Skjåk kommune

**MOGLEGHEITSSTUDIE, OPE FOLKEMØTE I KANTINA**

På oppdrag frå Skjåk kommune gjennomfører Selberg Arkitekter eit moglegheitsstudie for Bismo med eit ope møte tysdag 25. april.

## JUNI

**SKJÅK TSL - TRAKTOR, SIKKERHEIT OG LANDBRUK**

11. juni arrangerte Skjåk Ungdomsråd og Skjåk kommune ein temadag der traktor, sikkerheit og landbruk stod i fokus




Foto: Marianne Stensgaard

## MAI



Foto: Lom og Skjåk brannvesen

**MILLIONGÅVE TIL LOM OG SKJÅK BRANNVESEN**

Lom og Skjåk brannvesen vart tildelt ein million kroner frå Sparebank1 Lom og Skjåk

**ARBEIDET MED SKJÅKHALLEN HAR STARTA!**

Onsdag 3. mai var fyrste dag i arbeidet med den nye Skjåkhallen



Foto: Skjermdump webcamera

## JULI




Poster: Skjåk kommune

**SKJÅK INFLUENSERE**

Skjåk kommune har tilsett fem ungdomar som influensarar.




Foto: Edel Kveen
På bildet: Jan Ivar Engebretsen i NAF

**100ÅRS MARKERING HOVEDVEGEN SKJÅK- STRYN**

100 år med samanhengande veg mellom Skjåk og Stryn vart markert i juli.

# GLIMT FRÅ 2023




Skjermdump YR, ekstremværet Hans.

AUGUST

**KRISESTAB I KOMMUNEN I SAMBAND MED EKSTREMVÊRET**
Skjåk kommune set krisestab i samband med ekstremvêret Hans.

OKTOBER

**SKJÅKKONFERANSEN 2.–3. OKTOBER 2023**
Skjåk ynskjer meir samarbeid med våre nabokommunar i vest og inviterte derfor ulike næringsaktørar, politikarar og folk frå kommunal administrasjon mfl frå Stryn, Stranda og Skjåk til Skjåkkonferansen ved Dønfoss og Grotli.
Tema er: «Samarbeid for økt verdiskaping»!




Foto: Skjåk kommune

SEPTEMBER

**KOMMUNESTYRE- OG FYLKESTINGSVAL 2023**
Frammøteprosent i Skjåk ved årets Kommunestyre- og fylkestingsval 2023 var på 65,6 prosent. Totalt 1 152 opptalte stemmesetlar, og 754 førehandsrøysta.



Foto: Skjåk kommune




Logo: Haus byrå

**FRISKUS I SKJÅK**
Friskus i Skjåk er ei støtteordning som skal gå til fritidsaktivitetar for barn og unge mellom 6 og 18 år i Skjåk. Målet er å inkludere barn og unge i fritidsaktivitetar i Skjåk.

NOVEMBER


Foto: Fjuken

## SKJÅKPRISEN 2023

Årets prisvinnar Per Dagsgard, har utført arbeid og registreringar som har stor betydning for kommunen, men òg av stor verdi nasjonalt og internasjonalt. Per sitt arbeid og engasjement dekkjer fleire områder: natur- og miljøforvaltning, samfunnsengasjement og kunst og kultur.

## ISTIDA VART OPPDAGA I SKJÅK

«Istida vart oppdaga i Skjåk». I år er det 200 år sidan den sensasjonelle oppdaginga i Skjåk



Plakat: Skjåk kommune

DESEMBER

## UNGDOMSRÅDET

Skjåk ungdomsråd fekk utarbeidd ny logo.

SKJÅK UNGDOMSRÅD



## BESØK AV STATSFORVALTEREN

Statsforvaltaren i Innlandet på kommunebesøk i Skjåk. Her i grisefjøset hjå Antia Tråstad og Kjell Erik Galde.



## FLAUMVOLLEN

Flaumsikringa av Bismo er det mest kostnadskrevjande flaumsikringsprosjektet i NVE si historie. Biletet viser plastring av flaumvoll.


Foto: Siri Tyseng, NVE

| Institusjon - Skjåkheimen | | | |
|---|---|---|---|
| | Deloppgåve internkontroll | Status | Vurdering |
| 1 | Beskriving av verksemdas hovudoppgåver, mål og organisering | V | Står eindel om oppgåver og organisering av tenesta i årsmeldinga. Overordna i kommuneplan, årsmelding og personalhandbok. |
| 2 | Fastsette mål for helse, miljø og tryggleik | V | Overordna for Skjåk kommune i personalhandboka |
| 3 | Delegeringsreglement | V | Administrativt delegeringsreglement sist oppdatert 12.02.2024 |
| 4 | Nødvendige rutinar og prosedyrar | V | I Compilo. Fleire dokument over frist |
| 5 | Avvikssystem | V | I Compilo. Systemet blir aktivt brukt i tenesta |
| 6 | Risikovurdering av eiga verksemd | V | I Compilo. Risikovurdering Skjåkheimen Rev. 05.05.2023. Risikovurdering institusjonskjøken Rev 16.01.2023. |
| 7 | Oversikt over dei lover og forskrifter i helse, miljø og sikkerheitslovgjevinga som gjeld for verksemda. | V | Oversikt over dei mest sentrale lover og forskrifter ligg i Compilo under HR |
| 8 | Bedriftshelseteneste og VO-teneste | V | Bedrifthelseteneste og VO - teneste fungerer etter hensikta. |
| 9 | Årleg revisjon av internkontrollen | X | Fleire dokument over frist |
| 10 | Rapportering til kommunestyret om internkontroll og statleg tilsyn | V | Rapportering i årsmelding. Kommunedirektør er ansvarleg. |

| Heimesjukepleia | | | |
|---|---|---|---|
| | Deloppgåve internkontroll | Status | Vurdering |
| 1 | Beskriving av verksemdas hovudoppgåver, mål og organisering | V | Står eindel om oppgåver og organisering av tenesta i årsmeldinga. Overordna i kommuneplan, årsmelding og personal-handbok. |
| 2 | Fastsette mål for helse, miljø og tryggleik | V | Overordna for Skjåk kommune i personalhandboka |
| 3 | Delegeringsreglement | V | Administrativt delegeringsreglement sist oppdatert 12.02.2024 |
| 4 | Nødvendige rutinar og prosedyrar | V | I Compilo. Enkelte dokument over frist |
| 5 | Avvikssystem | V | I Compilo. Systemet blir aktivt brukt i tenesta |
| 6 | Risikovurdering av eiga verksemd | V | I Compilo. Rev. 05.05.2024 |
| 7 | Oversikt over dei lover og forskrifter i helse, miljø og sikkerheitslovgjevinga som gjeld for verksemda. | V | Oversikt over dei mest sentrale lover og forskrifter ligg i Compilo under HR |
| 8 | Bedriftshelseteneste og VO-teneste | V | Bedrifthelseteneste og VO - teneste fungerer etter hensikta. |
| 9 | Årleg revisjon av internkontrollen | V | Enkelte dokument over frist |
| 10 | Rapportering til kommunestyret om internkontroll og statleg tilsyn | V | Rapportering i årsmelding. Kommunedirektør er ansvarleg. |

| Heimetenester for funksjonshemma inkl. Bismotunet | | | |
|---|---|---|---|
| | Deloppgåve internkontroll | Status | Vurdering |
| 1 | Beskriving av verksemdas hovudoppgåver, mål og organisering | V | Står eindel om oppgåver og organisering av tenesta i årsmeldinga. Overordna i kommuneplan, årsmelding og personalhandbok. |
| 2 | Fastsette mål for helse, miljø og tryggleik | V | Overordna for Skjåk kommune i personalhandboka |
| 3 | Delegeringsreglement | V | Administrativt delegeringsreglement sist oppdatert 12.02.2024 |
| 4 | Nødvendige rutinar og prosedyrar | V | Rutinehandbok, ikkje inne i Compilo. Rutiner for enkeltbrukarar er ikkje i Compilo grunna GDPR. |
| 5 | Avvikssystem | V | I Compilo. Systemet blir aktivt brukt i tenesta |
| 6 | Risikovurdering av eiga verksemd | V | I Compilo. Rev. 31.12.2023 |
| 7 | Oversikt over dei lover og forskrifter i helse, miljø og sikkerheitslovgjevinga som gjeld for verksemda. | V | Oversikt over dei mest sentrale lover og forskrifter ligg i Compilo under HR |
| 8 | Bedriftshelseteneste og VO-teneste | V | Bedrifthelseteneste og VO - teneste fungerer etter hensikta. |
| 9 | Årleg revisjon av internkontrollen | X | Mangelfull dokumentasjon |
| 10 | Rapportering til kommunestyret om internkontroll og statleg tilsyn | V | Rapportering i årsmelding. Kommunedirektør er ansvarleg. |

| Helsestasjon og legekontor | | | |
|---|---|---|---|
| | Deloppgåve internkontroll | Status | Vurdering |
| 1 | Beskriving av verksemdas hovudoppgåver, mål og organisering | V | Står eindel om oppgåver og organisering av tenesta i årsmeldinga. Overordna i kommuneplan, årsmelding og personalhandbok. |
| 2 | Fastsette mål for helse, miljø og tryggleik | V | Overordna for Skjåk kommune i personalhandboka |
| 3 | Delegeringsreglement | V | Administrativt delegeringsreglement sist oppdatert 12.02.2024 |
| 4 | Nødvendige rutinar og prosedyrar | V | Eindel planer og prosedyrer for helsestasjon. |
| 5 | Avvikssystem | V | I Compilo. Systemet blir aktivt brukt i tenesta |
| 6 | Risikovurdering av eiga verksemd | V | I Compilo |
| 7 | Oversikt over dei lover og forskrifter i helse, miljø og sikkerheitslovgjevinga som gjeld for verksemda. | V | Oversikt over dei mest sentrale lover og forskrifter ligg i Compilo under HR |
| 8 | Bedriftshelseteneste og VO-teneste | V | Bedrifthelseteneste og VO - teneste fungerer etter hensikta. |
| 9 | Årleg revisjon av internkontrollen | V | Fleire dokument over frist |
| 10 | Rapportering til kommunestyret om internkontroll og statleg tilsyn | V | Rapportering i årsmelding. Kommunedirektør er ansvarleg. |

| Tildelingskontoret | | | |
|---|---|---|---|
| | Deloppgåve internkontroll | Status | Vurdering |
| 1 | Beskriving av verksemdas hovudoppgåver, mål og organisering | V | Står eindel om oppgåver og organisering av tenesta i årsmeldinga. Overordna i kommuneplan, årsmelding og personal-handbok. |
| 2 | Fastsette mål for helse, miljø og tryggleik | V | Overordna for Skjåk kommune i personalhandboka |
| 3 | Delegeringsreglement | V | Administrativt delegeringsreglement sist oppdatert 12.02.2024 |
| 4 | Nødvendige rutinar og prosedyrar | V | I Compilo. Fleire dokument over frist |
| 5 | Avvikssystem | V | I Compilo. Ingen avvik ført i 2023. |
| 6 | Risikovurdering av eiga verksemd | X | Ligg ikkje i Compilo |
| 7 | Oversikt over dei lover og forskrifter i helse, miljø og sikkerheitslovgjevinga som gjeld for verksemda. | V | Oversikt over dei mest sentrale lover og forskrifter ligg i Compilo under HR |
| 8 | Bedriftshelseteneste og VO-teneste | V | Bedrifthelseteneste og VO - teneste fungerer etter hensikta. |
| 9 | Årleg revisjon av internkontrollen | X | Fleire dokument over frist |
| 10 | Rapportering til kommunestyret om internkontroll og statleg tilsyn | V | Rapportering i årsmelding. Kommunedirektør er ansvarleg. |

| NAV | | | |
|---|---|---|---|
| | Deloppgåve internkontroll | Status | Vurdering |
| 1 | Beskriving av verksemdas hovudoppgåver, mål og organisering | V | Står eindel om oppgåver og organisering av tenesta i årsmeldinga. Overordna i kommuneplan, årsmelding og personal-handbok. |
| 2 | Fastsette mål for helse, miljø og tryggleik | V | Overordna for Skjåk kommune i personalhandboka |
| 3 | Delegeringsreglement | V | Administrativt delegeringsreglement sist oppdatert 12.02.2024 |
| 4 | Nødvendige rutinar og prosedyrar | V | Bruker eige system, ikkje i Compilo. Er eigne føringar frå statleg samarbeid. |
| 5 | Avvikssystem | V | I Compilo. Ingen avvik ført i 2023. Fører avvik i eige system? |
| 6 | Risikovurdering av eiga verksemd | V | I Compilo. |
| 7 | Oversikt over dei lover og forskrifter i helse, miljø og sikkerheitslovgjevinga som gjeld for verksemda. | V | Oversikt over dei mest sentrale lover og forskrifter ligg i Compilo under HR |
| 8 | Bedriftshelseteneste og VO-teneste | V | Bedrifthelseteneste og VO - teneste fungerer etter hensikta. |
| 9 | Årleg revisjon av internkontrollen | V | Bruker eige system, ikkje i Compilo. |
| 10 | Rapportering til kommunestyret om internkontroll og statleg tilsyn | V | Rapportering i årsmelding. Kommunedirektør er ansvarleg. |

| Sysselsettingsgruppe | | | |
|---|---|---|---|
| | Deloppgåve internkontroll | Status | Vurdering |
| 1 | Beskriving av verksemdas hovudoppgåver, mål og organisering | V | Står eindel om oppgåver og organisering av tenesta i årsmeldinga. Overordna i kommuneplan, årsmelding og personalhandbok. |
| 2 | Fastsette mål for helse, miljø og tryggleik | V | Overordna for Skjåk kommune i personalhandboka |
| 3 | Delegeringsreglement | V | Administrativt delegeringsreglement sist oppdatert 12.02.2024 |
| 4 | Nødvendige rutinar og prosedyrar | X | Ikkje i Compilo. Rutinar, prosedyrer og sjekklister i eige fagsystem |
| 5 | Avvikssystem | V | I Compilo. Ingen avvik ført i 2023 |
| 6 | Risikovurdering av eiga verksemd | X | Ukjent, ikkje i Compilo |
| 7 | Oversikt over dei lover og forskrifter i helse, miljø og sikkerheitslovgjevinga som gjeld for verksemda. | V | Oversikt over dei mest sentrale lover og forskrifter ligg i Compilo under HR |
| 8 | Bedriftshelseteneste og VO-teneste | V | Bedrifthelseteneste og VO - teneste fungerer etter hensikta. |
| 9 | Årleg revisjon av internkontrollen | X | Ingen dokument å revidere |
| 10 | Rapportering til kommunestyret om internkontroll og statleg tilsyn | V | Rapportering i årsmelding. Kommunedirektør er ansvarleg. |

| Jordbruk | | | |
|---|---|---|---|
| | Deloppgåve internkontroll | Status | Vurdering |
| 1 | Beskriving av verksemdas hovudoppgåver, mål og organisering | V | Står om oppgåver og organisering av tenesta i årsmeldinga. |
| 2 | Fastsette mål for helse, miljø og tryggleik | V | Overordna for Skjåk kommune i personalhandboka |
| 3 | Delegeringsreglement | V | Administrativt delegeringsreglement sist oppdatert 12.02.2024 |
| 4 | Nødvendige rutinar og prosedyrar | V | I Compilo. |
| 5 | Avvikssystem | V | I Compilo. Lite brukt. |
| 6 | Risikovurdering av eiga verksemd | V | I Compilo. Rev. 08.11.2022 |
| 7 | Oversikt over dei lover og forskrifter i helse, miljø og sikkerheitslovgjevinga som gjeld for verksemda. | V | Oversikt over dei mest sentrale lover og forskrifter ligg i Compilo under HR |
| 8 | Bedriftshelseteneste og VO-teneste | V | Bedrifthelseteneste og VO - teneste fungerer etter hensikta. |
| 9 | Årleg revisjon av internkontrollen | V | Fleire dokument over frist |
| 10 | Rapportering til kommunestyret om internkontroll og statleg tilsyn | V | Rapportering i årsmelding. Kommunedirektør er ansvarleg. |

| Skogbruk | | | |
|---|---|---|---|
| | Deloppgåve internkontroll | Status | Vurdering |
| 1 | Beskriving av verksemdas hovudoppgåver, mål og organisering | V | Står om oppgåver og organisering av tenesta i årsmeldinga. |
| 2 | Fastsette mål for helse, miljø og tryggleik | V | Overordna for Skjåk kommune i personal-handboka |
| 3 | Delegeringsreglement | V | Administrativt delegeringsreglement sist oppdatert 12.02.2024 |
| 4 | Nødvendige rutinar og prosedyrar | X | Under arbeid. (skogbruk ligger under landbruk og benytter mykje av de samme dokumentene.) |
| 5 | Avvikssystem | V | I Compilo. Ingen avvik ført i 2023. |
| 6 | Risikovurdering av eiga verksemd | X | Under arbeid. (skogbruk ligger under landbruk og benytter mykje av de samme dokumentene.) |
| 7 | Oversikt over dei lover og forskrifter i helse, miljø og sikkerheitslovgjevinga som gjeld for verksemda. | V | Oversikt over dei mest sentrale lover og forskrifter ligg i Compilo under HR |
| 8 | Bedriftshelseteneste og VO-teneste | V | Bedrifthelseteneste og VO - teneste fungerer etter hensikta. |
| 9 | Årleg revisjon av internkontrollen | X | Under arbeid. (skogbruk ligger under landbruk og benytter mykje av de samme dokumentene.) |
| 10 | Rapportering til kommunestyret om internkontroll og statleg tilsyn | V | Rapportering i årsmelding. Kommunedirektør er ansvarleg. |

| Miljø- og Naturforvaltning | | | |
|---|---|---|---|
| | Deloppgåve internkontroll | Status | Vurdering |
| 1 | Beskriving av verksemdas hovudoppgåver, mål og organisering | V | Står om oppgåver og organisering av tenesta i årsmeldinga. |
| 2 | Fastsette mål for helse, miljø og tryggleik | V | Overordna for Skjåk kommune i personalhandboka |
| 3 | Delegeringsreglement | V | Administrativt delegeringsreglement sist oppdatert 12.02.2024 |
| 4 | Nødvendige rutinar og prosedyrar | X | Under arbeid, finnes noko. |
| 5 | Avvikssystem | V | I Compilo. Ingen avvik ført i 2023. |
| 6 | Risikovurdering av eiga verksemd | V | I Compilo. Rev. 06.03.2023 |
| 7 | Oversikt over dei lover og forskrifter i helse, miljø og sikkerheitslovgjevinga som gjeld for verksemda. | V | Oversikt over dei mest sentrale lover og forskrifter ligg i Compilo under HR |
| 8 | Bedriftshelseteneste og VO-teneste | V | Bedrifthelseteneste og VO - teneste fungerer etter hensikta. |
| 9 | Årleg revisjon av internkontrollen | X | Manglande dokumentasjon |
| 10 | Rapportering til kommunestyret om internkontroll og statleg tilsyn | V | Rapportering i årsmelding. Kommunedirektør er ansvarleg. |

| Næring | | | |
|---|---|---|---|
| | Deloppgåve internkontroll | Status | Vurdering |
| 1 | Beskriving av verksemdas hovudoppgåver, mål og organisering | V | Står om oppgåver og organisering av tenesta i årsmeldinga. |
| 2 | Fastsette mål for helse, miljø og tryggleik | V | Overordna for Skjåk kommune i personalhandboka |
| 3 | Delegeringsreglement | V | Administrativt delegeringsreglement sist oppdatert 12.02.2024 |
| 4 | Nødvendige rutinar og prosedyrar | X | Under arbeid |
| 5 | Avvikssystem | V | I Compilo. Ingen avvik ført i 2023. |
| 6 | Risikovurdering av eiga verksemd | X | Under arbeid |
| 7 | Oversikt over dei lover og forskrifter i helse, miljø og sikkerheitslovgjevinga som gjeld for verksemda. | V | Oversikt over dei mest sentrale lover og forskrifter ligg i Compilo under HR |
| 8 | Bedriftshelseteneste og VO-teneste | V | Bedrifthelseteneste og VO - teneste fungerer etter hensikta. |
| 9 | Årleg revisjon av internkontrollen | X | Under arbeid |
| 10 | Rapportering til kommunestyret om internkontroll og statleg tilsyn | V | Rapportering i årsmelding. Kommunedirektør er ansvarleg. |

| Kultur | | | |
|---|---|---|---|
| | Deloppgåve internkontroll | Status | Vurdering |
| 1 | Beskriving av verksemdas hovudoppgåver, mål og organisering | V | Står om oppgåver og organisering av tenesta i årsmeldinga. |
| 2 | Fastsette mål for helse, miljø og tryggleik | V | Overordna for Skjåk kommune i personalhandboka |
| 3 | Delegeringsreglement | V | Administrativt delegeringsreglement sist oppdatert 12.02.2024 |
| 4 | Nødvendige rutinar og prosedyrar | V | Ukjent, ikkje i Compilo |
| 5 | Avvikssystem | V | I Compilo. Ingen avvik ført i 2023. |
| 6 | Risikovurdering av eiga verksemd | V | I Compilo. Rev. 23.12.2022 |
| 7 | Oversikt over dei lover og forskrifter i helse, miljø og sikkerheitslovgjevinga som gjeld for verksemda. | V | Oversikt over dei mest sentrale lover og forskrifter ligg i Compilo under HR |
| 8 | Bedriftshelseteneste og VO-teneste | V | Bedrifthelseteneste og VO - teneste fungerer etter hensikta. |
| 9 | Årleg revisjon av internkontrollen | V | ROS oppdatert |
| 10 | Rapportering til kommunestyret om internkontroll og statleg tilsyn | V | Rapportering i årsmelding. Kommunedirektør er ansvarleg. |

| Informasjon | | | |
|---|---|---|---|
| | Deloppgåve internkontroll | Status | Vurdering |
| 1 | Beskriving av verksemdas hovudoppgåver, mål og organisering | V | Står om oppgåver og organisering av tenesta i årsmeldinga. |
| 2 | Fastsette mål for helse, miljø og tryggleik | V | Overordna for Skjåk kommune i personal-handboka |
| 3 | Delegeringsreglement | V | Administrativt delegeringsreglement sist oppdatert 12.02.2024 |
| 4 | Nødvendige rutinar og prosedyrar | V | I Compilo under arbeid. |
| 5 | Avvikssystem | V | I Compilo. Ingen avvik ført i 2023. |
| 6 | Risikovurdering av eiga verksemd | V | I Compilo. Rev. 20.04.2023 |
| 7 | Oversikt over dei lover og forskrifter i helse, miljø og sikkerheitslovgjevinga som gjeld for verksemda. | V | Oversikt over dei mest sentrale lover og forskrifter ligg i Compilo under HR |
| 8 | Bedriftshelseteneste og VO-teneste | V | Bedrifthelseteneste og VO - teneste fungerer etter hensikta. |
| 9 | Årleg revisjon av internkontrollen | V | ROS oppdatert |
| 10 | Rapportering til kommunestyret om internkontroll og statleg tilsyn | V | Rapportering i årsmelding. Kommunedirektør er ansvarleg. |

| Teknisk avd. inkl. reinhald, vaktmeistertenester og prosjekt | | | |
|---|---|---|---|
| | Deloppgåve internkontroll | Status | Vurdering |
| 1 | Beskriving av verksemdas hovudoppgåver, mål og organisering | V | Står om oppgåver og organisering av tenesta i årsmeldinga. |
| 2 | Fastsette mål for helse, miljø og tryggleik | V | Overordna for Skjåk kommune i personalhandboka |
| 3 | Delegeringsreglement | V | Administrativt delegeringsreglement sist oppdatert 12.02.2024 |
| 4 | Nødvendige rutinar og prosedyrar | V | Rutinar, prosedyrer og sjekklister i eige fagsystem (IK bygg) |
| 5 | Avvikssystem | V | I Compilo. Systemet blir aktivt brukt innan tenesten |
| 6 | Risikovurdering av eiga verksemd | V | Dette ligger i IK bygg portalen |
| 7 | Oversikt over dei lover og forskrifter i helse, miljø og sikkerheitslovgjevinga som gjeld for verksemda. | V | Oversikt over dei mest sentrale lover og forskrifter ligg i Compilo under HR |
| 8 | Bedriftshelseteneste og VO-teneste | V | Bedrifthelseteneste og VO - teneste fungerer etter hensikta. |
| 9 | Årleg revisjon av internkontrollen | V | Dette ligger i IK bygg portalen |
| 10 | Rapportering til kommunestyret om internkontroll og statleg tilsyn | V | Rapportering i årsmelding. Kommunedirektør er ansvarleg. |

| VVA | | | |
|---|---|---|---|
| | Deloppgåve internkontroll | Status | Vurdering |
| 1 | Beskriving av verksemdas hovudoppgåver, mål og organisering | V | Står om oppgåver og organisering av tenesta i årsmeldinga. |
| 2 | Fastsette mål for helse, miljø og tryggleik | V | Overordna for Skjåk kommune i personalhandboka |
| 3 | Delegeringsreglement | V | Administrativt delegeringsreglement sist oppdatert 12.02.2024 |
| 4 | Nødvendige rutinar og prosedyrar | V | I Compilo. Fleire dokument over frist |
| 5 | Avvikssystem | V | I Compilo. Systemet blir aktivt brukt innan tenesten |
| 6 | Risikovurdering av eiga verksemd | V | Oppdatert |
| 7 | Oversikt over dei lover og forskrifter i helse, miljø og sikkerheitslovgjevinga som gjeld for verksemda. | V | Oversikt over dei mest sentrale lover og forskrifter ligg i Compilo under HR |
| 8 | Bedriftshelseteneste og VO-teneste | V | Bedrifthelseteneste og VO - teneste fungerer etter hensikta. |
| 9 | Årleg revisjon av internkontrollen | V | Fleire dokument over frist. arbeides fortløpande med dette. |
| 10 | Rapportering til kommunestyret om internkontroll og statleg tilsyn | V | Rapportering i årsmelding. Kommunedirektør er ansvarleg. |

# 6/ Tenesteområde **Oppvekst og utdanning**




**Tenesteområde**
*Oppvekst og utdanning*
Oppvekst og utdanning omfattar barnehagane, Skjåk barne- og ungdomsskule, Lom og Skjåk kulturskule, Skjåk folkebibliotek, It-samarbeidet Lom og Skjåk, Flyktningtenesta med vaksenopplæringa og servicetorget. I tillegg deltek kommunen i regionalt samarbeid om PPT (Pedagogisk psykologisk teneste), der Sel kommune er vertskommune.

*Satsingsområde 2023:*

- Oppvekstreforma
- Fagfornyinga i skulen
- Begynnaropplæringa
- Barnehage og skulemiljø
- Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkludering
- Kompetanseutvikling gjennom barnehagebasert utviklingsarbeid
- Vidareutvikle felles kulturskule gjennom forbetringsarbeid og utviklingsarbeid
- Deltaking i rettleiarrunde med Norsk kulturskuleråd
- Vidareutvikle biblioteket som kulturell samlingsstad i kommunen
- Arbeide for sky-løysingar, datatryggleik og større fleksibilitet
- Avklaringar/gjennomføring av tiltak i lokale/utstyr for kunst- og handverksfaget

### Sjukefråvær oppvekst og utdanning

| 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|---|
| 6,40 % | 8,20 % | 6,80 % | 8,90 % | 8,10 % |

*Sjukefråværet i tenesteområde oppvekst og utdanning samla var på 8,1 % i 2023.*

## Økonomi

Tenestene innanfor oppvekst og utdanning har eit samla overforbruk på 6 264 670 kroner. Det er fleire faktorar som spelar inn her. Auka lønsutgifter og sosiale kostnader er ein viktig faktor.

Det knyter seg eit meirforbruk ut frå budsjettet for 2023 til ansvar 201 Flyktningar, altså flyktningtenesta og vaksenopplæring. Gjennom året vart det naudsynt å bemanne opp begge tenestene. Vaksenopplæringa tek imot flyktningar frå både Lom og Skjåk, og hadde oppstart av fire klasser i løpet av året i tillegg til grunnskuleundervisninga som har gått gjennom heile året. Skjåk tok imot sju flyktningar meir enn det i utgangspunktet var vedteke. Meirforbruk i flyktningtenesta og vaksenopplæringa blir dekt opp innafor eksterne øyremerka tilskot til formålet, som blir inntektsført under finans og overføringar, ansvar 600. Såleis er dette ikkje eit overforbruk når ein ser heilskapen.

Bismo barnehage har også hatt eit overforbruk, dette knyter seg i stor grad til sjukevikarar og ekstrahjelp. Foreldrebetalinga har også vore noko lågare enn forventa, noko som mellom anna kjem av at fleire har fått innvilga redusert foreldrebetaling.

Ansvar 200 inkluderer mellom anna servicetorget, IT-avdelinga, Skjåk folkebibliotek, skuleskyss, kostnader knytt til PPT i skule og barnehage, kostnader knytt til elevar vi betaler for skulegang til i andre kommunar, ungdomsråd og ungdomsklubb. Her har det også vore eit meirforbruk, fyrst og fremst på tenesta sentralbord og fellestenester, samt tenesta EDB og kopiering. Dette gjeld løn og sosiale kostnader, og særleg ein auke i kostnader knytt til mellom anna lisensar og kontingentar, samt interkommunale samarbeid, drifts- og serviceavtaler.

Det er ved Skjåk barne- og ungdomsskule det største meirforbruket på løn ligg. Dette skuldast hovudsakleg ei relativt stor auke i vedtak om spesialundervisning. Rapporten frå Agenda Kaupang støttar også opp under denne konklusjonen, og

## Økonomi

| | | Rekneskapen 2023 | Budsjett 2023 | Budsjett opphaveleg | Avvik | Rekneskap 2022 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 200 | Oppvekst og utdanning | 19 593 506 | 17 342 000 | 16 857 000 | 2 251 506 | 17 671 856 |
| 201 | Flyktningar | 7 240 285 | 6 253 000 | 3 372 000 | 987 285 | 2 152 079 |
| 211 | Dønfoss barnehage | 4 880 560 | 5 348 000 | 4 935 000 | -467 440 | 4 471 366 |
| 213 | Bismo barnehage | 12 450 452 | 11 635 000 | 10 651 000 | 815 452 | 9 426 208 |
| 220 | Skjåk barne- og ungdomsskule | 27 800 739 | 24 714 000 | 22 941 000 | 3 086 739 | 25 172 600 |
| 240 | Kulturskule | 1 902 128 | 2 311 000 | 1 931 000 | -408 872 | 1 722 566 |
| | **TOTAL** | **73 867 670** | **67 603 000** | **60 687 000** | **6 264 670** | **60 616 674** |

skulen saman med PPT er difor i gang med ein snuoperasjon. Denne er i tråd med statlege føringar som også fortel at dei aller fleste utfordringar hjå elevar skal løysast ved tilpassing innanfor det ordinære tilbodet, og at det berre ved samansette vedvarande utfordringar skal setjast inn spesialundervisning. Skulen har elles redusert bruk av vikar så langt det har vore mogleg. Mellom anna har to foreldre-permisjonar vorte dekt ved at leiinga ved skulen har gått inn og teke undervisning, og ved å omstrukturere timeplanen. SFO har også fått høgare lønsutgifter i samband med at det har vorte innført 12 timar gratis SFO for 1. og 2. klasse, og at det såleis har vore ein auke i barn på SFO.

Dønfoss barnhage og Lom og Skjåk kulturskule har begge eit mindreforbruk i 2023.

## Barnehage

I BASIL-statistikken (Basil er Utdanningsdirektoratet sitt innrapporteringssystem for barnehagar) var det rapportert inn 80 barn i barnehagane i Skjåk hausten 2023.

Barnehagane arbeider kontinuerleg med halde seg fagleg oppdaterte for å sjå og reflektere over korleis dei tilsette sin veremåte påverkar samhandlinga med barna. Dette inneber systematisk og målretta arbeid med psykisk helse, relasjonsbygging, førebygging av mobbing og krenkande åtferd.



Foto: Dønfoss barnehage

| Oppholdstidgruppe | Antall |
|---|---|
| Heltid | 65 |
| Deltid | 15 |

*Kjelde: Udir*




*Kjelde: Udir*

## Barn pr. ansatt






*Den viktige leiken*

Barnehagane skal gje gode vilkår for leik, vennskap og barna sin eigen kultur. Leiken er barna si grunnleggjande læringsform, og skal ha ein viktig plass i barnehagen. Barn uttrykkjer seg gjennom leiken, dei tileignar seg ny kunnskap og får nye erfaringar. Målet er at alle skal få høyre til og føle vennskap med andre barn ved å vere i leik på ein god måte. Heilskapleg og leikbasert læring skjer når barn får vere med i aktivitetar der dei tilsette i barnehagen er aktive og engasjerte, og der barna hjelper til med daglege gjeremål. Personalet støttar, kommuniserer og viser interesse saman med barna i handlingar og aktivitetar gjennom barnehagekvardagen. I samhandling med barna brukar dei tilsette seg sjølv som verktøy til læring og oppleving. Gjennom dette utfører dei omsorg, leik og læring sett i ein heilskapleg og tverrfagleg samanheng.

*Språkstimulering*

Barnehagane har hatt språk og arbeid med språkstimulering tilpassa ulike barnegrupper som eit satsingsområde i 2023, dette arbeidet vart vidareført frå 2022. Språkleg kompetanse er av stor betydning for trivsel og oppleving av meistring i kvardagen.



Foto: Dønfoss barnehage

I barnehagane er det fleire barn med eit anna morsmål enn norsk. ASK (alternativ supplerande kommunikasjon), song, rim og regler er gode metodar i språkinnlæring. Barnehagane nyttar språkverktøyet «Snakkepakken» som styrkar språk og sosial utvikling. Det har også vore nytta mykje tid til høgtlesing, mellom anna gjennom samarbeid med biblioteket.



Foto: Bismo barnehage



Foto: Bismo barnehage

*Generasjonssong*

Barnehagane i Skjåk er med i prosjektet «Generasjonssong» der det skjer generasjonstreff mellom barnehagebarn og dei eldre på Skjåkheimen. Barnehagane syng, dansar og har songleikar saman med ei gruppe eldre ein gong i månaden. Både store og små gler seg på desse treffa, og det har vore særs vellukka og lærerikt for alle. Personalet både i barnehagen og på Skjåkheimen har gått gjennom ei kursrekke saman og utvikla eit opplegg.

*Bismo barnehage (inkludert underavdelinga Holemork barnehage)*

Bismo barnehage er ein barnehage med mykje musikk, rørsle og drama. Barna får mykje gratis når barnehagen integrerer musikken i det pedagogiske arbeidet, sidan felles opplevingar gjennom musikk, rørsle og drama gjev glede, meistring og trivsel.

Vanar og handlingsmønster tek form i tidleg alder, og gode vanar barn tileignar seg i barnehagealder kan vare livet ut. Barnehagen legg til rette for rørsleglede, matglede og utvikling av god fysisk og psykisk helse. Måltida blir laga og servert i barnehagen, og det blir lagt vekt på at det skal vere sunn og ernæringsrik mat med mykje frukt og grønsaker. Barnehagen har turdagar kvar veke, og nyttar hall/gymsal der barna kan utfalde seg og få ein sterk og sunn kropp, noko som er og ein beskyttande faktor i arbeid med psykisk helse. Barnehagen er bevisst på at barna må få erfare at ting ikkje alltid blir som dei ynskjer og at motgang er ein del av livet. Gjennom støttande og anerkjennande samspel vil barna bygge sjølvstendigheit og tru på seg sjølve. Eit godt sjølvbilde er



Foto: Dønfoss barnehage



Foto: Dønfoss barnehage

viktig for psykiske helse, og det gjer barna meir robuste og betre rusta til å møte framtida.

*Dønfoss naturbarnehagea*

Naturen og uteliv er ein stor del av kvardagen, og barnehagen har eit unikt skog -og turområde rett utanfor døra. Mellom anna er det eige lavvo-område med tilhøyrande bålplass, vinterstid er det akebakke og skiløype like ved. Det er i naturen som ein allsidig læringsarena at Dønfoss barnehage finn den aller beste leikeplassen, der skjer det oppdagingsferder med undring over dei ulike årstidene. Gjennom desse oppdagingsferdene blir det fremma kunnskap om naturen, barna lærer å bli glade i naturen, samt å ha respekt for naturen. Elgjakt, slakting, fisking, såing og innhausting frå eigen kjøkkenhage og skogen er nokre av barnehagen sine faste prosjekt gjennom året. Maten blir laga frå botnen av frå naturen sitt spiskammers, slik at borna forstår kvar maten vår kjem frå. Det blir baka flatbrød og lefse i eige bakstrom, og det blir safta og sylta. Utanfor vindauga i barnehagen er det fuglekarnapp og fuglekasser med kamera. Kaninar og høner er ein del av kvardagen deler av året, mellom anna blir det ruga ut kjuklingar på våren. To gardsbruk ligg i gangavstand, og dit går barnehagen og ser på lam og kyr.



Foto, begge bilete: Skjåk barne- og ungdomsskule



*Skjåk barne- og ungdomsskule*
Elevtalet ved skulen var hausten 2023 på 183 elevar (tal frå GSI). Talet på pedagogårsverk var 15,5 og av dette var ein tredjedel bunde opp i vedtak om spesialundervisning. Talet på årsverk til fagarbeidar/assistent var bortimot 7, der nesten 6 av dei var øyremerka enkeltvedtak til elevar. Leiingsressursen, rektor og assisterande rektor, var på 1,45 årsverk.

Viktige arbeidsområdet for 2023 har vore skulemiljø og utviklingsarbeid kring skulen sin undervisningspraksis. Skulen arbeider for at alle elevar skal ha eit trygt og godt psykososialt miljø, slik det står i § 9A i opplæringslova. Hand i hand med dette går arbeidet med skulenærvær. Blir fråværet bekymringsfullt, har skulen ein eigen rettleiar «Alle dagar tel» som syner retningsliner for korleis dei skal arbeide.

Det er viktig for læringsmiljøet at elevane har eit trygt og inkluderande miljø rundt seg, og at alle kjenner seg som ein del av fellesskapet. Dette gjeld også det faglege fellesskapet. I tråd med fagfornyinga og overordna del er arbeid med samarbeidslæring og fellesskapande undervisning viktig for læringsmiljøet. Undervisninga skal vera lagt opp slik at alle har ein inngang til faget med oppgåver som gjer at alle meistrar på sitt nivå.

## Grunnskulepoeng

| Skuleår | Skjåk kommune | Nasjonalt |
|---|---|---|
| 2018-19 | 40,8 | 42,0 |
| 2019-20 | 42,8 | 43,2 |
| 2020-21 | 43,5 | 43,3 |
| 2021-22 | 43,4 | 43,4 |
| 2022-23 | 41,8 | 42,4 |

*Kjelde: Udir*

## Elevundersøkinga 10. steg

| Indikator | Snitt Skjåk | Snitt landet | Snitt Innlandet |
|---|---|---|---|
| Trivsel | 4,0 | 4 | 4 |
| Støtte frå lærar | 4,1 | 3,9 | 3,9 |
| Vurdering for læring | 3,4 | 3,2 | 3,3 |
| Elevdemokrati og medverknad | 3,8 | 3,3 | 3,3 |
| Fagleg utfordring | 4,2 | 4,2 | 4,2 |

*Kjelde: Udir*



Foto: Skjåk barne- og ungdomsskule

*Ungt entreprenørskap*
Også dette året har elevane i 9. klasse arbeidd i elevbedrifter, og lærarar har tileigna seg kompetanse i entreprenøriell metode.

Skjåk stilte med tre bedrifter på regionmessa på Otta, *Sikk sakk saum EB*, *Skjåk fyr og fæitved EB* og *Den grønne Flamme EB*. Alle tre fekk prisar, *Sikk sakk saum EB* fekk pris for «Beste grønne entreprenør», *Skjåk fyr og fæitved EB* fekk pris for «Beste team» og *Den grønne Flamme EB* vart kåra til den «Beste elevbedrifta», og i tillegg fekk dei 2. pris for «Beste oppleving på stand». Tre av bedriftene frå vår region gjekk vidare til fylkesfinalen på Hamar, og to av dei var frå Skjåk, *Den grønne Flamme EB* og *Skjåk fyr og fæitved EB*. Der fekk *Den grønne Flamme EB* 2. plass i kategorien «Den beste grønne entreprenør», og *Skjåk fyr og fæitved EB* fekk 2. plass i kategorien «Beste elevbedrift».

*Samarbeid med politiet*
Skulen har eit samarbeid med politiet, og dette er sett inn i eit årshjul som blir revidert kvar vår. Nettvett blir teke opp med jamne mellomrom, på foreldremøte hausten i 3. klasse, nettvett og digital mobbing haust i 5. klasse, Nettvett med «Delbart» og «Hvordan vi bør være på nett» haust i 8. klasse, og så kjem nettvett att haust i 9. klasse saman med tema som rus og konsekvensar av handlingar.

*MOT og LINK*
Skjåk er MOT-kommune, og gjennom MOT får vi verktøy til å arbeide førebyggande frå 8. til 10. klasse. Frå 1. – 7. klasse brukar vi LINK for førebyggande arbeid. LINK står for Livsmestring I Norske Klasserom. I læreplanen er «Folkehelse og livsmeistring» eitt av tre tverrfaglege tema som er innført med LK20.

## Kulturskule

Lom og Skjåk kulturskule er ein interkommunal kulturskule med Skjåk som vertskommune. Kulturskulen hadde dette året 30-års jubileum, som vart markert med fleire framsyningar og ei stor utstilling i løpet av vårsemesteret. Det har og vore stor pågang frå andre som ynskjer å inkludere kulturskulen i sine arrangement. Nytta elevplassar viser auka aktivitet frå 185 elevplassar i 2022 til 211 elevplassar i 2023. Denne auka kjem av at fleire av elevane deltek på gruppeaktivitet i tillegg til enkeltundervisning. Det har vore ei auke i venteliste på elevplassar frå 29 til 50 det siste året. Dette kan blant anna sjåast i samanheng med at fleire ynskjer kulturskuletilbod i SFO tida.


Foto: Skjåk kulturskule

## Elevplassar ved kulturskulen

| | 2021/2022 | 2022/2023 | 2023/2024 |
|---|---|---|---|
| Breiddetilbod | 39 | 31 | 22 |
| Kjernetilbod | 157 | 154 | 187 |
| Fordjuping | 0 | 0 | 2 |
| Venteliste | 26 | 29 | 50 |


Foto: Skjåk kulturskule



Foto: Skjåk folkebibliotek

**Skjåk folkebibliotek**

2023 var nok eit godt år for Skjåk folkebibliotek. Både besøkstal og utlånstal er aukande, og biblioteket er stadig i utvikling. Det totale utlånet i biblioteket har auka med 11,5 % frå 2022. Her ser vi at det har vore ei auke både i utlåna av barnelitteratur og vaksenlitteratur. Skjåk folkebibliotek har og meir besøk enn nokon gong med ei auke på heile 18 % frå 2022 til 2023.

Biblioteket satsar framleis på barn- og unge, og arbeider aktivt med å styrke leselyst i kommunen. Det er lagt opp til eit godt samarbeid med Skjåk barne- og ungdomsskule, der det er faste klassebesøk av alle klassene frå 1. – 7. annakvar veke gjennom heile året.

*Arrangement*

Skjåk folkebibliotek har mål om å kunne vera ein møteplass og ein kulturarena i bygda. Det blir lagt ned mykje arbeid for å ha ulike arrangement der det er skal vere noko for alle gjennom året. I 2023 hadde biblioteket 37 arrangement for store og små. Nokre av arrangementa er fast kvart år, medan mange er nye. Nytt for året var «Møt Edel-ordførar». Her kan innbyggarane møte ordføraren i ein uformell setting for å prate om stort og smått.

I februar var det arrangert solidaritetsmarkering for alle som er på flukt. På verdsdagen for psykisk helse vart arrangementet «Les i lag - einsleg på tysdag» lansert. Her oppfordrar vi folk til å kome på biblioteket innanfor ei fastsett tid på tys-



Foto: Skjåk folkebibliotek


Foto: Skjåk folkebibliotek

dagar for å sette seg ned og lese. På denne måten kan vi lese aleine, i lag. Biblioteket ynskjer med dette arrangementet å rette blikket mot einsamheit og mot å vera ein uformell møtestad for alle. I samband med kommunestyre- og fylkestingvalet hadde vi lokal valdebatt. Det var både godt oppmøte på arrangementet og eit stort tal sjåarar som fylgde debatten på Fjuken-TV. Biblioteket har elles hatt fleire forfattarbesøk av mellom anna Trude Teige, Anders Totland og Brit Bildøen.

Skjåk folkebibliotek ynskjer å kunne samarbeide på tvers av sektorane i kommunen, samt med lokale lag og organisasjonar. Fleire av arrangementa på biblioteket i 2023 var i samarbeid med Skjåk historielag, Skjåk bygdekvinnelag og Skjåk kommune.

*Leselystkampanjar*

Som tidlegare år har Skjåk folkebibliotek også i 2023 gjennomført to leselystkampanjar. Vinterles for vaksne og ungdom, samt Sommarles for barn. På årets Sommarles var om lag 72 % av alle borna i småskulen med. Desse las 2559 bøker på dei tre månadane leselystkampanjen gjekk føre seg. Skjåk ligg som nummer to i Innlandet kommune på Sommarles-statistikken, og er heilt i toppen når det gjeld oppslutning på Sommarles både i fylket og på landsbasis.

*Andre tilbod i biblioteket*

Meirope bibliotek er godt brukt i Skjåk og talet på brukare av tilbodet stig jamt. Frøbiblioteket er i stadig utvikling og biblioteket si vesle «grøne oase» er populær blant besøkande.




Foto: Skjåk kommune




**Vaksenopplæring og flyktningteneste**
Mål for arbeid med flyktningar i Skjåk er god integrering av flyktningane, med gode bustadar, tilpassa opplæring og tilfredsstillande barnepass. Frå 2010 har Skjåk kommune busett omlag 80 vaksne og barn frå Eritrea, Sudan, Somalia, Kongo og Etiopia. I 2022 kom det 18 flyktningar frå Ukraina og i 2023 kom det 27.

Vaksenopplæringa og flyktningtenesta har frå 2023 felles tenesteleiar som er underlagt kommunalsjef for oppvekst og utdanning. Båe tenestene har vokse, og er nå rusta for vidare mottak av fordrivne og flyktningar. Tenestene er avhengig av at andre kommunale tenester også har kapasitet til å handtere oppgåver som følgjer med mottak.

Flyktningtenesta hjelper flyktningbusette, men også andre innvandrarbusette med søknadsprosedyrar kring opphaldsløyve, søknadar om familieinnvandring, utskriving av prøvebevis frå norskprøver, samfunnsfagsprøver og statsborgarprøver, m.m. Tenesta fekk kontor på kommunehuset hausten 2023. Programrådgjevarane i flyktningtenesta er ansvarlege for deltakarane sine introduksjonsprogram. Dette skal gje kvalifisering av den einskilde til vidare utdanning eller arbeid.

Vaksenopplæringa er ei kommunal teneste som tilbyr norsk- og samfunnsfagsopplæring til alle busette med innvandrarbakgrunn og for språklege minoritetar som har rett og/eller plikt til opplæring i

følge integreringsmyndigheitene. I tillegg er det gjeve grunnskuleopplæring for dei som ikkje har godkjent/fullført grunnskuleopplæring frå før. Lom kjøper plassar i vaksenopplæring, og tenesta held til i lokale hjå Skjåk Energi.

### Servicetorget

Servicetorget er knutepunktet i Skjåk kommune. I tillegg til post og arkiv administrerer servicetorget mellom anna kommunale innkjøp, utleige av kommunale bygningar samt møtebehandling for politiske råd og utval.

I samband med avvikling av val, har servicetorget fleire oppgåver som skal følgast opp. Mange av dei går att frå val til val, men det er ofte endringar slik som i 2023. Dei fleste medarbeidarane i servicetorget hadde heller ikkje delteke i valgjennomføring tidlegare, slik sett var det nytt. Administrering av tidlegstemming, førehandsstemming og gjennomføring av valdag krev mykje arbeid i servicetorget. Som valmedarbeidarar er det mange oppgåver knytt til førebuing og gjennomføring av valet som må følgast opp. Ikkje minst knytt til valsystemet EVA. (EVA er det sentrale IT-systemet som kommunar og fylkeskommunar nyttar i førebuing og gjennomføring av val).

Oppfølging av problem knytt til telefonisystemet og sentralbord var til tider krevjande i heile 2023. Nummer som ikkje fungerte og publikum som ofte ikkje kom igjennom til legekontor er berre nokre eksempel på dette.

Oppgåver knytt til kompetanseheving og etablering av rutinar knytt til sal- og serveringsløyver var nytt i 2023. Servicetorget fekk og utvida oppgåver knytt til sekretærfunksjon for politiske utval i 2023. Mellom anna har servicetorget overteke møtesekretær-oppgåver i formannskapet. Servicetorget har og delteke i prosjekte knytt til miljø- og samfunnsutvikling. Gjerne då med sekretæroppgåver. Men i tillegg har medarbeidar i servicetorget gjennomført kompetanseutvikling i tilknyting til gjennomføring av anskaffelsesprosessar knytt til miljø- og samfunnsutvikling.

Overgang til Elements Cloud (våren 2023) og e-signering (sein haust 2023) medførte og ein del arbeid og nye rutinar. Deler av det fysiske arkivet vart og pakka ned og sendt til fylkesarkivet på Lillehammer.

### IT-avdelinga

IT-avdelinga er ei fellesteneste med Lom der Skjåk er vertskommune. Kommunen er og med i det regionale samarbeidet gjennom Regiondata. I 2023 var IT-avdelinga redusert til to personar fram ut juli. Det var forsøkt skaffe vikar utan å lukkast. Frå juli fekk vi inn vikar fram til bemanninga var normal att frå oktober. I perioden med redusert bemanning hadde vi ei opphoping av uløyste arbeidsoppgåver som vi delvis fekk teke etter ut over hausten.

*Sikkerheit*
IT-sikkerheit er eit kontinuerleg viktig tema, ikkje minst etter hendingar det siste året med nettangrep på både private og offentlege instansar. RegionData-samarbeidet og den enkelte kommune jobbar stadig med tiltak som skal sikre løysingane våre, samt den elektroniske informasjonen vår og samhandlinga med omverda. I tillegg til å etablere samarbeid med eksterne partar som hjelper oss med sikkerheitsevaluering, har vi og etablert ei intern regional sikkerheitsgruppe, samansett av representantar frå sentral driftsavdeling og lokal IT. Her drøftar ein gjeldande trusselbilete og sårbarheiter, med mål om å finne konkrete tiltak for det som gjeld vår eigen sikkerheit. Av opplagte grunnar kan ein ikkje gå djupt inn i detaljar på dette temaet. Gjennomføring og oppfølging av nasjonal sikkerheitsmånad er eit viktig tiltak for å sikre bevisstheit på datasikkerheit blant brukarane, i tillegg er to-faktor pålogging viktig.

*Regionalt og interkommunalt samarbeid*
RegionData-samarbeidet fortset vidare og syrgjer for at kommunane finn felles løysingar og etablerer avtaler for felles innkjøp. I løpet av året som gjekk har vi m.a. fått fullført innføringa av breibandsaksess frå Eidsiva til alle kommunale bygg, samt at det regionale velferdsteknologiprosjektet har resultert i leveransar i kommunane sine helse- og omsorgssenter. IT er også tilfredse med å ha fått etablert rammeavtale for multifunksjonsmaskiner med Canon.

*Streaming av kommunestyremøte*
Systemet for streaming av kommunestyremøta har blitt forbetra, særleg med tanke på lyd. Sendingane frå møta verkar å vere populære og godt besøkte.

## Ungdomsklubben og ungdomsrådet
Ungdomsklubben og ungdomsrådet blir fylgt opp og administrert frå oppvekst og utdanning. I fleire år har ungdomsklubben hatt ope annakvar fredag frå kl. 18:00 til 23:00. Sidan september 2023 har det som ei prøveordning vore ope kvar fredag. Erfaringane frå dette har vore slik at ungdomsrådet har bestemt å gå attende til ungdomsklubb annakvar fredag, men frå kl. 18:00 til 22:00.

Ungdomsrådet har hatt ni møte i 2023, - og på saklista har dei hatt 41 saker. Nokre av sakene har nok gått att på fleire møte. I tillegg har ungdomsrådsmedlemmar vore involverte i ulike samanhengar. Mellom anna gjennomføring av TSL (Traktor og sikkerheit i Landbruket) i juni. Fleire av representantane i ungdomsrådet reiste til Mosjøen der Bufdir arrangerte nasjonal arena for læring og erfaringsutveksling mellom ungdomsrådsmedlemmer i august.

Det er andre gong ungdomsrådet har vore representert på Bufdir si årlege

samling for ungdomsråd og ungdomsråds-medarbeidarar. Tilbakemeldingane frå dei som har vore med er svært positive. Dei får innsyn i korleis andre ungdomsråd arbeider, og får inspirasjon og idear til eige arbeid. Mellom anna arrangerte Skjåk ungdomsråd, i samarbeid med elevrådet på skulen, ein ungdommens kveld 13. desember. Der var ungdom i Skjåk invitert til å kome og seie si meining om kva dei tykkjer er viktig for dei.

Frå oppsummeringa etter kvelden:
*«Ungdommen vart veldig engasjert på det politiske og dei svarte på alle oppgavene med gode svar. Ungdomsrådet fikk god kartlegging på det meste. Ungdommen var også ivrige på å stille spørsmål om hva ungdomsrådet i skjåk gjorde og hvordan stemmene deres kunne bli hørt»*

**PPT**
Felles Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT) er administrert av Sel kommune som vertskommune. Tenesta er felles for dei seks kommunane i Norddalen. Dei er sakkunnig instans i barnehage og grunnskule. Dei vurderer elevane sine behov for særskilt tilrettelagt undervising. PPT leverer tilråding på omfang, innhald og organisering for dei elevane som elles ikkje vil å få eit likeverdig utbytte av undervisinga.

# 7/ Tenesteområde
# Helse og omsorg




Helse og omsorg er organisert i 4 tenesteområde med kvar sin tenesteleiar, og to tenester som er direkte i stab hjå kommunalsjef. Skjåk kommune yter ein del av helse- og omsorgstenestene til sine innbyggarar i eigen regi, ein del i samarbeid med Lom og ein del i samarbeid med alle Norddals- kommunane. Helse- og omsorgssektoren er den største sektoren i kommunen.

## Økonomi

Skjåk kommune har ei auke i driftsutgifter til helse og omsorg per innbyggjar. Ved å samanlikne tala med KOSTRA-gruppe 5 blir det synleg at tenestene våre har eit kostnadsnivå som om lag som vår KOSTRA-gruppe. Dette er kommunar som er samanliknbare med Skjåk i demografi og inntekter/kostnadar. Vi ligg noko høgare enn vår KOSTRA-gruppe på netto driftsutgifter til omsorgstenester og til kommunehelsetenesta.

Skjåk kommune har ei gradvis dreiing i tenestene, og dette blir mellom anna synleggjort med del innbyggarar 80 år og eldre med institusjonsopphald. Den har blitt gradvis redusert og ligg nå på 11,4 %. Til samanlikning ligg KOSTRA-gruppe 5 på 11,5 %. I tillegg har vi 14 omsorgs-leilegheiter, der heimesjukepleia kan yte avanserte helse- og omsorgstenester i

| | Rekneskap 2023 | Budsjett 2023 | Budsjett opphaveleg | Avvik | Rekneskap 2022 |
|---|---|---|---|---|---|
| Helse og omsorg | 4 297 252 | 4 293 000 | 4 137 000 | 4 252 | 4 209 234 |
| Institusjon og heimetenester | 42 335 907 | 38 847 000 | 36 204 000 | 3 488 907 | 36 589 849 |
| Heimetenester til funksjonshemma | 18 411 687 | 17 372 000 | 16 099 000 | 1 039 687 | 15 096 032 |
| Helsetasjon | 2 655 095 | 3 245 000 | 2 976 000 | -589 905 | 2 229 655 |
| Nav | 2 648 779 | 3 241 000 | 3 110 000 | -592 221 | 2 638 361 |
| Barnevern | 5 678 538 | 3 401 000 | 3 401 000 | 2 277 538 | 3 742 607 |
| Helsetenester | 15 451 540 | 13 250 000 | 12 589 000 | 2 201 540 | 12 997 941 |
| TOTAL | 91 478 800 | 83 649 000 | 78 516 000 | 7 829 800 | 77 503 679 |

## Utgifter kommunale helse- og omsorgstenester per innbyggar (kr)

| Skjåk 2021 | Skjåk 2022 | Skjåk 2023 | KOSTRA-gr 5 | Landet utan Oslo |
|---|---|---|---|---|
| 46 819 | 47 583 | 53 776 | 53 209 | 37 784 |

## Andel netto driftsutgifter til helse og omsorg fordelt på følgande område, i prosent

| | Skjåk 2021 | Skjåk 2022 | Skjåk 2023 | KOSTRA-gr 5 | Landet utan Oslo |
|---|---|---|---|---|---|
| Andel omsorgstenester | 38,8 | 41,9 | 40,2 | 39,3 | 35,7 |
| Andel kommunehelsetenesta | 10,1 | 7,8 | 7,8 | 7,1 | 6,4 |

heimane. Dette gjev oss eit handlingsrom til å yte helse- og omsorgstenester til våre heimebuande. Framtidas eldre har eit heilt anna forhald til kva tenester dei ønskjer, og dei ønskjer å få tenestene sine i heimen. Det er avgjerande for Skjåk kommune å leggje til grunn for korleis vi byggjer opp tenester i heimane til våre innbyggjarar. Utgiftene pr. opphaldsdøgn er noko høgare enn KOSTRA-gruppe 5, men omlag likt som landet utanfor Oslo.

Ansvarsområdet *310 Institusjon og heimesjukepleie* har hatt eit meirforbruk på 3 488 907 kroner. Dette er i tråd med det varsla behovet for sektoren med behov for meir grunnbemanning i heimesjukepleia. Det har vore behov for å bruke vikarbyrå for både sjukepleiar og helsefagarbeidar-stillingar i 2023. I tillegg har det vore svært høge pensjonsutgifter i 2023, som gjev store utslag på lønsposter.

Det er eit meirforbruk i 320 Tenester for funksjonshemma på 1.039.687 kroner. Dette skuldast i hovudsak at det er auka behov for personleg assistentteneste og støttekontaktteneste.

Helsetenesta gjekk over budsjett med 2 201 540 kroner. Hovudårsaka til det er hovudsakleg auka medfinansiering til legevakt, noko redusert eigenbetaling/ refusjon frå HELFO og auka innbetaling til pensjon.

Barnevernstenesta har eit samla meirforbruk på 2 277 538 kroner. Dette skuldast einskilde tiltak i tenesta som det ikkje har vore mogleg å unngå.

Det er eit mindreforbruk i NAV Lom og Skjåk i 2023 på 592.221 kroner. Dette skuldast i hovudsak vakanse, men det er tilsett i vakansane i løpet av 2023. Det er ei auke i behovet for dei kommunale tenestene våre, og auka har vore størst innan økonomisk sosialhjelp. Det er fleire grunnar til dette, men flyktningstraumen, renteauking og prisvekst er dei største faktorane. I tillegg har det vore ei auke i pensjonsutgifter.

### Lom og Skjåk tildelingskontor (TD)

Tildelingskontoret er plassert organisatorisk under kommunalsjef for helse og omsorg, og har som oppgåve:

- Å fatte vedtak ut i frå Lov om kommunale helse- og omsorgstenester.
- Gje rettleiing til innbyggjarane/ tenesteytarane i høve saksbehandling.

Koordinerande eining:

- I høve til pasientflyt internt i kommunen mellom tenester og eksternt med andre samarbeidspartar som t.d. spesialisthelsetenesta.
- Utnemning av koordinator for individuelle planar og barnekoordinatorar.
- Ansvar for kvalitetsarbeidet med individuell plan og ansvarsgrupper.
- Saksbehandle søknadar om parkeringsbevis/ledsagerbevis.
- Lage vedtak om eigenbetaling ved institusjon.

TD har mynde til å avtale korttidsopphald ved Nord-Gudbrandsdal lokalmedisinske senter, Otta (NGLMS), og oppfølging

## Skjåkheimen

| | Skjåk 2021 | Skjåk 2022 | Skjåk 2023 | KOSTRA -gr 5 | Landet utan Oslo |
|---|---|---|---|---|---|
| Andel innbyggjarar 80+ m institusjonsopphald (%) | 12,5 | 12,3 | 11,4 | 11,5 | 9,9 |
| Andel brukartilpassa einerom m/ eige bad/wc (%) | 100 | 100 | 100 | 98,7 | 94,8 |
| Utgifter per opphaldsdøgn institusjon (kr) | 4 495 | 4 778 | 5 390 | 5 043 | 5274 |
| Legetimar per veke per bebuar i sjukeheim *(timar) | 0,78 | 0,85 | 0,82 | 0,52 | 0,68 |
| Andel private institusjonsplassar (prosent) | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,10 | 5,20 |

**) Talet er ikkje inkludert legetimar på IM- og KAD-senger på NGLMS.*

## Demenskartet

| | 2020 | 2025 | 2030 | 2040 | 2050 |
|---|---|---|---|---|---|
| Tal personar med demens | 65 | 72 | 83 | 103 | 114 |
| Tal prosent med demens | 2,96% | 3,39% | 4,03% | 5,26% | 6,13% |
| Tal innbyggarar | 2197 | 2121 | 2060 | 1958 | 1861 |

av opphald der. I 2023 har kontoret vore bemanna med to saksbehandlarar i 100 % stillingar, og ei saksbehandlar i 30 % stilling som arbeidar med vederlagsberekning. Kontoret har i 2023 merka ein aukande saksmengd i form av meir kompliserte og krevjande saker.

### Institusjon og heimesjukepleie

Tenesteleiar for institusjon og heimesjukepleie har ein avdelingssjukepleiar for institusjonstenestene og ein avdelingssjukepleiar for heimesjukepleia. På bygget Skjåkheimen er det kjøkendrift, dagtilbod, langtidsopphald og korttidsopphald som blir gjeve som avlasting, rehabilitering eller behandlingsopphald. Heimesjukepleia og praktisk bistand har kontor tett på omsorgsbustadane på Skjåkheimen, og er knytt saman med institusjonen i samband med til dømes samarbeid mellom nattevakter og felles planlegging og gjennomføring av dagtilbod til heimebuande.

*Institusjon*

Sjukeheimsplassane, og omsorgsbustadane med høgare omsorgsnivå er lokalisert under same tak på Skjåkheimen. Det har vore tydeleg over fleire år at omsorgsbustadane som vart bygd i 2014 har redusert behovet for sjukeheimsplassar. Denne framsynte organiseringa gjev oss eit ekstra verktøy i omsorgstrappa, og gjer at Skjåk kommune har eit fortrinn i å vri tenestetilbodet frå institusjon til heimebaserte tenester.

**Aldring og helse**
**Nasjonalt senter**




Skjermdump: Demenskartet.no

Det er eit aukande behov for denne type fleksible bustadar, i tråd med kva som er vedteke i *Strategi for helse og omsorg 2022 – 2030* og med tal frå t.d. Aldring og helse sitt demenskart (www.demenskartet.no). Dei seinare åra har det vorte tydeleg at demensomsorga vil vere eit område med stort behov for at tenestene kan gjeva fleksible og tilpassa tenester.

Skjåk kommune må førebu og planlegge for at vår helseteneste til personar med demens må vere effektiv og fagleg vurdert slik at vi sikrar at tenestene er tilstrekkelege og gjev ei god nok omsorg til personar med demens. Dette er særleg med omsyn til utfordringane med å rekruttere nok personell. Dagtilbodet for heimebuande med demens har blitt utvida i 2023, grunna eit stort behov i befolkninga. Dette avlastar pårørande og førebygger sjukdomsutvikling på eit generelt grunnlag.

Presset på sjukeheimsplassar er redusert som følgje av at terskelen for å få plass er blitt høgare. Dette er heilt i tråd med den nasjonale eldrereforma St.m.15 «*Leve hele livet*» og St.m.24 «*Bu trygt heime*». Skjåk kommune har seld sjukeheimsplassar til andre kommunar ved ledig kapasitet. I 2023 selde vi totalt 129 døgn til andre kommunar.

### *Heimesjukepleia*

Det har vore stort press på heimesjukepleia i delar av året med krevjande behandling av svært sjuke heimebuande, noko som har medført ekstra kostnader knytt til overtid og bruk av ekstrahjelp. Det er stort fokus på rekruttering, og det er klart at det er eit stort behov for å ha fokus på utvikling av heimesjukepleia vidare. Dette gjeld innan kvardagsrehabilitering, demensomsorga, psykisk helseteneste, palliativ- og kreftsjukepleie og dagaktivitetar for heimebuande. I kommunestyrets vedtak om *Strategi for helse- og omsorg 2022 - 2030* er det synt til at ein av dei viktigaste grunnverdiane er at heimen er primær bistandsarena. Det gjer at heimesjukepleia må tenkje kreativt, og må ha eit fokus på kva oppgåver som skal løysast av helsetenestene i heimen, og kva som kan løysast i samarbeid med andre tenester i heimen.

## Tenester for funksjonshemma

Tenesta har ansvar for Bismotunet bufellesskap, personleg assistanse og andre heimetenester som t.d. brukarstyrt personleg assistanse (BPA), støttekontaktar og omsorgsstønad. Tverrfagleg samarbeid og utviklingsarbeid er viktig i arbeidet med barn, unge og vaksne med funksjonsnedsettingar.

### *Bismotunet bufellesskap og avlastingsteneste*

Bismotunet bufellesskap var nytt i februar i 2020 og er ein heildøgns bemanna omsorgs- og avlastingsbustad. I Bismotunet er det fokus på at bebuarar og unge med avlastingsopphald skal ha gode liv med meiningsfylte aktivitetar. Dette inneber å leggje til rette for sjølvråderett, meistring av eige liv og sjølvstende der det er mogleg. Det blir gjeve avlasting i bufel-

lesskapet, og Skjåk kommune sel kapasitet i avlastningsbustaden til andre kommunar med om lag 125 døgn i året.

Det er tre satsingsområde som har vore arbeidd med for gode og berekraftige tenester; dette for våre tenestemottakarar, pårørande og tilsette:

- Velferdsteknologiprosjektet *Klare sjølv*.
- Gode tilrettelagte arbeidsplassar for tenestemottakarane våre.
- Godt arbeidsmiljø.

## Arbeid og aktivisering

Bismotunet bufellesskap har etablert kantinedrift på skulen i samarbeid med skule og privat næringsliv. Det er stort fokus på å utvikle dagarbeidsplassane, og dette har att høg prioritet i 2023.

Alle med funksjonsnedsettingar har rett på tilrettelagte arbeidsplassar. Bismotunet har jobba med dette sidan innovasjonsprosjektet i 2020. Vi har jobba for å finne eit lokale, og i 2023 fekk vi tilbod om å nytte lokala på ungdomsklubben til dagaktivitet. Det vil framover bli eit større behov for tilrettelagte arbeidsplassar. Oppgåver vi har i dag er blant anna internpost, oppgåver for Fjuken, grønsaksskrelling for kjøkenet på Skjåkheimen, produksjon av småartiklar og andre oppgåver for kommunen. I tillegg til dette driftar vi kantina på Skjåk barne- og ungdomsskule tre dagar i veka.

## Støttekontakt

Folk i alle aldrar kan ha behov for hjelp til å ha eit sosialt liv og ei meiningsfull fritid. Støttekontaktar er ei svært viktig lågterskelteneste. Dette kan ei støttekontakt vere til hjelp med. Til dømes heimebesøk, følgje på kino, kafé, trening eller andre fritidsaktivitetar. I 2023 hadde vi i snitt 40 støttekontaktar i drift.

## Personleg assistent teneste og brukarstyrt personleg assistanse

Personar med behov for assistanse i daglege gjeremål og trening, kan ha rett til personleg assistent. Det er fleire i Skjåk som ynskjer personleg assistanse, då tenestemottakar kan unngå mange/redusere talet på hjelparar i heimen, men likevel få hjelp til å delta i aktivitetar og ha eit sjølvstendig liv med fokus på eigenmeistring. Dette er i tråd med nasjonale føringar og den nyleg vedtekne helse og omsorgsplanen for Skjåk kommune som seier at:  Alle i Skjåk skal kunne bu i eigen bustad så lenge som mogleg. Ved brukarstyrtpersonleg assistent (BPA),  er det brukar/ tenestemottakar eller den som representerer han/ho som er arbeidsleiar for assistenten.

Tenesteomfanget varierer mykje i tråd med behov for hjelp og vedtekne timar. Vi har dei siste åra fått eit omfattande behov for tenester hjå funksjonshemma med vedtak om personleg assistanse. Dette er ressurskrevjande, og det er behov for

| | Skjåk 2021 | Skjåk 2022 | Skjåk 2023 | KOSTRA gr 5 | Landet utan Oslo |
|---|---|---|---|---|---|
| Avtalte legeårsverk pr. 10 000 innbyggjarar | 18,6 | 19,6 | 17,7 | 15,8 | 13,0 |
| Avtalte fysioterapiårsverk pr. 10 000 innbyggjarar | 11,6 | 11,6 | 11,7 | 12,0 | 9,8 |
| Avtalte årsverk i helsestasjons- og skulehelsetenesta pr. 10 000 innbyggar 0-20 år | 85,7 | 76,4 | 159,6 | 61,1 | 53,0 |
| Andel nyfødde med heimebesøk av helsesjukepleiar (%) | 70,0 | 100,0 | 86,7 | 95,5 | 88,4 |

høg grad av personaltettleik for å sikre fagleg forsvarlege og trygge tenester til denne brukargruppa. Utfordringar knytt til ressurskrevjande tenester har auka grunna vi fleire brukarar med omfattande vedtak.

## Omsorgsstønad

Tenesta omsorgsstønad er og lagt til heimetenesta for funksjonshemma, som i budsjettsamanheng er ansvar 320. I enkelte høve kan ein person få vedtak om omsorgsstønad, som kompensasjon for sitt omsorgsarbeid i heimen. Den som treng omsorg, må ha eit dokumentert hjelpebehov grunna: sjukdom, alder, funksjonshemming eller andre årsaker.

Det er ein føresetnad at søkjar utfører omsorgsarbeidet som elles ville høyre inn under helse og omsorgstenesta i kommunen. Omsorgsstønad er ei teneste kommunen er plikta til å ha. Berre foreldre har omsorgsplikt for mindreårige barn. Det vil berre vera aktuelt med omsorgsstønad dersom omsorga klart overstig vanleg omsorg for barn på same alder. Omsorgsstønad må vurderast opp mot andre tenester og tiltak som kan avlaste omsorgsgjevar i kvardagen og omsorgsarbeidet. I høve til tidlegare år har det ikkje vore store endringar i høve til tenesteomfang for omsorgsstønad i Skjåk i 2023.


Foto: Skjåk kommune

## Helsetenester

Helsetenester består av legeteneste, fysioterapi, ergoterapi psykisk helse, helsestasjon og jordmortenester.

Legetenesta i 2023 har vore stabil, det er 4 legar i 80% stilling på legekontoret. Vi har 3,2 årsverk med hjelpepersonell i form av helsesekretær og sjukepleiarar. Det er stor pågang på legekontoret. Vi merkar at meir skal bli gjennomført i kommunen av helsetenester og ikkje av sjukehus. Det har i tillegg vore LIS1 (turnuskandidat) heile året og medisinstudentar i praksis på legekontoret.

Skjåk kommune ligg høgare enn KOSTRA-gruppe 5 i forhald til dekning av legeårsverk pr. 10 000 innbyggjarar. Det har vore turnuskandidatar knytt til tenesta. Dette har vore verdifulle og dyktige medarbeidarar som har tilført kontoret kompetanse. Vi har tilsett 3,2 årsverk med hjelpepersonell i form av helsesekretær og sjukepleiarar.

*Fysioterapi og ergoterapi*

Det er 2,5 kommunale fysioterapiheimlar. Kapasiteten på fysioterapeutar ligg litt over snittet for KOSTRA-gruppe 5. Dei tilsette har brei og god fagleg kompetanse som ein kan få utnytta betre gjennom utvida samarbeid. Fysio- og ergoterapitenesta er felles Lom og Skjåk, med Lom kommune som vertskommune. Dette er personar med stor fagkompetanse, og dei er mellom anna aktive inn i planlegging av framtidas helse- og omsorgstenester i Skjåk kommune.



Skjermbilde: Skjaakhelsestasjon ,digital helsestasjon

*Helsestasjonstenesta*

Tenester til gravide, barn/ungdom (0 til25 år) og deira foreldre.

Helsestasjonen har eit mindreforbruk på 589 905 kroner. Dette skuldast at det ikkje har vore tilsett personar i alle heimlar som føresett. Det er nå rekruttert inn i vakante stillingar, og det er difor venta at dette mindreforbruket ikkje vil vere gjeldande for 2024.

*Svangerskapsomsorga og helsesjukepleiararar*

Frå 1.1.2022 var det vedtak om felles jordmorteneste for Lom og Skjåk kommunar. Jordmor har kontordag både i Lom og Skjåk. Skjåk og Lom kommune er del av jordmorvakta ved Lokalmedisinsk senter på Otta.

Lom og Skjåk helsestasjonar gjekk inn i eit vertskommunesamarbeid frå 1.1.23, med Skjåk som vertskommune. Den nye helsestasjonstenesta har hatt ein god prosess med si utvikling og fortsett med eit godt samarbeid i det vidare. Det blir arbeidd med å rekruttere inn tverrfagleg kompetanse for å styrke helsestasjonane ytterlegare.

Helsestasjonen samarbeider tett med barnehage, skule, PPT, barnevern og BUP samt andre aktørar som har betydning for barn og unge. Helsestasjonen er ein viktig del av folkehelsa, oppvekstreforma og kvinnehelsearbeidet, og den arbeidar ut i frå nasjonalfaglege retningslinjer frå Helsedirektoratet. Helsestasjonen arbeider primært med førebygging og behandling av lette til moderate psykiske lidingar blant barn og unge. Til dømes har ein eit breitt spekter av foreldrettleiingmetoder i helsestasjon. Vi veit at å hjelpe borna gjennom foreldra er den mest effektive metoden for å lykkas. Fleire arbeidsoppgåver blir lagt til helsestasjon. Helsestasjon yter også tenester som hørselsprøver, reisevaksinering og smittevern.

I desember 2023 hadde helsestasjonen tilsyn frå Statsforvaltaren i Innlandet. Tilsynet omhandla interkommunal skulehelseteneste 1. til 7. trinn. Eit nyttig tilsyn med konstruktive og positive attendemeldingar. Konklusjon på tilsynet var at det ikkje vart avdekt brot på lov under tilsynet og tilsynet vart derfor avslutta.





Foto: Skjåk kommune









### Instagram / digital helsestasjon

Instagramkontoane #Ungvaksen og #Skjåkhelsestasjon er oppretta for å kome nærare brukarane våre. Ungvaksen er kommunen sin ungdomskonto. Helsestasjonane i Skjåk, Lom og Vågå nyttar denne kontoen som informasjonskanal til ungdommane.

Det vart oppretta ein digital helsestasjon under byrjinga av pandemien. Det er viktig at helsestasjonstenesta er til stades på forum der tenesta kan møte ungdommane.

### Psykisk helseteneste

Psykisk helseteneste, inkludert rusomsorg, var tidlegare organisert under heimebaserte tenester. Samhandlingsreforma for rus og psykiatri stiller store krav til den enkelte kommune, og når døgninstitusjonar blir lagt ned, tyder det på ytterlegare press i tenestene. I 2023 var det kring 100 personar frå Skjåk som tok imot tenester i frå psykisk helse. 66% av pasientane var kvinner, og i over halvparten av sakene var det behov for tverrfagleg samhandling. Tenesta samhandlar tett med spesialisthelsetenesta og dei andre helse og omsorgstenestene i Skjåk.

I 2020 oppstod eit behov for kjøp av private tenester til ein brukar. Innslagspunktet for å få dekka kostnadar til ressurskrevjande brukarar aukar stadig. Skjåk kommune har foreløpig ikkje riktig kompetanse eller kapasitet til å organisere denne tenesta sjølv, og må difor kjøpe tenesta av ein privat aktør.

### FACT team Nord- Gudbrandsdal

Er eit samhandlingsprosjekt mellom kommunane Sel, Vågå, Lom, Skjåk, Dovre, Lesja, NAV og Sjukehuset innlandet/ DPS Lillehammer.

FACT( Flexible Assertive Community Treatment) er eit aktivt oppsøkjande team som gjev kunnskapsbasert behandling og oppfølging til menneske med alvorleg psykisk og/eller rusliding. Teamet arbeider i hovudsak i pasientens heim og nærmiljø. Teamet skal gje samanhengande, godt koordinerte og heilskaplege tenester. Teamet er tilgjengeleg på dagtid i veka. Psykisk helseteneste Lom og Skjåk bidreg inn med 20% stillingsressurs, prosjektet er inne i sitt 4. år og skal evaluerast i løpet av hausten 2024. Det er pasientar i Skjåk som nyttar seg at dette tilbodet.

### Barnevern

For å møte dei nye krava i barnevernsreforma, vart barneverntenestene i Sel, Vågå, Lom og Skjåk slått saman til ei interkommunal teneste med Sel kommune som vertskommune. Den interkommunale barneverntenesta har vore i drift sidan våren 2019. Tenesta har totalt 14,95 årsverk, og 2,3 årsverk av desse er dedikert til Skjåk.

Oppvekst- og barnvernreforma gjev den kommunale barneverntenesta andre oppgåver og større ansvar. Barneverntenesta har blant anna fått overført ansvaret for oppfølging og rettleiing av fosterheimar frå BUF-etat. Det har vore stort fokus i 2023 på å arbeide med samhandling mellom

tenestene for å skape «laget rundt barnet» og ein felles plan for tidleg innsats.

Barnevernet har sidan 2019 hatt eit høgt tal meldingar og undersøkingar, sett opp mot barnebefolkninga i Skjåk. I 2023 har tal meldingar og undersøkingar vorte kraftig redusert, men ein har likevel like mange tiltakssaker. Det er gjennomgåande at dei sakene barnevernet arbeider med er alvorlegare og meir komplekse, dette krev særleg kompetente tilsette.

Som tidlegare år har ein også i 2023 hatt fokus på kompetansebygging, dette også for å innfri kravet som kjem i 2031. I tillegg til at to tilsette har gjennomført ei av BUFdir sine anbefalte vidareutdanningar på VID vitskapleg høgskole, har eit stort tal tilsette vore kursa i DCM Barnesamtalen for å betre sikre barnas medverknad.

Barneverntenesta har i 2023 endeleg lykkast i å tilsette ein svært erfaren familieterapeut som saman med PMTO-terapeuten utgjer eit særdeles kompetent tiltaksteam, som skal kome familiane i kommunane til gode.

### Sysselsetting Lom og Skjåk

Dette tilbodet vart re-etablert i 2023. Ved å omorganisere denne tenesta har det blitt lagt meir vekt på at dette er ein dagarbeidsplass der alle arbeidstakarane får høve til å gjere eit arbeid som er særskilt tilrettelagt ut i frå deira funksjonsvariasjon. Det er mellom 10 og 15 personar som er knytt til tenesta.

### NAV Lom og Skjåk

Tenesteinnhaldet til NAV-kontoret i Lom og Skjåk er å levere kommunale tenester og arbeidsretta oppfølging til innbyggjarane våre. Rettleiarane på kontoret arbeidar med å bidra til sosial og økonomisk tryggleik, og å fremja overgangen til arbeid og aktivitet.

Oppvekstreforma har fokus på at alle tenester rundt barn og unge skal bistå kvarandre. Dette skjer mellom anna i lokale arbeidsgrupper. NAV er ofte den etaten som møter desse familiane med utfordringar, og er kanskje den fyrste som oppdagar dette. I 2023 blei det innført ein ungdomsgaranti i NAV, som betyr at dei under 30 år er ei prioritert gruppe i arbeidsrettsarbeidet.

Det er historisk sett låg arbeidsløyse i Skjåk, spesielt om sommaren, men den er ikkjehøg i vinterhalvåret heller. Dette var gjeldande for 2023 òg. Dette er god statistikk, men kan vidare gje utfordringar ved nyrekruttering då det heller ikkje er så mykje arbeidskraft å ta av.

NAV Lom og Skjåk er ein viktig del i integreringsarbeidet med flyktningane. Det er tett samarbeid med Flyktningtenesta der NAV er involvert frå flyktningane blir busett, til dei er i eit ordinært arbeidstilhøve. Bilete av NAV-tilsette foran kontoret (rundt).



Illustrasjon: Marish, Shutterstock

## Sjukefråvær

Kommunalsjefområdet sitt samla sjukefråvær var på 8,2 % i 2022. I 2021 var sjukefråværet på 10,2 %. Sjukefråværet fortset å reduserast og har i 2023 redusert med 2 %. Det er svært positivt at sjukefråværet går ned, og nå nærmar seg 2018 - nivået. Sjukefråværet skuldast hovudsakleg langtidsfråvær.

Det har blitt etablert ein eigen gruppe i *310 Institusjon og heimesjukepleie* som arbeidar med sjukefråværet. Dette er ein gruppe som består av og leiast av tilsette sine representantar. Mandatet til arbeidsgruppa er å jobbe med aktuelle tiltak knytt til sjukefråvær og nærværsarbeid i tenesta. I tillegg til å følgje opp statistikk er det eit klart mål at arbeidsgruppa skal ha fokus på positive løysingar. Kva er det som fungerer godt hjå oss, og korleis kan vi følgje opp dette og bli enda betre?

### Sjukefråvær i helse og omsorg

| 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|---|
| 6,8 % | 12,5 % | 11,4 % | 10,2 % | 8,2% |

# 8/ Tenesteområde **Miljø- og samfunnsutvikling**




**Økonomi**

I miljø- og samfunnsutvikling som tenesteområde er det totalt 2,01 millionar i overforbruk.

Hovudårsak til overforbruket er innafor teneste 420 teknisk VAR som har eit betydeleg overforbruk på 2,238 mill. i år og bryt med det normalen på området som har vore motsett dei seinare år. Det blei varsla i tertialrapporteringa tidlegare at posten for brøyting og strøing gjekk mot kraftig overforbruk, det ende på 640 000 kroner. Vedlikehald av Brumillomsvegen og Slettomsvegen vinteren 22/23 har vore særs utfordrande., Det har voremykje overvatn og kjøvingar på det kommunale vegnettet der vedlikehald av Slettomsvegen har gjeve eit meirforbruk på 197 000 kroner.

Etter pålegg frå Statsforvaltaren måtte det opprettast reservevasskjelde for Bismo. I samband med dette, vart det nytta konsulentar på hydrologi for å vurdere lokasjon for denne kjelda. Konsulentbruk vart også nytta på m.a. prøvetakingsplan for å behalde Tundramoen som slamdeponi, dette utgjer 144 000 kroner.

Ansvar 400 har meirforbruk på 441 000

kroner der hovudårsaka er lågare gebyrinntekter på bygge-, delings- og seksjonerings-saker (272 000 kroner) enn forventa. Dette har samanheng med at det blei brukt tal frå åra før da aktiviteten var noko heilt anna. Ei anna årsak er pensjonsinnskotet til KLP (124 000 kroner).

Tenesteområda teknisk drift, kultur, samt landbruk og næring har mindreforbruk.

### Sjukefråvær Miljø- og samfunnsutvikling

| 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|---|
| 4,8 % | 7,4 % | 4,2 % | 10,2 % | 7,0 % |

| Økonomi | Rekneskap 2023 | Budsjett 2023 | Budsjett opphaveleg | Avvik | Rekneskap 2022 |
|---|---|---|---|---|---|
| Miljø og samfunnsutvikling | 9 335 911 | 8 894 000 | 8 701 000 | 441 911 | 8 508 959 |
| Kultur | 1 465 955 | 1 612 000 | 1 554 000 | -146 045 | 1 273 405 |
| Teknisk var | 7 692 444 | 5 454 000 | 5 271 000 | 2 238 444 | 4 864 158 |
| Teknisk drift | 26 414 633 | 26 888 000 | 25 984 000 | -473 367 | 25 685 640 |
| Landbruk og næring | 426 521 | 474 000 | 226 000 | -47 479 | 342 833 |
| **TOTALT** | **45 335 463** | **43 322 000** | **41 736 000** | **2 013 463** | **40 674 996** |

## Sjukefråvær

Totalt for miljø- og samfunnsutvikling kom vi ut med eit sjukefråvær på 7 %. Det er 3,2 % ned frå året før. Det er arbeidd godt siste år med tiltak innanfor områda der fråværet historisk har vore høgast, bedriftshelsetenesta har bistått i noko av det arbeidet.

## Næring

Det kom på plass ny næringssjef frå januar 2023. Tiltak for å sikre gjennomføring av næringsstrategien som blei vedteke i 2022 har difor naturlegvis hatt høg prioritet gjennom året. Ei viktig hending for næringslivet i Skjåk i 2023 er at det er gjennomført ei første fase av det ein kan kalle ei revitalisering av næringsnettverket i Skjåk.

Etter initiativ og søknad frå aktørar i næringslivet sjølv, blei det sett i gang tiltak frå kommunen si side, økonomisk og på andre vis, for å støtte opp om denne prosessen. Initiativet sprang ut frå at næringslivet i Skjåk sjølv ser innovasjon og rekruttering som dei største utfordringane nå og framover, og at ein har hatt ynskje om å få vurdert om ein kunne få til «skaparverkstad» og andre tiltak for å møte desse. Det har i løpet av året m.a. vore studietur til Oppdal og Rauma, der ei brei samansett gruppe frå næringsliv og lokalpolitikk var representert. Det har og vore sosiale samlingar som næringspub og møte, der kommunen har vore ein aktiv initiativtakar og pådrivar. Næringsnettverket i Skjåk har nå eit aktivt styre og er i ein god driv, som lovar godt for samarbeid og utvikling framover.

Våren 2023 vart det teke initiativ til å få på plass «kommuneinfluensarar», som skulle vere unge folk frå Skjåk som skulle bruke sommaren til å skape innhald på sosiale media for å vise fram og tydeleggjere kva Skjåk har å by på i smått og stort. Dette var tenkt å vere eit pilotprosjekt og eit tiltak av ungdom og for ungdom, men med rettleiing frå næringskontoret og kommunikasjonsarbeidar i kommunen. Det må seiast at det som pilotprosjekt var utfordrande å finne eigna form og innhald, men totalt sett må prosjektet seiast å vere vellukka. Det førte med seg betydeleg merksemd i sosiale media og utanfor kommunen, også i riks-media. Til dømes hadde Aftenposten og A-magasinet ein artikkel i juli med intervju av kommuneinfluensarane i Skjåk og positiv omtale av bygda vår. Innovasjon og tradisjon er eit omgrep i Skjåk kommune. Kommuneinfluensarar kan trygt seiast å vere innovasjonsarbeid i å tenkje nytt på det å presentere ein kommune.

Fyrste veka i oktober gjekk Skjåk-konferansen av stabelen for fyrste gong. Formålet med konferansen var å samle alle med interesse for næringslivet og næringsarbeid i Skjåk og i nabokommunar i vest. Dette for å lyfte tema som er spesielt aktuelle for å få til auka verdiskaping og samarbeid over kommunegrensene. Det var god deltaking og eit rikhaldig fagleg program, med varierte tema som reiseliv og besøksforvaltning, lokalmat og energi, veg og infrastruktur.

Både næringslivet sjølv og næringskontoret ser at rekruttering og tilflytting er ei viktig utfordring, som må møtast med tiltak. Eit av tiltaka er *Sats på Skjåk*.

## «Kommuneinfluensarar»



Skjermdump: Skjaknaturlegvis

Næringskontoret har vore aktivt involvert i prosessane og arbeidet med større kommunale prosjekt og planar som har kome på plass i 2023. Det gjeld både moglegheitsstudiet for Bismo og klima- og miljøplan, som begge set retning for - og gjev grunnlag for vidare næringsutvikling i Skjåk.

Næringsfagleg nettverksarbeid og konkrete prosjekt med kommunar i regionen Nord-Gudbrandsdal gjennom 6K næring, høyrer og under arbeidet til næringskontoret. Stillings- og næringssleppet i februar kvart år på Otta er det mest omfattande enkeltprosjekt i samarbeidet. Eit anna viktig initiativ er samarbeid om etablerarkurs og rettleiing innafor bedriftsutvikling, som er ei støtte i det daglege arbeidet på næringskontoret.

Reiselivet og opplevingsnæringa i Noreg er i rask endring, og Skjåk er ikkje noko unntak. Med bakgrunn i dette tok næringskontoret på slutten av året initiativ til å sette i gang ein prosess for på nytt å sjå på korleis ein organiserer destinasjonssamarbeid og reiselivet i Skjåk. Frå kommunen si side har ein som initiativtakar og tilretteleggjar ei positiv forventning til dette arbeidet, og vil leggje til rette for at reiselivs- og opplevingsnæringa lokalt sjølv skal finne grunnlag og retning for korleis ein skal samarbeide og møte utfordringane framover.

### Klima og miljø

Klima- og miljøplanen blei vedteke i juni 2023, vedtaket inkluderte ei løyving på 300 000 kroner over eit år. Med desse

midlane jobbar ein med miljøsertifisering og å sette klima- og miljøplanen ut i live. Det fyrste tiltaket i klima- og miljøplanen som blir sett i verk, er miljøsertifisering av Skjåk kommune sine tenester. Med dette arbeidet vektlegg vi ein kultur innan klima og miljø som er i tråd med FN sine berekraftsmål.

Skjåk kommune blei hausten 2023 kåra til Noregs beste småkommune innanfor klimatilpassing. Ekstremvêr-rapporten til Cicero i 2023 avslører store forskjellar i korleis norske kommunar ligg an i det viktige klimatilpassingsarbeidet. Med ein poengscore på 31,5 av totalt 33 poeng er Skjåk heilt i toppen blant samtlege norske kommunar i klimatilpassing.

## Landbruk

Tenesteområdet har ansvar for å forvalte tilskotsordningane i jordbruket. I 2023 vart det betalt ut ca. 148 000 000 kroner i produksjonstilskot i Lom og Skjåk. I tillegg vart det utbetalt ca. 7 500 000 kroner i regionalt miljøtilskot, og ca. 4 000 000 kroner i andre tilskotsordningar som kontoret forvaltar. I 2023 var det 129 føretak som søkte om produksjonstilskot i Skjåk. Det er ein nedgang på 8 føretak frå 2022.

Totalt er det løyvd 16 500 000 kroner i investeringsmidlar frå Innovasjon Norge i 2023 til føretak i Lom og Skjåk. Landbrukskontoret er fyrstelinjeteneste for investeringsmidlar og skal gje uttale til alle søknadane. I Skjåk har det vore bra aktivitet innan renovering av driftsbygningar i 2023, og det er gjennomført nybygging/ombygging innanfor husdyrproduksjonane ammeku, mjølkeku, mjølkegeit og svin.

I juni 2023 vart det gjennomført ein trafikksikkerheitsdag for ungdom der trygg bruk av landbruksmaskinar var hovudtema. Arrangementet var eit samarbeid mellom kommunen, fylkeskommunen, ungdomsrådet, Trygg trafikk, politiet m.fl.

Lom og Skjåk vart i august 2023 hardt råka av ekstremvêret Hans. Mange landbrukseigedomar fekk omfattande skadar som følgje av dei store nedbørsmengdene. Landbruket har eiga erstatningsordning for naturskade som Landbruksdirektoratet forvaltar, og mykje av kommunikasjonen og rettleiinga knytt til denne ordninga har gått via landbrukskontoret. Landbrukskontoret har og hatt ansvar for oppfølging av hastetiltak etter ekstremvêret.

Kommunen har vore med og finansiert eit prosjekt for å kartlegge beiteskadar av vilt på jordbruksareal i Bråtå og Nordberg. Prosjektet er gjennomført av Norsk Landbruksrådgiving, og dei utarbeidde i 2023 ein sluttrapport basert på forsøk, synfaringar og dialog med gardbrukarar. Konklusjonen frå prosjektet er at beiteskadar påfører gardbrukarar økonomiske tap, og skadane er av så stort omfang at det blir tilrådd å innføre snarlege tiltak for å avgrense skadeomfanget.

I samarbeid med Norsk Landbruksrådgiving har landbrukskontoret gjennomført fleire klimatiltak i landbruket. Det vart mellom anna arrangert eit klimaseminar med innspelsrunde til Skjåk kommune sin klima- og miljøplan, demo-dag med



Foto: Kristin Smågård

gjødslingsutstyr, fagmøte om drenering, og fagmøte om bioenergi i landbruket. Tiltaka er finansiert med støtte frå Statsforvaltaren i Innlandet gjennom klima- og miljøprogrammet.

Landbrukskontoret er koordinator for Bondens nettverk i Lom og Skjåk, og i 2023 vart det sendt ut plakat til alle gardbrukarar i Lom og Skjåk med informasjon om nettverket og telefonnummer til kontaktpersonar. Bondens nettverk er eit sikkerheitsnett som skal vere til hjelp dersom situasjonar oppstår som bonden ikkje er i stand til å handtere aleine. Det kan vere utfordringar med psykisk helse, økonomiske problem, akutte krisehendingar, eller andre problem.

Gudbrandsdalen 2030 er eit langsiktig samarbeid der dei 12 kommunane i Gudbrandsdalen skal ta dalen inn i ei berekraftig framtid. Kommunane har gjennom avtala om ein berekraftig dal forplikta seg til grøn omstilling, og eitt av satsingsområda er landbruk. I 2023 vart det sett i gang eit arbeid for å lage ein felles landbruksplan for Gudbrandsdalen, og landbrukskontoret er representert i arbeidsgruppa som har ansvar for å gjennomføre tiltaket. Planen skal ferdigstillast innan utgangen av 2024.

**Beitebruk**

Det vart i 2023 sleppt 4 857 sauar, 615 geit, og 1 643 storfe på utmarksbeite. Det er ein nedgang på talet sleppte sau.

I tap på utmarksbeite vart det 553 sauar, og ein total tapsprosent på 11,4. Tapa er spreidd utover dei fleste beiteområde. Jerv står for storparten av dei dokumenterte tapa. Det var registrert to jervynglingar innanfor Skjåk sine grenser i 2023. Det vart felt to jervar under lisensjakta.

Skjåk kommune betalte i 2023 ut eit ekstraordinært beitetilskot på totalt 593 100 kroner til alle med dyr på utmarksbeite som ei stimulering til bruk av utmarksressursane.

### Skog

I 2023 vart det tilsett ny skogbrukssjef ved landbrukskontoret i Lom og Skjåk. I 2023 er det avverka 16 034 m3 tømmer i Skjåk. Av dette er 8 691 m3 avverka i Skjåk Almenning. Vidare er det sett ut 51 750 planter og utført ungskogpleie på 802 dekar.

I november arrangerte kommunen skogdag i samarbeid med Skjåk Almenning og Glommen Mjøsen Skog. Faglege innlegg, historisk tilbakeblikk og omvising på Skjåk Biovarmeanlegg var stikkord for dagen. Arrangørane har ambisjon om å gjere dette til eit årleg tiltak.

### Kultur

Arbeidet er knytt til sakshandsaming for kultur innanfor det utvida kulturomgrepet. Sentrale arbeidsoppgåver er handsaming av søknadar om kultur- og prosjektmidlar, spelemidlar, kulturminnevern, diverse sekretærfunksjonar, og arbeid med ulike prosjekt og arrangement. Revidering av kulturmiljøplanen er òg eit viktig arbeid å fylje opp. Det er løyvd eksterne midlar frå Riksantikvaren og inngått samarbeid med ekstern aktør på utarbeiding av planen.

Skjåk kommune deltek i 6K kultur, 6K idrett og 6K DKSS som er forum for samarbeid i norddalen, der kultur, den kulturelle spaserstokken, idrett og spelemidlar er viktige tema. Kultur er eit viktig bindeledd mot friviljuge lag og organisasjonar. I 2023 er det bygginga av svømmehallen og turstigen på flaumvollen med dagsturhytte som har vore i særleg viktig i så måte.

17. mai-feiringa vart gjennomført på tradisjonelt vis i 2023, med folketog i Bismo og program i Skjåkhallen.

Hausttakk vart arrangert i Skjåkhallen, sjølv om anlegget ikkje var i normal drift. Det vart laga eit provisorisk inngangsparti og det vart leigd inn doar. Det fungerte greitt og det gjekk også greitt med festen på kvelden.

I 2023 var det 200 år sidan istida vart oppdaga i Skjåk. Det vart laga ulike arrangement rundt dette jubileet, mellom anna på Skjåk-kvelden. Geir Hestmark, forfattar og professor ved UiO, heldt foredrag om hendinga. Endre Skjåk med vener framførte førestillinga «Vindsus frå Fjell», Skjåkprisen vart delt ut til Per Dagsgard. Simen Teigum Slettede fekk kulturprisen.

Det vart gjennomført arrangement i regi av *Den kulturelle spaserstokken* på Skjåkheimen. Nytt av året var at det også vart arrangert liknande konsertar i lokale utanfor Skjåkheimen for dei litt yngre eldre. Dette vart særs positivt motteke og noko som vi gjerne held fram med. Det vart



Plakat: Skjåk kommune

og arrangert ein julekonsert i Skjåk kyrkja med Frode Alnes og Åsmund Nordstoga for heilt fullsett kyrkje. Det vart utdelt kulturmidlar til 27 ulike organisasjonar og prosjekt.

### Tekniske tenester

Tenesta har ansvar for å planlegge og gjennomføre utbygging av kommunale bygg og anlegg, byggeleiing, forvaltning og eigaransvaret for den kommunale bygningsmassen. Drift- og vedlikehaldsansvaret er delt mellom teknisk drift og teknisk VAR.

Skjåk kommune har to driftsopperatørar på vatn og avløp som har ansvar for drift og vedlikehald av kommunale vatn- og avløpsanlegg. Det er totalt fem kommunale reinseanlegg, eitt infiltrasjonsanlegg og seks kommunale vassverk. Kommunen har noko høgare kostnadar til avløpstenestene enn samanliknbare kommunar og KOSTRA-gruppe 5. Vidare har kommunen noko lågare kostnader på vassforsyning enn andre kommunar i KOSTRA-gruppe 5. Skjåk har sjølvkostgrad på 94 % på vassforsyning og 76 % på kommunalt avløp.

Spreidd avløp blir handtert av innleigd entreprenør og avløpsslammet blir behandla på Bismo reinseanlegg. Alt tørr-slam frå kommunale anlegg og spreidd avløp blir rankekompostert på Tundramoen, noko som er med på å bidra gunstig til kommunale avgifter på vatn og



avløp samt septikrenovasjon.

I tenesta inngår også driftspersonell til drift og vedlikehald av kommunale vegar, bruer og gateljosanlegg. I 2022 vedtok kommunestyret hovudplan for kommunale vegar i Skjåk. Denne planen er eit nyttig arbeidsverktøy for administrasjonen.

Skjåk har ca. 20 km veg og 8 bruer. Det høge talet bruer samanlikna med totallengda på det kommunale vegnettet vil gje relativt høge KOSTRA-tal for vedlikehaldskostnadar pr. kilometer veg. Vintervedlikehald av vegar, inkludert snøbrøyting og strøing, er sett bort til lokale entreprenørar.

Dei store oppgåvene i 2023 for tekniske tenester, utanom ordinære driftsoppgåver, har vore arbeid knytt til flaumsikring av Bismo, renovering av Skjåkhallen, rekrutteringsbustader og bygging av ny bru på Dyringen. Vidare har det vore prosessar med å planlegge oppgradering av vatn- og avløpsstukturen i Dønfoss, utbetring av skredsikringa i Skei og nytt offentleg toalett i Bismo.

Skjåk kommune har eit høgt energiforbruk på offentlege bygg samanlikna med andre tilsvarande kommunar. I 2023 vart det sett inn tiltak for å få ned forbruket. Fyrst og fremst vart det sett på bygga med høgast totalforbruk, dvs. kommunehuset, Skjåk Barne- og ungdomsskule og




Foto: Skjåk kommune

### Utvalde KOSTRA-tal frå teknisk drift

*Utvalde nøkkeltal eigedomsforvalting, etter region, år og statistikkvariabel*

| | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|
| Areal på formålsbygg per innbygger (m2) | 9,01 | 9,03 | 9,06 |
| Utgifter til vedlikehold per kvadratmeter (kr) | 87 | 78 | 84 |
| Utgifter til driftsaktivitetar per kvadratmeter (kr) | 679 | 667 | 695 |
| Av dette utgifter til reinhold (kr) | 197 | 203 | 189 |
| Av dette energikostnader per kvadratameter (kr) | 181 | 171 | 143 |

Skjåkhallen. Alle desse har oppvarming frå varmesentralen og energibrønnene. Effektivisering av drifta her gav utslag i redusert energibruk gjennom året. Grunna renoveringa av Skjåkhallen har det vore nødvendig med utkopling av varmekretsen fra varmesentralen til Bismotunet. Dette førte til lokalt høgare forbruk på Bismotunet sidan det da må brukast El-kjel til oppvarming av bygget. Det er framleis stort potensiale for innsparing på alle dei store bygga, men dette krev større tiltak som er under planlegging i 2024.

### Natur og kraftforvaltning

*Flaumsikring*

Skjåk kommune har fått tilskot til flaumsikring av Billingen seterpensjonat. Gjeisar Maskin AS gjennomførte flaumsikringsarbeid hausten 2023. Arbeidet vart stort sett ferdig no i vinter. Det står att noko finpuss som blir gjort når snøen blir borte.

Arbeidet med flaumsikringsanlegget i Bismo starta opp våren 2023. Anlegget består av flaumvoll, røyrnett, pumpestasjonar og inntakskonstruksjon for Fjuken. Ferdigstilling av prosjektet er planlagt til medio 2024. Prosjektet hadde ei god framdrift i 2023.

# 9/

# Kommunedirektør, stab og politikk

**Økonomi**
Samla netto meirforbruk på område kommunedirektør og stab er på om lag 560 000 kroner. Det største meirforbruket er knytt til sosiale kostnader, møter og konferansar, kyrkjeleg fellesråd og val-avvikling.

| | | Rekneskap 2023 | Budsjett 2023 | Avvik | Rekneskap 2022 |
|---|---|---|---|---|---|
| 100 | Kommunedirektør | 9 081 530 | 8 280 000 | 801 530 | 8 163 893 |
| 103 | Personal og organisasjonsutvikling | 2 876 655 | 2 964 000 | -87 345 | 2 775 141 |
| 104 | Økonomi | 4 022 567 | 4 179 000 | -156 433 | 3 289 460 |
| | **Kommunedirektør og stab** | **15 980 753** | **15 423 000** | **557 753** | **14 228 494** |

## Politisk organisering




## Tal på møter og behandla saker i dei politiske utvala i 2023

| Utval | Tal på møter | Behandla saker |
|---|---|---|
| Kommunestyret | 11 | 103 |
| Formannskap | 17 | 119 |
| Hovudutval for miljø- og samfunnsutvikling | 13 | 95 |
| Hovudutval for helse, oppvekst, omsorg og kultur | 11 | 32 |
| Eldreråd | 5 | 0 |
| Brukarråd | 4 | 0 |
| Ungdomsråd | 9 | 41 |
| Administrasjonsutval | 3 | 4 |
| Arbeidsmiljøutval | 3 | 0 |

## Deltaking - politiske seminar og utval

### Januar:

**3.1** LVK - nettmøte
**10.1** Møte om innspel til Stortingsmelding om villrein – styreleiarane i Breheimen og Reinheimen
**12.1** Møte med Justisdepartementet om politi
**17.-18.1** Samling for styreleiarar og nasjonalparkforvaltarar i Innlandet
**19.1** Gudbrandsdalsting - arbeidsmøte
**23.1** Arbeidsgruppe – fusjonsprosess Skjåk Energi
**25.1** Agenda Innlandet – Gjøvik
**26.1** Arbeidsgruppe – fusjonsprosess Skjåk Energi
**27.1** Kulturskulen – veiledning Norsk Kulturskuleråd
**31.1** Høyringsseminar regionale planer

### Februar:

**1.2** Berekraftig sameksistens mellom sau og jerv i utmark – styringsgruppe
**2.2** Dialogmøte – fylkesvegar
**7.2** Justisministeren på besøk i regionen – 6 K
**8.2** Folven gard – næringsbesøk, formannskap og miljø- og samfunnsutvikling – Biogass og algeproduksjon
**9.2** Arbeidsgruppe – fusjonsprosess Skjåk Energi
**13.2** Rv 15 – vegforum
**15.2** Kulturskulen – veiledning Norsk Kulturskuleråd
**16.-17.2** KS strategikonferanse
**22.2** NAV - informasjonsmøte
**23.2** DUR – drifts og utviklingsforum samarbeid region og SI

### Mars:

**2.3** Gudbrandsdalsting
**6.-7.3** LVK -seminar
**21.3** Rv15 – strømforsyning Geiranger
**22.3** Kulturskulen – veiledning Norsk Kulturskuleråd
**23.3** Brannstyre

### April:

**11.4** rep.skap og eigarmøte NGR
**20.4** Gudbrandsdal krisesenter – rep.skap
**25.4** 17.mai komiteen
**27.4** Arbeidsgruppe – fusjonsprosess Skjåk Energi

### Mai:

**3.5** NAV – dialogmøte Lom og Skjåk
**4.5** Innspel til Stortingsmelding om villrein – styreleiar i Breheimen og Reinheimen
**5.5** Regionstyre
**8.5** Kulturskulen – veiledning Norsk Kulturskuleråd - kommunegruppa
**23.5** Kulturskulen – veiledning Norsk Kulturskuleråd

### Juni:

**5.-6.6** Studietur med Næringsnettverket
**9.6** Nasjonalparkstyreleiarar , Breheimen, Reinheimen og Jotunheimen – møte med statssekretær
**10.6** Skjåk ålmenning 225 års jubileum
**14.6** Dialogkonferanse
**15.6** Skjåk energi – generalforsamling
**16.6** IPR , interkommunalt politisk råd Nord Gudbrandsdalen
**23.6** Arbeidsgruppe – fusjonsprosess Skjåk Energi

**Juli:**

100 års markering Strynefjellet

**August:**

**3.8** Arbeidsgruppe
- fusjonsprosess Skjåk Energi

**6.-9.8** «Hans», beredskap Skjåk, regionen og fylke

**14.8** Statusmøte, kriseleiing «Hans»

**14.8** Gudbrandsdalsosten, arbeidsgruppe

**25.8** Regionstyre

**September:**

**5.9** Gudbrandsdalsosten, arbeidsgruppe

**6.9** Gudbrandsdalsosten, arbeidsgruppe

**13.9** RV 15 – møte med Samferdselsdepartementet

**15.9** Regionstyre

**15.9** IPR Interkommunalt politisk råd Nord Gudbrandsdalen

**15.9** Politiråd Nord Gudbrandsdalen

**20.9** Arbeidsgruppe – fusjonsprosess Skjåk Energi

**29.9** Gudbrandsdalsosten, arbeidsgruppe

**Oktober:**

**5.-6.10** Gudbrandsdalsting

**12.10** Rv15 forum

**13.10** Gudbrandsdalsosten, arbeidsgruppe

**18.10** Kulturskulen – veiledning Kulturskuleråd

**19.10** Gudbrandsdalsosten, arbeidsgruppe

**20.10** KS – haustkonferanse

**27.10** St.mld flom og skred – innspelsmøte

**November:**

**6.11** Gudbrandsdalsosten, arbeidsgruppe

**9.-10.11** Folkevalgtprogram med KS

**16.11** Gudbrandsdalsosten, arbeidsgruppe

**17.11** Regionstyre

**23.11** Arbeidsgruppe – fusjonsprosess Skjåk Energi

**29.11** LVK – folkevalgtopplæring - webinar

**Desember:**

**5.12** Rv15 – benkemøte med stortingsgruppa i Innlandet

**6.12** Gudbrandsdalsosten arbeidsgruppe

**7.12** NGR – reprentantskap

**7.12** Gudbrandsdalsosten arbeidsgruppe

**13.12** LVK – folkevalgtopplæring i Skjåk

**15.12** IPR Interkommunalt politisk råd Nord Gudbrandsdalen

**15.12** Gudbrandsdalsosten arbeidsgruppe

# Oversikt over interkommunale samarbeid og andre samarbeidsavtalar

| Interkommunale samarbeid | Organisert | Lokasjon | Merknad |
|---|---|---|---|
| 6 K Helse-6 K Skole-6 K Næring-6 K Personal/Økonomi | Samarbeid | | Kommunedirektørsamarbeid |
| Arbeidsgjevarkontrollen i Nord-Gudbrandsdal | Vertskommuneavtale | Vågå | |
| Barnevern | Vertskommuneavtale | Sel | Skjåk, Lom, Vågå og Sel |
| Felles legevaktvarsling | Vertskommuneavtale | Sel | Lesja, Dovre, Sel, Vågå, Lom og Skjåk |
| Fjellnettverket | Foreining | | Norsk Fjellsenter |
| Geodatasamarbeid - NGGIS | Vertskommuneavtale | Sel | |
| Gudbrandsdal krisesenter IKS | IKS | Lillehammer | |
| Gudbrandsdalsmusea AS | AS | | Inkl. private og midtdalen |
| Helsestasjon inkludert jordmor frå 2023 | Samarbeid | | |
| IKA Opplandene | §27 | | Arkivfagleg samarbeid |
| Innkjøpskontor | Vertskommuneavtale | Vågå | |
| Innlandet revisjon | IKS | Lillehammer | |
| Interkommunalt politisk råd Nord-Gudbrandsdal | | Sel | |
| Intermediær korttidsavdeling (NGLMS) | Vertskommuneavtale | Sel | Lesja, Dovre, Sel, Vågå, Lom og Skjåk |
| IT tenester for Lom og Skjåk | Vertskommuneavtale | Skjåk | |
| Jordmor vaktsamarbeid | Samarbeid | Sel | |
| Karrieresenter | Samarbeid | | Driftstilskot |
| Kart og oppmåling | Kjøp av tenester | Vågå | |
| Kommunedirektørnettverket (KD) | Samarbeid | | Kommunedirektørsamarbeid |
| Kommunal psykolog | Vertskommuneavtale | Lom | Vågå, Lom og Skjåk |




| Interkommunale samarbeid | Organisert | Lokasjon | Merknad |
|---|---|---|---|
| Koordinator i samfunnsmedisin | Vertskommuneavtale | Sel | Ikkje tilsett |
| Kulturskule | Vertskommuneavtale | Skjåk | |
| Landbruk | Vertskommuneavtale | Skjåk | |
| Lokalmedisinsk senter NGLMS | Vertskommuneavtale | Sel | |
| Lom og Skjåk Brannvesen | Vertskommuneavtale | Skjåk | |
| Nasjonalparkriket Reiseliv AS | Samarbeidsavtaler | | |
| NAV - Gjeldsrådgivning | Vertskommuneavtale | Sel | |
| NGR - Interkommunalt renovasjonsselskap | IKS | | |
| NG-Regionråd / Regionkontoret | § 27 | Sel | Eige rettssubjekt |
| Pedagogisk psykologisk teneste (PPT) | Vertskommuneavtale | Sel | |
| Personvernombod | Vertskommuneavtale | Lesja | Lesja, Dovre, Vågå, Lom og Skjåk |
| Plan, byggesak, naturforvaltning | Vertskommuneavtale | Lom | |
| Psykisk helsevern | Vertskommuneavtale | Lom | Lom og Skjåk |
| Regional legevakt | Vertskommuneavtale | Sel | |
| Regiondata | § 27 | Sel | Eige styre, ikkje rettssubjekt |
| Sekretariat for kontrollutvala i Nord-Gudbrandsdalen | § 27 | Lom | Eige styre, ikkje rettssubjekt |
| Skåppå AS | A/S | Vågå | |
| Sysselsettingsgruppe | Vertskommuneavtale | Skjåk | Lom og Skjåk |
| Tildelingskontor | Vertskommuneavtale | Skjåk | Lom og Skjåk |
| Tilsyn i byggesaker | Vertskommuneavtale | Vågå | |
| Vaksenopplæring grunnskuleopplæring | Samarbeid | Lom | |

Skjåk kommune